

---

# Vestnes kommune



Konsert med Ytstetind messingkvintett med venner på toppen av Ytstetind, eitt av Stikk UT!-turmåla i Vestnes kommune

Foto: Jørn Lund Salthammer

---

# Årsrapport 2019



midt i blinken



---

## Innhald

---

Side	4		Innleiing ved administrasjonssjefen
Side	5		Organisasjonskart
Side	6	Kap 1	Vestnes kommune som arbeidsgjevar
Side	12	Kap 2	Digitalisering av verksemda
Side	15	Kap 3	Sentraladministrasjonen
Side	19	Kap 4	Barnehagane
Side	29	Kap 5	Grunnskulen
Side	36	Kap 6	Barn, ungdom og familie (BUF)
Side	47	Kap 7	Eining for kvalifisering og integrering (EKI)
Side	53	Kap 8	Kultur og fritid
Side	65	Kap 9	Helse, omsorg og velferd
Side	76	Kap 10	Bu- og habiliteringstenestene
Side	88	Kap 11	Tekniske tenester
Side	92	Kap 12	Eigedomsdrift
Side	99	Kap 13	Politisk verksemd
Side	107	Kap 14	Økonomi med rekneskapskommentarar
Side	121		Årsrekneskap 2019



---

## Innleiing ved administrasjonssjefen

---

Det er fint å kunne sjå tilbake på eit år og vite at ingen dramatiske utfordringar eller hendingar har prega året.

### **Kommunevalet:**

For sentraladministrasjon og politikarar vart mykje av året brukt til førebuing av kommune- og fylkestingsvalet i september 2019. Gjennomføringa av valet gjekk fint, men vi opplever at krava til teknisk og elektronisk utstyr blir stadig meir krevjande. Risikoen for avvik aukar med aukande tal på stemmelokale. Det kan nok difor tenkast at kommunestyret bør vurdere på ny om Vestnes framleis skal ha 9 stemmelokale. Til samanlikning har nye Molde 11 stemmelokale medan Rauma har 4.

### **Stort press på økonomien:**

Som dei fleste andre kommunar har også Vestnes opplevd sterkt press på økonomien. Trass auka skatteinntekter har vi ikkje greidd å skape overskot. Dette er sterkt beklageleg og ein trussel for åra framover. Årsakene er fleire, mellom anna auka kapitalutgifter grunna investeringar, press på helse- og omsorgstenestene og gradvis lågare barnetal i kommunen.

### **Stort press på tenestene for barn og unge:**

Vi opplever at fleire barn og unge slit med vanskar knytt til si psykiske helse. Dette gjorde at vi i 2019 oppretta Psykisk helseteam for barn og unge. Vi håper at dette arbeidet skal fungere permanent og at kommunen greier å sikre god nok kompetanse i dette arbeidet. Skulane opplever også denne utfordringa på ulike måtar.

### **Digitalisering:**

Vestnes kommune er også prega av at digitaliseringa går raskt. Digitalisering av offentlege tenester har eit tosidig fokus:

- Innbyggjarfokus: Tilby nye og betre tenester som er effektive og enkle å bruke.
- Effektiv forvaltning: Legge til rette for auka verdiskaping og auka produktivitet.

Dette forutset i stor grad omstilling i kommunen og auka kompetanse hos tilsette. Dette vil nok også prege dei neste åra i Vestnes kommune.

### **Tilrettelegging for god helse hos innbyggjarane i Vestnes:**

Det er stor aktivitet kring nyetablerte turstiar i kommunen. Det er også god aktivitet kring StikkUT som Frivilligsentralen koordinerer. Det er 394 aktive brukarar i kommunen, og 15.866 turar registrert på dei 15 turmåla i kommunen. Framsidebildet viser frivillig kulturliv som arrangerer konsert på Yttstetind; eitt av mange StikkUT-turmål i kommunen.

Til siste vil eg takke alle for godt samarbeid i mine 15 år som administrasjonssjef i Vestnes kommune. Lukke til vidare!

Vestnes, 20. mars 2020




Tone Roaldsnes

administrasjonssjef til 1. mars 2020

---

# Vestnes kommune - organisering

---



---

# Kap 1 Vestnes kommune som arbeidsgjevar

---

## Visjon:

- Vestnes kommune er ein arbeidsgjevar som er «midt i blinken» for tilsette som vil arbeide i ein framtidretta og utviklingsorientert organisasjon.
- I Vestnes kommune tek medarbeidarar og leiarar eit felles ansvar for å skape gode og effektive arbeidsplassar.

## 1.1 IA avtalen

---

Vestnes kommune har signert ny samarbeidsavtale på bakgrunn av ny nasjonal IA-avtale for perioden 2019-2022 mellom partane i arbeidslivet. Vestnes kommune ønsker å halde fram samarbeidet med NAV Arbeidslivssenter i Møre og Romsdal med utgangspunkt i delmål 1 og 2 a i mål og handlingsplan for 2019 – 2022.

Dette inneber at kommunen har plikter og rettar etter IA-avtalen og har tilgang på ordningar og tiltak som t.d. eigen IA-kontakt og økonomisk støtte frå NAV. Den nye IA-avtalen byggjer på tidlegare avtale når det gjeld å samarbeide om reduksjon i sjukefråværet og hindre fråfall frå arbeidslivet. Målet for IA-avtalen er å skape eit arbeidsliv med plass til alle gjennom førebyggjande sjukefråværsarbeid og samtidig oppnå auka trivsel og nærvær og hindre fråfall frå arbeidslivet.

Sjølv om Vestnes kommune dei seinare åra har arbeidd jamt og systematisk med å redusere sjukefråværet, var det totale sjukefråværet for heile kommunen på 9,9 % i 2019. Sjukefråværet i 2018 var på 8,9 %. Sjukefråværet i 2017 var også på 8,9 %. I 2019 har Vestnes kommune saman med dei tillitsvalde arrangert ein felles fagdag «Å leve med arr i sjelen» for alle tilsette. Andre tiltak som kommunen har hatt fokus på i 2019 er auka bruk «Møteplassen», kommunen sin offisielle arena for sjukefråværsoppfølging. Det er også utarbeidd ein ny brosjyre for tilsette og leiarar med informasjon om kven som gjer kva i sjukefråværsarbeidet. Brosjyren er tilgjengeleg på kommunen sitt intranett.

Det er høgt fokus både på det administrative og politiske nivået på tiltak som kan redusere fråværet.

## 1.2 Sjukefråvær, -oppfølging av sjukmeldte

---

Dei to delmåla i IA-avtalen for perioden 2019 - 2022 er:

1. Reduksjon av sjukefråvær
2. Personar med redusert funksjonsevne

I mål- og handlingsplan for 2019 - 2022 har Vestnes kommune fokusert på delmål nr. 1, reduksjon av sjukefråvær. Delmål 2 er integrert i tilrettelegging for tilsette med nedsett funksjonsevne.

Det totale sjukefråværet for 2019 på 9,9 %, viser at sjukefråværet har gått litt opp frå 8,9 % i 2018 og 8,9 % i 2017. Det er likevel framleis ein reduksjon samanlikna med 2016 då sjukefråværet var 10,3 %. Det er store variasjonar mellom kommunen sine einingar, men fleire av einingane hadde ein nedgang i sjukefråværet i 2017 som vart stabilisert i 2018. Det er hovudsakeleg helse og omsorg og barnehagane som trekker opp fråværsprosenten. Dette er ein nasjonal gjennomgåande trend i kommunal sektor. Det har blitt arbeidd spesielt med desse einingane over fleire år.

## Sjukefråvær 2019

Einingar med mindre enn 10 tilsette er samla (små einingar kan få høg fråværsprosent dersom t.d. èin tilsett har langtidsfråvær).

Fråværs- prosent 2014	Fråværs- prosent 2015	Fråværs- prosent 2016	Fråværs- prosent 2017	Fråværs- prosent 2018	Fråværs- prosent 2019
9,9	9,7	10,3	8,9	8,9	9,9

Totalt for kommunen	Eigenmeldt sjukefråvær	Legemeldt sjukefråvær	Sjukefråvær Heile 2019: 9,9 %	Sjukefråvær Heile 2018: 8,9 %
Eining for eigedomsdrift	1,1	2,9	4,0	3,1
Tekniske tenester	0,9	4,6	5,2	5,4
Barn, Ungdom og familie	0,5	6,4	6,9	10,9
Kvalifisering & integrering	0,8	12,2	13,0	9,5
Heimetenestene	1,2	9,0	10,2	6,9
Sjukeh/Trygdeh/sent.kj	1,4	15,0	16,4	9,6
Hellandtunet	1,0	5,2	6,2	6,7
Bu- og habilitering	1,2	10,2	11,4	10,9
Kulturskule/bibl/frivillig	1,3	6,4	7,7	6,7
Helland skule/SFO	1,0	6,6	7,6	7,6
Tresfjord skule SFO/ Tresfjord barnehage	0,4	14,6	15,0	10,3
Tomrefjord skule/SFO	1,4	4,9	6,3	7,9
Fiksdal Oppvekstsenter	0,7	7,8	8,5	5,2
Helland barnehage	1,8	7,9	9,7	13,9
Tomrefjord barnehage & Gardstunet barnehage	0,7	9,7	10,4	14,3
Legesenter, PPT NAV kommune	0,8	11,3	12,1	6
Sentraladm. inkl. servicek.	0,9	6,7	7,6	3,4

## Tiltak i 2019 for å redusere sjukefråværet

Vestnes kommune har gjennom fleire år hatt systematisk fokus på reduksjon av sjukefråværet. Tidlegare har Vestnes kommune gjennomført to arbeidsmiljøprosjekt med varigheit over eit heilt år (frå våren 2016 til våren 2017) i utvalde einingar i kommunen.

I 2018 deltok Vestnes kommune i prosjektet «NED med sjukefråværet»; IA-leiing 2.0, eit prosjektet i regi av KS og NAV Arbeidslivssenter. Prosjektet har hatt fokus på meistringsorientert leiing og medarbeidarmedverknad. Målgruppa for prosjektet har vore einingar som tradisjonelt har hatt høgt sjukefråvær. Dette gjeld både på landsbasis og i Vestnes kommune lokalt. Deltakande einingar har vore einingar innan helse/omsorg og barnehagar. Prosjektet starta opp våren 2018 og var i gang heile 2018. Prosjektet vart ikkje vidareført på nasjonalt eller lokalt plan i 2019, men sjukefråværsstatistikken spesielt innan barnehagesektoren syner noko nedgang i 2019.

### 1.3 Uttak av pensjon

---

Pensjonstype	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Alderspensjon	8	10	16	18	11	14	10	19
AFP	11	10	13	10	9	9	16	9
Uføre- /attføringspensjon KLP	21	19	36	32	27	11	11	18

Talet på tilsette som har tatt ut alderspensjon i 2019 har gått noko opp samanlikna med 2018 medan talet på AFP-pensjonistar har gått ned. Av dei som tok ut AFP, var det berre to som tok ut delvis AFP.

Talet på dei som etter eitt år med sjukefråvær søkte uførepensjon frå KLP eller SPK er på har auka frå 2018 til 2019. Av dei 18 som søkte uførepensjon var det 7 som søkte delvis uførepensjon.

### 1.4 Verneteneste

---

Vestnes kommune er delt inn i 32 verneområde med eitt verneombod for kvart verneområde. Hovudverneombodet (HVO) har vore Kirsti Skjeggstad inntil ho gjekk av med pensjon i juni 2019. Det har vore arbeid saman med tillitsvalde og verneombod om å rekruttere ny HVO.

HVO er representant for arbeidstakarar og verneombod i sentrale saker som vedkjem arbeidsmiljøet i tillegg til å samordne, støtte og rettleie verneomboda i deira arbeid. HVO skal sjå til at arbeidsgjevar følgjer arbeidsmiljølova sine forskrifter slik at omsynet til helse, miljø og tryggleik for den einsskildede arbeidstakar blir ivaretatt.

HVO er fast representant i AMU og deltek i dei månadlege møta mellom administrasjonen og hovudtillitsvalde, er med i prosjektstyret for Helsehuset Stella Maris, deltek i nettverk for hovudverneombod i Møre og Romsdal og er kommunen sin AKAN-kontakt. Har årleg fagdag i kommunen saman med leiarar, tillitsvalde og verneombod.

## 1.5 Tillitsvalde

---

Vestnes kommune har 12 ulike tillitsvald-organisasjonar og 4 organisasjonar har tilsette med frikjøp av tid.

Tillitsvalde har delteke i tillitsvaldoppøring, AMU, månedlege møte med administrasjonssjefen, utarbeiding av turnusplanar, arbeidsplassbesøk, einingsvise møte, byggeprosjekt, lønsforhandlingar, ROR IKT prosjekt, IA-arbeid og administrasjonsutval.

## 1.6 BHT (bedriftshelseteneste)

---

Vestnes kommune sin leverandør av bedriftshelseteneste er Medi3.

Medi3 har i 2019 delteke i AMU og IA -møte, utarbeidd overordna samarbeidsplan for 2019, gjennomført risikobasert helsekontroll, arrangert førstehjelpskurs, delteke i trepartsmøte, bistått ved tilsyn frå Arbeidstilsynet, gjennomført bedriftsinternt HMS kurs for leiarar, delteke ved arbeidsmiljøprosess, har hatt oppfølging av tilsette, bistått med kartlegging av inneklima, risikovurdering, røykdykkarattestar og vaksinerings.

Bedriftshelsetenesta sine tilrådingar til kommunen for 2020:

Utarbeide ny samarbeidsplan for alle einingar. Risikokartlegging i skular, barnehagar og institusjonar.

## 1.7 Avvik

---

Avvik blir registrert i internkontrollsystemet Risk Manager. Nedgang i registrerte avvik i Risk Manager skuldast eit systematisk arbeid for å skilje ut avvik som skal inn i fagsystem.

År	Registrerte avvik RiskManager
2019	470
2018	460
2017	706
2016	196
2015	21
2014	11

### Personskademeldingar

Alle personskadar som skjer i arbeid blir registrert.

År	Tal meldte skadar	Tal til legebehandling	Fråværsdagar grunna skade
2019	3	2	1
2018	5	2	17
2017	7	2	0
2016	24	5	24
2015	41	9	14
2014	11	Manglar data	42

## 1.8 Likestilling – tiltak for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling

Etter ny kommunelov § 14-7 skal kommunen i årsrapporten gjere greie for

- e) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling
- f) hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.

### Tal på tilsette i Vestnes kommune

Tal på kvinnelege er uendra frå 2018, medan mannlege tilsette har auka noko.

Stigninga i tal på tilsette skuldast auke i ressurskrevjande brukarar.

Kjønn	Årsverk 2015	Årsverk 2016	Årsverk 2017	Årsverk 2018	Årsverk 2019
Kvinner	486	482	483	489	<b>490</b>
Menn	106	105	105	108	<b>112</b>
Sum	592	587	588	597	<b>602</b>

### Deltid

Totalt er det tilsett 434 personar i deltidstilling. Dei fleste av desse er kvinner og arbeider i pleie og omsorg. Frå 2018 til 2019 har fleire kvinner gått frå deltid til fulltid.

### Stillingsprosent

	Menn					Kvinner				
	2015	2016	2017	2018	2019	2015	2016	2017	2018	2019
Fulltid	75	70	66	71	<b>73</b>	237	218	239	248	<b>253</b>
Deltid	50	56	60	56	<b>65</b>	410	419	392	374	<b>112</b>
Totalt	125	126	126	127	<b>138</b>	647	637	632	622	<b>602</b>

### Likestilling

Kvinner utgjer 81,8 % av dei tilsette. Vel 2,7 % av dei har leiande stilling. Menn utgjer 18 % av dei tilsette. Her har 2,9 % leiande stilling.

	Kjønnsbalanse		Sum kvinner og menn
	Menn	Kvinner	
Totalt	138	622	760
Leiarnivå	4	17	21

## 1.9 Betyrggande kontroll og høg etisk standard

---

Etter kommunelova §14-7 skal årsrapporten omtale følgjande forhold:

*d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høg etisk standard*

Vestnes kommune sine “**Etiske retningslinjer**” vart gjennomgått og revidert av kommunestyret i 2012. Det er truleg at desse bør reviderast i inneverande kommunestyreperiode. Særleg bør auka bruk av sosiale media synleggjerast i større grad i reglementet.

Kommunen har eigne interne retningslinjer for “**Handtering av inhabilitet i administrasjonen**”. Desse retningslinjene vert gjennomgått med ujamne mellomrom for einingsleiarar og tilsette, spesielt når habilitetsutfordringar blir synlege.

I 2019 vart innkjøpsreglementet vårt vedteke av kommunestyret. Dette vil bidra til auka kontroll. Det må arbeidast vidare med god implementering av reglementet på alle nivå i organisasjonen. Vi får gode og konkrete råd frå revisjonen vår på systemnivå.

Vi har også i 2019 hatt fokus på system for betryggande attestasjon- og tilvisingsrutinar i økonomiprogrammet og i vår programvare for e-handel. Gjennom oppgradering av løns- og personalsystemet vårt er det teke i bruk personalmeldingar (elektronisk) som også sikrar rett registrering av endringar i lønssystemet.

Administrasjonssjefen har også i 2019 arbeidd med å fornye leiaravtaler med delegert mynde. Dette vart ekstra vektlagt sidan vi i kommunen har starta arbeidet med formalisering av avdelingsleiar nivået.

## 1.10 Rekruttering og kompetanse

---

Kommunen har i 2019 i regi av Nordmøre og Kristiansund Næringsforum og Molde Næringsforum deltatt på jobbmessa «*Bli med hjem*». Messa vart arrangert i Oslo i april 2019. Vestnes kommune ønsker å ha ei meir aktiv rolle inn mot rekruttering, der kommunen deltek sjølv for dei einingane der det er størst behov for rekruttering. Kvar sektor har gjort greie for korleis det blir arbeidd med rekruttering og auka kompetanse.

## 1.11 Medarbeidarundersøking (10-faktor)

---

Medarbeidarundersøking blir gjennomført i partalsår. Det vart ikkje gjennomført medarbeidarundersøking for 2019.

---

## Kap 2 Digitalisering av verksemda

---

Vestnes kommune deltek i interkommunalt IKT-samarbeid, ROR IKT, med følgjande Romsdalskommunar: Aukra, Midsund, Molde, Rauma og Nesset. Frå 2020: Molde, Aukra, Rauma og Vestnes.

Det vil bli lagt fram eigen årsrapport frå ROR IKT. Dette kapittelet i kommunen sin eigen årsrapport er eit supplement for å synleggjere status på dette strategisk viktige feltet.

### Visjon:

Romsdalskommunane skal bli e-kommunar der gode og digitale tenester styrkar dialogen med innbyggjarar og næringsliv og gir gode lokalsamfunn.

### Overordna målsettingar:

1. God digital kompetanse hos tilsette og innbyggjarar
2. Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette
3. Betre tenester og meir effektiv ressursbruk
4. Informasjonssikkerheit og personvern skal ivaretakast på alle område

Det er utarbeidd eigen strategi med handlingsplan (2018- 2021) for ROR IKT-kommunane. Denne er å finne på Vestnes kommune sine nettsider.

Administrasjonssjefen har oppretta ei eiga intern digitaliseringsgruppe samansett av deltakarar frå alle sektorar. Gruppen skal fungere som eit koordinerande og rådgjevande administrativt organ.

## 2.1 Utviklingstrekk og utfordringar

---

Digitalisering av offentlege tenester har eit tosidig fokus:

- Innbyggjarfokus:  
Tilby nye og betre tenester som er enkle å bruke, effektive, og pålitelege.
- Effektiv forvaltning:  
Digitalisering legg til rette for auka verdiskaping og innovasjon, og kan bidra til å auka produktiviteten. Dette forutset i stor grad omstilling i ein organisasjon. På sitt beste kan digitalisering forenkle kompliserte regelverk og fornye gamal og tungvint forvaltningspraksis.

Utviklinga går svært fort, og det blir kravd endringar på alle nivå i organisasjonen og i alle sektorar. I kjølvatnet av auka digitalisering ser vi også ei ny form for sårbarheit. Det har i løpet av 2019 vorte arbeidd mykje og strukturert med auka informasjonssikkerheit. I tillegg er også offentlege styresmakter utsette for ulike former for «hacking». Dette har det i 2019 blitt sett stort fokus på. ROR IKT har investert i ny brannmurstruktur.

## 2.2 Kva har vi oppnådd i 2019?

---

### **Portal – MinSide**

Ny portal for Vestnes kommune vart lansert 1. januar 2020. Arbeidet med å bygge opp portalen var omfattande i 2019. Portalen er bygd opp basert på tenester.

Vi har lansert tenester under MinSide som Mine fakturaer og Min eigedom. Her kan du logge deg inn via Idporten og få opplysningar om dine eigedommar, dine eigedomsgebyr, ubetalte og betalte fakturaer og dine tilknytingar.

### **SvarUT**

Sosio (Nav) tok i bruk SvarUT i 2019. PPT har sett i gang med SvarInn.

### **GDPR – personverndirektivet**

Faggruppene i ROR-ikt samarbeidet har arbeidd med få på plass protokollar (registreringar over datasystem). Vi har arbeidd med å implementere personvernet i heile organisasjonen.

### **Trådlause nett**

Det er blitt bygd ut trådlause dekning i alle formålsbygg (areal for administrativ drift) i; rådhuset, sjukeheimen, aktivitetssenteret, kyrkjekontoret, kulturskulen. Påbegynt arbeidet med fiber til fleire eksterne lokasjonar samt trådlause nett til barnehagane.

### **Telefoni**

Kommunen sitt sentralbordsystem er utdatert, og kommunen skal gå over til mobiltelefonar og mobilt bedriftsnett. Det har vore arbeidd med felles reglement for alle ROR-ikt kommunane og tilrettelegging for dette.

### **Nytt sak- og arkivsystem**

Det har vore arbeidd mykje med innføring av nytt sak- arkivsystem i 2019. Systemet kom i drift frå 1. januar 2020. Det var vore etablert eit mottaksprosjekt i som har jobba med løysinga for korleis systemet skal settast opp og fungere: integrasjonar, tilrettelegging og opplæring.

### **eByggesak**

Samtidig med innføring av nytt sak- arkivsystem har vi og arbeidd med innføring av eByggesak. Dette er eit nytt fagsystem for behandling av bygge-, plan- og oppmålingssaker.

## **Fleksibel fakturering**

Vestnes kommune har lagt til rette for månedleg fakturering. Som standard for kommunal fakturering har vi 4 terminar, for dei som har kommunale eigeomsavgifter under 1000 kroner pr eigedom er det innført 1 termin og etter ønskje kan ein få 12 terminar per år.

## **Digital fakturadistribusjon**

Som ein del av arbeidet med digitalisering gjekk Vestnes kommune over til digital fakturadistribusjon. Dette førte til ny rutine for utsending av faktura frå november 2019.

Den nye løysinga inneber at alle fakturaer blir forsøkt sendt digitalt, som eFaktura, AvtaleGiro, Vipps rekning, digital postkasse (Digipost eller eBoks) eller som vedlegg i ein e-post. Dersom dette ikkje er mogleg, vil fakturaen bli levert som papirfaktura i postkassa.

## **Ny læringsplattform i grunnskulen**

Alle elevane i Vestnes disponerer anten ein iPad eller PC. Skuleåret 2019/2020 innførte vi læringsplattformene Showbie for iPad og Skooler for PC. Læringsplattformene gjer at lærarane på ein god måte kan leggje til rette for opplæringa. Dei nye læringsplattformene gjer at dialogen skule-heim blir enklare. Vi håpar på sikt at dette kan auke kvaliteten i skule-heim samarbeidet.

## **Nytt barnehagesystem**

Det har vore arbeidd med innføring av nytt barnehagesystem for oppstart tidleg 2020.

## **Kommuneval 2019**

Ved valgjennomføringa nytta kommunen elektronisk manntal på valdagen. Vi har 9 valkretsar der vi måtte kartlegge behovet for nettverk i vallokala. Kravet frå Valgdirektoratet var at alle vallokala skulle ha tilgang på eit nettverk, med ei backupløysing (eit nettverk nr. 2). Valsetlane vart og talde elektronisk med skanner. Kravet var då at det skulle gjennomførast ei manuell teljing først.

## **MinTid**

Elektronisk timeregistrering er sett i gang for alle administrativt tilsette.

Barnehagane tok i bruk MinVakt.

---

## Kap 3 Sentraladministrasjonen

---

### 3.1 Oversikt over sektoren

---

Løns- og personalkontor, administrasjonssjefen si leiargruppe, beredskapskoordinator, allment kulturarbeid, tenestekontor (helse-omsorg), postmottak, arkiv, politisk sekretariat, sentralbord, kundemottak, eignedomsskattekontor, bustøttekontor.

Rekneskap, skatt og IKT blir kjøpt av Molde kommune, vertskommunesamarbeid.

Tal på tilsette	Tal	Tal	Ev. merknader
	Årsverk 2018	Årsverk 2019	
Sentraladministrasjonen	21,1	22,4	Inkl. auke i bemanning ved tenestekontor

### 3.2 Resultatmål

---

#### Sentraladministrasjonen

Målområde	Styringsindikatorar	Status 2019	Mål 2020
<b>Teneste</b> “objektiv kvalitet”	Andel saker behandla innan fastsett tidsfrist: <ul style="list-style-type: none"><li>Bostøtte</li><li>Startlån</li><li>Tilskott til etablering/tilpassing</li><li>Drosjelappar</li><li>Infolandsaker</li><li>Skjenkesaker</li></ul> <ul style="list-style-type: none"><li>Avlevering IKA – personalsensitive saker</li><li>Avlevering Riksarkivet</li><li>Avlevering gammalt saksarkiv</li><li>Avlevere Digitalt byggesaksarkiv</li><li>Nytt sak/arkivsystem</li></ul>	100 % 100 % 100 % 100 % 100 % 100 % 100%  Ikkje avlevert Ikkje fullført Avlevert Avlevert 27 hyllemeter Start 01.01.20	100 % 100 % 100 % 100 % 100 % 100 % 100%     
<b>Organisasjon</b>	Andel dagsverk med sjukefråvær sentraladm:  Antal brannøvingar rådhuset	7,6  1	5,0  1

### 3.3 Sentraladministrasjonen sine utviklingstrekk og utfordringar

---

- Hovudansvar for innføring av digitale løysingar, m.a. sjølvbeteningsløysingar, ny portal, nytt sak- og arkivsystem, endringar i økonomi- og fakturasystem mm.
- Ansvar for gjennomføring av kommune- og fylkesvalet 2019.
- Gjennomføring av kommune- og fylkestingsval 2019 har hatt stort fokus gjennom det meste av året.

#### Tenestekontoret/koordinerande eining ligg i sentraladministrasjonen:

- Rett til ulike helse- og omsorgstenester er styrka gjennom lov og forskrift. Vi ser ei utfordring ved fordeling av ressursar, og tilpassing av tenester. Det er difor auka saksmengd på saker innan helse- og omsorgstenester. Auka etterspørsel etter tenester ser vi spesielt innafor institusjon, demensomsorg og psykisk helseteneste for barn og unge.
- Det er krevjande å overhalde behandlingsfrist for generell saksbehandling.
- Behandling av elektroniske meldingar (spesialisthelseteneste og fastlegar) må prioriterast.
- Velferdsteknologi er på veg inn i tenesteytinga, og lovverket er krevjande. Utfordringa er å få utarbeidd gode rutinar og vedtaksmalar for bruk av velferdsteknologi
- Samla koordinerande eining krev auka struktur for samarbeid og oppgåvefordeling mot andre einingar i kommunen. Bruk av Risk Manager som verktøy for deling av rutine må utviklast vidare
- Auka ansvar og arbeid knytt til system og opplæring i bruk av Cosdoc. Arkiv for helse- og omsorg er utfordrande. Dette er ikkje fullelektronisk
- Auka etterspørsel om informasjon knytt til fakturerte tenester. Kommunen manglar generell skriftleg orientering spesielt rundt opphald i institusjon
- Behov for vidareutvikling og tilpassing av dagsenter og aktivitetstilbod, og gjennomgang av skyss- og eigenbetalingsordning. Krevjande for kommunen når brukarar seier nei til dagtilbod pga store reisekostnader.
- Tilsette ved Tenestekontoret er involvert i ulike nettverk, grupper, og prosjekt, og har høg deltaking i ulike møte. Dette er del av jobben, gir kvardagen variasjon men krev også ressursar

### 3.4 Kva har vi oppnådd i 2019?

---

- **Personalavdelinga** har totalt gjennomført 109 tilsetjings saker i 2019.
- Personalavdelinga har fokus på systematisk sjukefråværsarbeid. Gjennomført oppfølgingsarbeid via «Møteplassen» og arrangert felles IA-fagdag for leiarar, tilsette, tillitsvalde og verneombod.
- **Bustønad/startlån/tilskot til etablering:**  
Bustønad: 51,4 mottakarar pr mnd. Nedgang på 15,7% frå 2018.  
10 startlån på til saman 3,32 mill er innvilga og utbetalt i 2019. 2 saker som aktive førehandsgodkjenningar (1,54 mill). Sju saker har fått avslag. I seks saker er det av ulike årsaker ikkje gjort vedtak. Manglande vedtak kan t.d. skuldast at søker ikkje har levert den dokumentasjonen som trengst for å behandle søknaden. Tildelingsutvalet har hatt 10 møte i 2019.

- Tilskott til etablering: I 2019 ligg det ei aktiv førehandsgodkjenning som ikkje er nytta og 9 har fått avslag. Når ein søker startlån elektronisk søker ein automatisk om tilskott til etablering samtidig, derfor er sakene behandla saman med søknad om startlån. Tilskott til tilpassing: Det har ikkje vore søkarar i 2019.
- **Eigedomsskattekontoret:** 1 klage på eigedomsskatten i 2019
- **Arkiv/postmottak:**  
**Nytt sak-/arkivsystem.** Klargjering til oppstart 01.01.2020. Arkivleiar er gjennom store delar av året frikjøpt i 60 % stilling av ROR IKT for å delta frå fagområde arkiv i hovudprosjektgruppa. Det har vore lagt ned mykje arbeid i mottaksgruppa med innføringa, kursing, integrasjonar og klargjering.  
 Vi har gått over til anna skjemaløysing og laga mange elektroniske skjema tilpassa sak-arkivsystemet.
- I 2019 har vi journalført og kvalitetssikra ca 21 000 dokument/filer.
- Arkivet svarte ut om lag 1600 førespurnader om innsyn.
- **Meklaropplysningar:** Behandla 132 førespurnader, alle levert innafor tidsfristane. Auke på 59 % samanlikna med 2018. Frå sommaren 2019 vart det i tillegg til å levere meklaropplysningar til Ambita Infoland også teikna avtale om å levere meklaropplysningar til Proconet på Eplassen.no. På grunn av stor pågang vart leveringstida utvida frå maks 5 verkedagar til maks 10 verkedagar. Dette vart gjeldande frå sommaren 2019.
- **Sals- og skjenkeløyve for alkohol:**  
 Behandling 31 søknader. Gjennomført 10 kunnskapsprøver sal, og 3 kunnskapsprøver skjenking.
- 39 personar får **TT-kort/transportteneste for funksjonshemma i 2019.**  
 29 er innvilga ledsagerbevis, og det er fatta 31 vedtak om parkeringsløyve for forflyttingshemma.
- **Beredskapskoordinering og kriseleiing**  
 Øving gjennomført etter fastsett plan.  
 Planverk oppdatert i tråd med evaluering etter øvingar.  
 Planverk systematisk oppdatert ved endringar i organisasjonen.
- **Tenestekontor/koordinerande eining:**  
 Koordinerande eining er samla ved Tenestekontoret, og stillingsressurs er auka frå 2,5 til 3,5 årsverk.
- Det er oppretta ei 1-årig prosjektstilling 0,5 årsverk, for å auke innsatsen på områda habilitering og rehabilitering, gjennom styrking av koordinerande eining og koordinatorrolla.
- Deltaking i ulike prosjekt og nettverk: Stella Maris, Helseplattforma, Gode pasientforløp, og Velferdsteknologi
- Delteke på kurs i kommunal regi om temaet pårørandestøtte, og andre kompetanseheevande kurs.
- Utarbeidd ulike rutinar som er delt via Risk Manager.
- Det er protokollert 719 vedtak i 2019.
- Rutinar og kontroll for bruk av e-meldingar er oppdatert og fungerer bra.

### 3.5 Rekneskap 2019

---

Eining	Rekneskap	Rekneskap 2019			Budsjett	Avvik 2019	
	2018	Utgifter	Inntekter	Netto	2019	i kroner	og i %
Politisk styring, næringsutv.	6 565	7 197	132	7 065	7 058	7	0,1
Sentraladministrasjonen	12 966	14 818	925	13 893	13 803	90	0,7
Servicekontor	2 581	3 859	1 209	2 650	2 430	220	9,1
Fellesutgifter	9 771	18 263	4 705	13 558	13 822	-264	-1,9
	<b>31 883</b>	<b>44 137</b>	<b>6 971</b>	<b>37 166</b>	<b>37 113</b>	<b>53</b>	<b>0,1</b>

- Rekneskapan er lik budsjett, berre eit lite meirforbruk
- Utgiftene her auka med 5,3 mill. kr eller 16,6% frå 2018. Det er i hovudsak 2 årsaker til denne store auken. Kjøp av tenester med IKT-ROR auka med over 1,0 mill. kr, og i 2018 vart pensjonsutgiftene 4,0 mill. kr mindre enn utgiftsført gjennom året mens tilsvarande sum i 2019 vart 2,1 mill. kr. Dette var «inntekter» som vart inntektsført på fellesutgifter og desse vart 1,9 mill. kr mindre i 2019.

---

## Kap 4 Barnehagane

---

### Visjon for barnehagane i Vestnes:

Midt i blinken for lek, læring og utvikling

#### 4.1 Oversikt over sektoren

---

Kommunale barnehagar	Tal på plassar	Årsverk	Tal tilsette	Godkj. plassar	Barn over 3 år	Barn under 3 år	Heitids plassar (omrekna)	Kostnad Pr. plass
Fiksdal barnehage	21	4,45	7	*30	13	4	16,8	175 778,-
Tomrefjord barnehage	46	9,24	11	48	24	11	34,3	138 556,-
Gardstunet barnehage	43	8,71	10	42	23	10	31,8	144 745,-
Helland barnehage	154	29,6	33	174	76	39	113,9	146 435,-
Tresfjord barnehage	38	6,4	10	42	22	8	28,4	138 895,-
<b>Totalt kommunale bh</b>	<b>302</b>	<b>58,4</b>	<b>71</b>	<b>330</b>	<b>158</b>	<b>72</b>	<b>225,2</b>	<b>146 146,-</b>
<b>Private barnehagar</b>								
Vike Montessoribarnehage	41	9,9	11	42	19	11	28,9	168 732,-
Tryggheim barnehage	42	9,38	13	48	24	9	32,6	166 015,-
<b>Totalt private bh</b>	<b>83</b>	<b>19,28</b>	<b>24</b>	<b>90</b>	<b>43</b>	<b>20</b>	<b>61,5</b>	

Tal frå årsmelding i Basil (Undervisningsdirektoratet sitt rapporteringssystem) pr.15.12.2019.

Kostnad pr. plass er eks. spesialpedagogisk hjelp og individuelt tilrettelagt barnehage tilbod.

\*Fiksdal oppvekstsenter, barnehage har mellombels godkjenning for 30 plassar.

Tilskott til dei private barnehagane er også inklusiv kapitalkostnader på kr 9.500,- pr. plass ved Tryggheim barnehage og kr 16.700,- pr. plass ved Vike Montessoribarnehage. Kapitalkostnadene er basert på årstalet på bygget, difor ulike satsar her.

Alle som søkte til hovudopptaket 01.03.2019 med rett til plass, fekk tilbod om barnehageplass. Det kom det inn 58 søknadar. I tillegg fekk 21 barn tilbod om plass frå januar – mars 2020.

## 4.2 Resultatmål for barnehagane

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2019	Resultat 2019	MÅL 2020
Brukarar – Brukarundersøking “opplevd kvalitet”	<b>Opplevd kvalitet - brukarundersøking (foreldre).</b>	Nasjonalt nivå 2018		
	<b>Totalresultat, kor tilfreds er foreldra:</b>	4,5	4,4	4,5
	<b>Enkeltindikatorar: Skala 1-5, der 5 er best.</b>			
	• I kva grad opplever foreldra at barnehagen legg til rette for barnet si språkutvikling	4,6	4,5	4,6
	• I kva grad opplever foreldra at barnehagen legg til rette for allsidig leik og aktivitet	4,7	4,7	4,7
	• I kva grad har foreldra inntrykk av at barna deira har vener i barnehagen	4,7	4,8	4,8
	• I kva grad opplever foreldra at personalet oppmuntrar til nyskjerrigheit og lærelyst	4,7	4,7	4,7
Teneste “objektiv kvalitet”	<b>Objektivt målt kvalitet</b>			
	• Andel barn med vedtak om spes.ped. hjelp i kommunale og private barnehagar pr.15.12.2019	4,0 %	4,1%	4,0%
	• Andel årsverk ped. leiarar med midlertidig dispensasjon i kommunale barnehagar pr. 15.12.2019	12%	4,1%	5%
	• Andel tilsette med pedagogisk utdanning kommunale barnehagar Pr.15.12.2019.	45%	50%	50%

## 4.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

### Språk og tilrettelegging

Det er mange to-språklege/fleirkulturelle barn i barnehagane. I denne sektoren må vi vere bevisste på kva tilbod vi gir til dei barna som skal lære norsk, og det å ha nok gode språkmodellar. Det er ei utfordring at det ikkje lenger er tilskott til å styrke den norskspråklege utviklinga.

Det er utarbeidd rutinar for inntak av minoritetsspråklege barn.

Pr 15.12.2019 blei det innrapportert 34 barn som minoritetsspråklege i dei kommunale barnehagane og 7 i dei private.

Vestnes kommune har etter §19 g i barnehagelova plikt til å legge til rette for eit individuelt tilrettelagt barnehagetilbod for barn med nedsett funksjonsevne. Her skal fattast enkeltvedtak. Vedtaka som er fatta etter § 19 g er i stor grad knytt til medisinske diagnoser, men og andre funksjonsnedsettingar. Vedtaka som er fatta i 2019 går på ekstra bemanning.

For barn som treng spesialpedagogisk hjelp kjøper vi tenester frå PPT, dei fleste vedtaka går på språk og logopedhjelp.

### **Utvida rett til gratis kjernetid**

Ordninga med redusert foreldrebetaling på bakgrunn av inntekt er godt innarbeidd. Frå august 2019 blei ordninga med gratis kjernetid i barnehage utvida til å gjelde 2-åringane i tillegg til 3, 4 og 5 åringane.

### **Sjukefråvær**

Høgt sjukefråvær pregar sektoren, spesielt langtids fråvær. Mykje av fråværet er dokumentert ikkje arbeidsrelatert. Sektoren ønskjer også framover å ha meir fokus på nærvær.

### **Dispensasjonar, pedagognorm og norm for grunnbemanning.**

I dei kommunale barnehagane er det pr.15.12.2019 innvilga dispensasjon frå utdanningskravet for 1 årsverk som barnehagelærer/pedagogisk leiar. Årsverket er eigd av barnehagelærar. I dei private barnehagane er det innvilga dispensasjon i til saman 2,6 årsverk . Vi har ingen dispensasjonar frå utdanningskravet som styrar.

Det er ikkje gjeve dispensasjon frå norm for grunnbemanning eller norm for pedagogisk bemanning.

Gjennomføring av ubunden tid/plantid er framleis utfordrande å få til. Alle barnehagelærarar i 100% stilling har rett på 4 timar ubunden tid samstundes som barna er der og drifta skal gå sin gang. Einingsleiarane ønskjer at denne tida blir kompensert med ekstra personell.

### **Opptak og kapasitet**

Alle med rett til barnehageplass fekk tilbud. Til hovudopptaket 01.03.2019 kom det inn 58 søknader og 21 barn fekk plass frå januar – mars 2020.

Tresfjord oppvekstsenter, barnehage fekk i oktober 2019 vedtak om ny godkjenning for 42 plassar mot tidlegare 36 plassar.

### **Brukartilpassing**

Det har vore ein auke i barn som søker barnehageplass frå nyttår. Det er og auke i søknader som kjem inn fortløpande gjennom året. Utfordringa her har vore at vi har bemanna etter barnegruppene i august. Fortløpande inntak og inntak av barn frå nyttår løyser ut behov for fleire pedagogar og fagarbeidarar. Dette kan vere kostnadskrevjande i budsjettsamheng.


Det har vore prøveprosjekt i 2018 og 2019 med feriestengt 3 veker om sommaren og ei veke i jula ved Helland barnehage. Dei andre barnehagane har vore stengt 4 veker om sommaren.



Foto: Camilla Hole «Tre gode vener på huska på naturleikeplassen»

## 4.4 Kva har vi oppnådd i 2019? Tenesteyting og kompetanseauke

### Den «Gode barnehage i Vestnes» - Prosjekt for fagleg utvikling



Utviklingsprosjektet er lagt opp som barnehagebasert kompetanseutvikling for alle i barnehagesektoren i Vestnes, der alle får auka sin kompetanse innanfor eit fokusområde.

Vi erfarer at ein må tore å stå i prosjekt over tid for at dette skal få konsekvensar for praksisen. Det er og viktig at ein ikkje har fleire store satsingar samstundes. Vi ser på prosjektet som ei langsiktig satsing der siste fokusområde blir sett i samanheng med implementering av ny rammeplan.

Arbeidet blir etterspurt på kommunenivå og er tema på styrarmøta. Det er utarbeidd rettleiande tidslinje.

I 2019 har vi arbeidd med standard nr. 4: Barnehagen sin digitale praksis.

## Digitalisering.

Ei kommunal gruppe har i 2019 utarbeidd ein digitaliseringsplan for dei kommunale barnehagane i Vestnes : «*Plan for pedagogisk bruk av digitale verktøy i barnehagen*».

Planen er digital og ligg på heimesida til Vestnes kommune.

Barnehagesektoren implementerte nytt fagsystem hausten 2019: Visma Flyt Barnehage.

Som ein del av fokusområdet «Å arbeide med barnehagen sin digitale praksis deltok alle tilsette på DAB konferanse i Molde i mars 2019. (Digital Arena Barnehage)

Alle tilsette har gjennomført ståstadsanalyse på Utdanningsdirektoratet sine sider som kartlegg kompetansen deira innan digitalisering. Alle har gjennomført kompetansepakke og fått diplom knytt til digital dømmekraft.

Med bakgrunn i løyving frå kommunestyret har barnehagane fått kjøpt inn digitalt verktøy til bruk saman med barna.



Foto: Susann Skavnes Studerer snøkrystall og tang og tare ved hjelp av digitalt mikroskop

## Kunnskapsnett Romsdal og Regional kompetanseutvikling.

Kunnskapsnett Romsdal er ein regional samarbeidsarena mellom oppvekstområda i kommunane: Aukra, Hustadvika, Molde Rauma og Vestnes.

Kommunane nyttar Kunnskapsnett Romsdal aktivt for å styrkje samarbeidet og fagleg kompetanse på kommunenivå. Vi utarbeider felles rutinar og skjema. Øvste organet er Arbeidsutvalet (AU)

Kunnskapsnett Romsdal har fått ansvar for ordninga: Regional kompetanseutvikling.

Regional kompetanseutvikling i barnehage skal bidra til at barnehagane i regionen utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Regional ordning for kompetanseutvikling følgjer strategiperioden for «*Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018-2022*»

Den regionale ordninga skal stimulere til godt samarbeid mellom barnehagemynde, barnehageeigarar, universitet, høgskular, Fylkesmannen og andre aktørar. Ordninga skal sjåast i samanheng med andre satsingar, og skal bidra til å støtte implementering av rammeplan.

Arbeidet i Vestnes med «*Den gode barnehage i Vestnes*» blir vidareført innanfor denne ordninga.

### **Kompetanseutvikling**

4 barnehagelærarar deltek på mentor-utdanning i regi av Kunnskapsnett Romsdal. To tilsette tek barnehagelærarutdanning på deltid ved Høgskulen i Volda.

Våren 2019 var det 2 lærlingar i sektoren, hausten 2019 var det 4.

### **Vasstilvenning**

Gardstunet, Tomrefjord og Tresfjord søkte Fylkesmannen og fekk tilskott til symjing for førskulebarna. Dette blir opplevd som eit positivt tiltak. Helland søkte og, men fekk tilskott berre for halve gruppa og greidde ikkje å gjennomføre tiltaket.

### **Rettleiing nyutdanna barnehagelærarar.**

Barnehagesektoren har eige lokalt opplegg for rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar. Dei private barnehagane får tilbod om å delta.

I 2019 vart det utarbeidd ny plan : «Ny som barnehagelærer i Vestnes? Plan for rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar»

For barnehageåret 2018/2019 fekk 4 nyutdanna rettleiing.

For barnehageåret 2019/2020 er det 2 som får slik rettleiing.

Vi har inngått avtale med rettleiar med rettleiar kompetanse på masternivå.

### **Vestnes kommune som barnehagemynde.**

Hausten 2019 blei det gjennomført tilsyn i alle barnehagane i tråd med tilsynsplan 2015-2019. Tilsynsbesøka var dialogbaserte og knytt til følgjande tema:

- Utviklingsprosjektet og arbeidet med digitale verktøy. Korleis ligg de an her og kva er praksisen dykkar knytt til § 1 og 2 i barnehagelova.
- Organisering av foreldreråd og samarbeidsutval. Aktuelle saker, leiar og nestleiar. Jf. § 4 i barnehagelova.
- Foreldremedverknad. Korleis får foreldra medverke? Knytt til § 4.
- Resultat av brukarundersøking 2018 og førebuing til 2019. Punkt de merkar dykk både positivt og negativt. Korleis ev. løfte seg. § 3 og 4.
- Tidleg innsats. Kva legg de i omgrepet, og korleis gjer de dette i praksis.
- Korleis blir barn med vedtak integrert i kvardagen? Viser til kapittel V i barnehagelova.

Det vart ikkje avdekt lovbrøt eller gitt merknadar i desse tilsyna.

I tillegg har barnehagemyndigheita vore på eit tilsynsbesøk på bakgrunn av ei bekymring.

## Mattilsyn

Mattilsynet har vore på uanmeldt tilsyn ved Tomrefjord og Gardstunet barnehage. Ingen avvik, men ein merknad om skilt over handvask-kum.

Det er utarbeidd lokale kosthaldsplanar i barnehagane. Dette med bakgrunn i nye retningslinjer for mat og måltid utgitt av Sosial- og helsedepartementet.

## 4.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

---

- Livsmestring og helse har kome inn i rammeplanen som ein del av barnehagen sitt verdigrunnlag.
- Fokus på god balanse mellom aktivitet og kvile for barna.
- Tannpuss etter frukost. Status om barn si tannhelse frå tannpleiar ein gong pr. år
- Fokus på stell og hygiene. Kroppen som gjennomgåande tema.
- Fokus på sunt kosthald i tråd med dei nye retningslinene for mat og måltid utgitt av Sosial- og helsedirektoratet. Inkludert sunne alternativ til bursdagsfeiring.
- Uteleik og turar i naturen til alle årstider.
- Aktivitetar i idrettshall/gymsal/symjebasseng. Musikk, rørsle, dans, drama og leik.
- Nokre avdelingar køyrer programmet "Mini-Røris" som er eit rørsleprogram for barn i barnehage.
- Alle barnehagane har Henry-dokka, førstehjelp for førskulebarn.
- Nokon av dei kommunale barnehagane tilbyr vasstilvenning for førskulebarna.
- Tilpassa opplæring og spesialpedagogikk.
- Førstehjelpskurs for personalet. Ergonomikurs for personalet.
- Fokus på psykososialt arbeidsmiljø.




Foto: Heidi Vike Grønningsæter - Samling ved vippehuska

## 4.6 Statistikk frå barnehagefakta.no

Statistikk frå [www.barnehagefakta.no](http://www.barnehagefakta.no) basert på årsmelding i Basil 15.12.2019.

Tala gjeld både kommunale og private barnehagar i Vestnes.



## Tal frå Kostra 2019 - barnehagane

KOSTRA - barnehage	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. driftsutg pr innb. 1-5 år	164 755	169 122	163 025	165 551	157 117	174 492	165 757
Brutto dr. utg pr. opphaldsttime, komm. bh.	75	79	79	83	75	81	68
Andel barn 1 - 5 år med barnehageplass	93,9	93,7	92,4	92,2	91,1	95,6	92,5
Andel barn 1 - 2 år med barnehageplass	84,9	93,7	92,4	84,6	85,9	92,3	86,3
Andel barn 3 - 5 år med barnehageplass	98,5	97,8	97,3	97,4	94,5	97,6	96,2
Andel barn i kommunale barnehagar	78,5	47,4	49,1	47,5	44,5	42,3	36,8

Nokre KOSTRA tal - barnehage							Endring i %
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	14 - 19
Andel barn 1 - 5 år med barnehageplass	91,2	91,5	88,3	89,6	93,2	93,9	3,0
Andel barn 1 - 2 år med barnehageplass	77,4	76,1	75,6	77,9	93,2	84,9	9,7

## Barnetal i barnehagane

	Antall barn							Omrekna til Heiltidsplassar						
	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
0 - 2 år	108	106	96	90	100	103	96	98,2	96,6	88,5	83,9	94,3	97,0	89,3
3 - 6 år	217	213	205	200	193	194	195	204,6	200,0	195,6	191,1	183,0	187,4	193
Sum	325	319	301	290	293	297	291	302,8	296,6	284,2	275,0	277,3	284,4	282,3

## 4.7 Økonomisk resultat 2019

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2019			Budsjett	Avvik 2019	
	2018	Utgifter	Inntekter	Netto	2019	i kroner	og i %
Tomrefjord barnehage	4 035	6 558	1 703	4 855	4 237	618	14,6
Tresfjord barnehage	2 968	5 168	1 422	3 746	3 276	470	14,3
Helland barnehage	15 175	20 869	4 994	15 875	16 015	-140	-0,9
Fiksdal barnehage	2 627	3 332	509	2 823	2 591	232	9,0
Gardstunet barnehage	4 478	6 445	1 735	4 710	4 338	372	8,6
Fellesutgifter	2 967	2 667	1 356	1 311	1 469	-158	-10,8
Private barnehagar	9 954	11 347	106	11 241	11 759	-518	-4,4
<b>Sum barnehage</b>	<b>42 204</b>	<b>56 386</b>	<b>11 825</b>	<b>44 561</b>	<b>43 685</b>	<b>876</b>	<b>2,0</b>

- Barnehagesektoren har eit meirforbruk på kr 876.000,-, eller 2,0 %. Til samanlikning var det eit meirforbruk på kr 166.000,- i 2018.
- Samla er barnehageutgiftene auka med knapt 2,4 mill. kr frå 2018, ein auke på 5,6 % og det meir enn løns- og prisauke.
- Frå hausten 2015 vart det innført ordning med redusert foreldrebetaling for barn der familieinntekta var låg. Den er noko utvida i åra etter. Barnehagane fekk i 2019 redusert inntektene med kr vel 0,5 mill. kr som følgje av dette, dette er ein reduksjon frå 0,7 mill. kr i 2018.
- Ekstra ressurs til barn som av helsemessige årsaker treng ekstra tilsyn og eller spesial pedagogisk hjelp utgjorde vel 2,5 mill. kr ein reduksjon frå 2018 då tilsvarande utgifter var knapt 3,4 mill. kr.
- Ordinært driftstilskott til Tryggheim barnehage var vel 5,5 mill. kr og Vike barnehage vel 4,9 mill. kr, i tillegg får dei ekstra tilskott til barn som av helsemessige årsaker treng ekstra tilsyn og eller spesial pedagogisk hjelp.

## Kap 5 Grunnskulane og SFO

### 5.1 Sektoren sine hovudoppgåver

Kommunale grunnskular				
Tal på elevar pr.01.10.2019				
	1.- 4.klasse	5.- 7.klasse	Ungdomsskule	SFO
Fiksdal Oppvekstsenter/SFO	17	21		12
Tomrefjord skule/SFO	65	75	85	33
Helland skule/SFO	136	106	166	83
Tresfjord Oppvekstsenter/SFO	15	4		6
<b>Totalt elevtal kommunale grunnskular</b>				

Private grunnskular				
Tal på elevar pr.01.10.2019				
	1.- 4.klasse	5.- 7.klasse	Ungdomsskule	SFO
Vike Montessoriskule/SFO	30	37		23

Ansvar	Tal årsverk *	Tal årsverk	Tal årsverk
	Undervisning/adm.	Assistentar	SFO
Fiksdal Oppvekstsenter	5,04	2,05	0,77
Tomrefjord skule/SFO	24,4	4,9	1,59
Helland skule/SFO	39,09	9,72	4,77
Tresfjord skule/SFO	3,41	0,66	0,41

PP-tenesta		Det er 3,8 stillingar for ped.psyk.rådgivar. Av desse kjøper fylkeskommunen teneste i 0,5 stilling til PPT i vidaregåande skule.
Merkantilt tilsett		50% stilling som sekretær.
Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder		Spesialpedagog/ logoped. Ligg under fagansvar PPT.
Logopedteneste til grunnskulen		Logoped. Ligg under fagansvar PPT.

#### Utvikling i elevtal

Skuleåret	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019/2020
Talet på elevar	723	709	689	696	690

## 5.2 Resultatmål grunnskule og SFO

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2019	Resultat 2019	MÅL 2020
Elevar/ foreldre  “opplevd kvalitet”	<p><b>Opplevd kvalitet – brukarundersøking</b> Skala 1-5, der 5 er best.</p> <p><b>Elevundersøkinga (95,4% deltaking)</b> Her er det målt snitt på elevsvar 7.- og 10.årssteg</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trivsel på skulen</li> <li>• Fagleg rettleiing</li> <li>• Eleven si oppleving av meistring av arbeidsoppgåver i samband med undervisninga</li> </ul>	Nasjonalt nivå Resultat	Resultat 2019	Nasjonalt nivå
		4,2	4,2	
		4,2	4,4	
		4,0	4,0	
Teneste  “objektiv kvalitet”	<p><b>Objektiv målt kvalitet - skule</b></p> <p>Talet på elevar på meistringsnivå 2 og 3. Totalt 3 nivå, der 3 er høgast.(1%)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nasjonale prøver, lesing 5.klasse</li> <li>• Nasjonale prøver, rekning 5.klasse</li> </ul> <p>Talet på elevar på meistringsnivå 3,4 og 5. Totalt 5 nivå, der 5 er høgast. (1%)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nasjonale prøver, lesing 8.klasse</li> <li>• Nasjonale prøver, rekning 8.klasse</li> <li>• Spesialundervisning, Kommunale skular (1%)</li> <li>• Grunnskulepoeng</li> <li>• Standpunktarakterar <ul style="list-style-type: none"> <li>- Norsk hovudmål, skriftleg</li> <li>- Norsk sidemål, skriftleg</li> <li>- Engelsk, skriftleg</li> <li>- Matematikk, skriftleg</li> </ul> </li> </ul>	Nasjonalt nivå resultat	Resultat 2019	Nasjonalt nivå
		77,1	62,9	
		76,2	54,2	
		Nasjonalt nivå resultat	Resultat 2019	Nasjonalt nivå
		75,5	65,8	
		69,4	61,0	
		7.8	12,6	
		41,9	39,1	
		3,9	3,4	
		3,8	3,4	
		4,0	3,7	
		3,7	3,1	

## 5.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

I grunnskulane i Vestnes må utviklinga sjåast over fleire år. Fakta om denne utviklinga finn vi ved å hente inn opplysningar frå Kostra, GSI og Skoleporten.

### Utvikling i talet på elevar som har spesialpedagogiske vedtak:

År	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Prosent av elevane som mottek spesialundervisning	11,8	7,9	9,0	9,87	10,7	12,6

Vi ser ein auke i talet på elevar som tek imot spesialundervisning.

87 elevar har enkeltvedtak med rett til spesialundervisning skuleåret 2019/2020. Dette er ei auke på ytterlegare 12 elevar frå førre skuleår og eit signal om at det er mange elevar som treng hjelp og oppfølging. Det må arbeidast systematisk og godt med tilpassingar av den ordinære undervisninga i tida som kjem. Dette krev ein gjennomgang av ressursbruken og ein må sjå på budsjetteringa i skulesektoren. Skulane arbeider med å implementere og nytte nye digitale hjelpemiddel for å gi god tilpassa opplæring.

### Resultat:

Dei nasjonale prøvene viser at det er variasjon i resultatane frå år til år.

5. årssteg skårar under det nasjonale snittet i både i matematikk og lesing.

Resultatane i matematikk er svakast og det må arbeidast systematisk med faget i mellomsteget.

Elevane på 8. årssteg har òg resultat som er noko lågare enn det nasjonale snittet. Resultatane i til dømes matematikk er betre enn kva som er tilfelle på 5. årssteg.

Det må arbeidast systematisk med basisferdigheiter som lesing og rekning. Systematisk bruk av kartleggingsprøver for å kunne gjere gode tilpassingar er viktig. Skulane har hatt ein gjennomgang av rutinane i forhold til førebuing og gjennomføring av dei nasjonale prøvene. Dette blir òg tema på skulebesøka våren 2020.

### Utfordringane som grunnskulane har, og vil møte framover:

- Drive effektivt og nytte knappe ressursar på ein god måte. Trass i knappe rammer er det ei likevel ei forventning til at kvaliteten i opplæringa skal utviklast.
- Finne nye måtar å budsjettere på. Vi ser at spesialundervisninga aukar igjen. Det må leggjast opp til ein måte å budsjettere på som gir skulane initiativ til å finne gode løysingar for elevane innanfor den ordinære opplæringa. Eventuelle reduksjonar i spesialundervisninga må overførast til den ordinære opplæringa, slik at skulane beheld ressursane og kan gi god tilpassa opplæring. Det er tatt initiativ, fleire kommunar imellom, om å leggje til rette for kurs i budsjettering i skulesektoren. Auken i spesialundervisninga er eit signal om at det er mange barn og unge i Vestnes som har behov for hjelp og oppfølging. Dette viser òg den kartlegginga som psykisk helseteam for barn og unge har gjort.
- Skuleutbygging/renovering: Dei neste åra skal bygningane på Helland skule byggjast saman og eit omfattande renovering av ungdomsskulen skal gjennomførast. Dette er krevjande prosessar, då det må gjerast tilpassingar og midlertidige løysingar må innførast inntil eit nytt og moderne skulebygg er på plass.

## 5.4 Kva har vi oppnådd i 2019? Tenesteyting og kompetanseauke

Elevundersøkinga viser at det er høg trivsel blant elevane. Dette kan vi glede oss over! Det inspirerer til vidare arbeid for eit godt psykososialt skulemiljø.

Det tverrfaglege arbeidet i kommunen er i utvikling. Med etableringa av eit psykisk helseteam for barn og unge er det eit auka fokus på barn og unge si psykiske helse. Samarbeidet mellom ulike hjelpeinstansar i kommunen er blitt betre. I fleire saker har tenestekontoret kome med gode innspel i arbeidet med å tilpasse tenestetilbodet til einskildelevar. Det tverrfaglege samarbeidet må utviklast vidare og formaliserast i ein overordna kommunal plan.


### Kompetanseheving:

Dei seinare åra har mange lærar i Vestnes tatt vidareutdanning. Dei siste 4 åra har 15 lærarar fått vidareutdanning gjennom ordninga «Kompetanse for kvalitet». Lærarane har tatt vidareutdanning i faga engelsk, norsk, matematikk, tysk og IKT. For skuleåret 2020/2021 er det mange lærarar som har søkt vidareutdanning, som vil gi dei meir digital kompetanse. Dette er veldig relevant no som den nye læreplanen legg opp til nye kompetansemål/emne på dette området. Koding/programmering er døme på nye emne i læreplanverket.

Lærarar på 1.-4. årssteg vart kursa i bruken av iPad i undervisninga. Det var lagt opp til ei kursrekke der lærarane hadde ordinære kursdagar og i tillegg til dette var kurs-haldarane med inn i klasserommet og hadde opplæring saman med elevane. Lærarane fekk då sjå korleis opplæringa kunne organiserast ved bruk av digitale hjelpemiddel.

Læringsplattforma Skooler vart innført for elevar på 5.-10. årssteg. Elevane på desse årsstega disponerer PC til bruk i undervisninga. Eit knippe utvalde lærarar/superbrukarar og skuleleiarane var på kurs i forkant av innføringa av systemet. Læringsplattforma har ein foreldreapp som gjer det lettare for føresette å følgje med på opplæringa. Appen skal forenkla kommunikasjonen mellom heimen og skulen.

Det har vore arbeidd godt på tvers av skulane med innføringa av den nye læreplanen. Hausten 2019 arbeidde skulane med den nye overordna delen av læreplanverket. Arbeidet blir vidareført våren 2020 med fokus på fagplanane og innhaldet i dei. Modellen med å arbeide på tvers av skulane i faggrupper er vidareført.



Programmering med superbit ved  
Fiksdal skule  
Foto: Benedikte Frostad

### **Viktige tiltak som vert vidareførte for å oppretthalde og vidareutvikle kvaliteten i opplæringa:**

- Skulane bruker dei digitale plattformane «*Kartleggeren*» til å kartlegge elevane i basisfaga engelsk, norsk og matematikk.
- Skulane registrerer kartleggingsresultata til elevane i systemet *Conexus engage*. Det gir god oversikt for lærarane og er til god hjelp i arbeidet med å tilpasse opplæringa til den enkelte elev.
- PPT er tett på skulane i forhold til utarbeidinga av sakkunnige vurderingar og rettleiing.

### **Felles satsingsområde for å styrke det psykososiale miljøet i skulen:**

- MOT-arbeidet er igjen på plass i ungdomsskulen. Det er lagt opp til ei innføring av programmet igjen over 3 år. Inneverande skuleår får elevar på 8. og 9. årssteg delta på programmet.
- Markeringa av «Partnerskap mot mobbing» på alle skular.
- Skulane brukar «Leikepatruljen» sitt program. Programmet er organisert av Sunnmøre Friluftsråd. Dette er eit viktig program for å leggje til rette for positive aktivitetar i friminutta.
- Helsestasjonen/psykisk helseteam har halde kurs i psykisk helse på u-steget.
- Det nyetablerte psykisk helseteam for barn og unge har gjort eit flott kartleggingsarbeid og kome med god rettleiing til lærarane knytt til oppfølginga av einsskildelavar.

## **5.5 Tiltak for å fremme folkehelsa**

---

- MOT er igjen på plass i ungdomsskulen og blir gjennomført på 8. og 9. årssteg.
- Haldningsskapande klasse miljøprogram som til dømes «Det er mitt val» blir brukt.
- Partnerskap mot mobbing, markering på alle skulane.
- Fokus på sunn mat og uteaktivitet i SFO.  
Tema: Gi elevane god rettleiing i forhold til ernæring og at dagleg fysisk aktivitet fremmar god helse, gjennom faga kroppsøving og mat og helse.
- Det tverrfaglege skuleteamet skal vere med å samordne tenestetilbodet til elevar med samansette behov.
- Skulane kartlegg skulemiljøet med ulike former for trivselsundersøkingar. Dette er viktig for å sikre at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø.

## 5.6 KOSTRA-tal på området

Grunnskule, SFO m.m.	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. Utgifter grunnskule, pr. innb	14 360	14 978	14 316	14 179	15 153	13 651	16 999
Nto. Utg grunnskule, pr innb 6-15 år	123 098	122 829	117 107	116 748	123 764	113 873	136 461
Nto. Utg SFO pr innb. 6 - 9 år	10 451	4 855	4 868	452	3 725	6 021	5 465
Nto. Utg skuleskyss pr innb. 6-15 år	2 954	2 339	2 310	3 691	2 319	1 727	4 112
Gjennomsnittleg gruppestørrelse	11,9	12,1	12,9	11,6	10,5	13,5	12,6
Andel elevar med spes undervisning	13,1	41,9	41,7	42,3	42,2	42,3	41,6
Gj. Snitt grunnskulepoeng	39,1	41,9	41,7	42,3	42,2	42,3	41,6
Andel lærarar 40 år og yngre	42,7	44,0	44,2	32,7	45,3	45,6	47,4
Andel lærarar 60 år og eldre	14,5	10,4	9,9	10,3	6,7	11,2	13,2

Grunnskule, SFO m.m.							Endring i prosent
- utvikling siste 6 år	2014	2015	2016	2017	2018	2019	14 - 19
Nto. Utgifter grunnskule, pr. innb	11 938	12 141	12 646	13 132	13 508	14 360	20,3
Nto. Utg grunnskule, pr innb 6-15 år	103 465	103 032	108 014	114 848	114 958	123 098	19,0
Nto. Utg SFO pr innbyggjar 6 - 9 år	4 765	4 224	8 253	7 633	7 533	10 451	119,3
Elevar pr kommunal skule	182	181	177	172	174	172	-5,5
Andel elevar som får spesialunderv.	11,8	7,9	9,0	10,1	11,4	13,1	11,0

### Elevekostnad (eks. skuleskyss og fellesutgifter)

	Elevtal			Kostnad pr. elev 2019
	Vår 2019	Haust 2019	Snitt	
Fiksdal	39	38	38,6	157 124
Tomrefjord	228	225	226,8	118 166
Helland	407	408	407,4	92 995
Tresfjord	22	19	20,8	218 029
	696	690	693,5	108 560

Husleiga ved Tresfjord skule er langt høgre enn ved Fiksdal skule, grunna alder på bygget. Korrigert for dette vert elevkostnaden ved Tresfjord skule likevel ca. kr 190.000,-. Snitt kostnad pr. elev er kr 108.560,-, ein auke frå kr 103.853,- (+ 4,5%).

## 5.7 Økonomisk resultat 2019

Eining	Rekneskap	Rekneskap 2019			Budsjett	Avvik 2019 og i	
	2018	Utgifter	Inntekter	Netto	2019	i kroner	%
Fiksdal skule	5 640	7 689	1 624	6 065	5 606	459	8,2
Tomrefjord skule	26 567	29 620	2 820	26 800	26 398	402	1,5
Helland skule	34 639	47 970	10 084	37 886	37 439	447	1,2
Tresfjord skule	5 011	5 094	559	4 535	4 542	-7	-0,2
PPT	2 981	5 649	3 111	2 538	2 967	-429	-14,5
Fellesutg. undervisn.	10 218	12 480	2 162	10 318	9 456	862	9,1
<b>Sum grunnskule</b>	<b>85 056</b>	<b>108 502</b>	<b>20 360</b>	<b>88 142</b>	<b>86 408</b>	<b>1 734</b>	<b>2,0</b>

- Samla meirforbruk på vel 1,7 mill. kr, tilsvarande 2,0 %.
- Grunnskulane har hatt meirforbruk i fleire år. Tilbakemeldingane frå einingsleiarane er at det ikkje er fagleg forsvarleg å redusere meir enn det som er gjort innanfor noverande struktur.
- Samla auka utgiftene innan grunnskulesektoren med 3,1 mill. kr frå 2018 til 2019. Ein auke på 3,6 %, noko som tilsvarar om lag løns- og prisauke.
- Kjøp av undervisningstenester for barn som er plassert i fosterheim i andre kommunar, går på spesialskule (Tøndergård) og spes. ped. til Vike skule utgjør 6,7 mill. kr. Det er ein liten nedgang frå 2018 då det var 6,9 mill. kr.
- Utgifter til skuleskyss er 2,7 mill. kr, tilsvarande var det 2,8 mill. kr i 2018

## Utvikling 2014 - 2019

Eining	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring 2014 - 2019	
							sum	i %
Fiksdal	5 678	5 827	5 549	5 403	5 640	5 606	-72	-1,3
Tomrefjord	22 264	23 786	23 231	24 669	26 567	26 398	4 134	18,6
Helland	31 175	32 025	33 585	33 198	34 639	37 439	6 264	20,1
Tresfjord	5 816	5 541	5 394	5 574	5 010	4 542	-1 274	-21,9
PPT	2 622	2 595	2 788	2 688	2 981	2 967	345	13,2
Fellesutgifter	6 187	7 000	8 147	10 678	10 218	9 456	3 269	52,8
<b>SUM</b>	<b>73 742</b>	<b>76 774</b>	<b>78 694</b>	<b>82 210</b>	<b>85 055</b>	<b>86 408</b>	<b>12 666</b>	<b>17,2</b>

---

## Kap 6 Barn, ungdom og familie

---

### Visjon for eininga –

#### Mestring og motivasjon for alle

Basert på kjerneverdiane: trygg, raus og engasjert

### 6.1 Oversikt over sektoren

---

Barn, ungdom og familie (heretter kalla BUF) var i 2019 samansett av tenestene helsestasjon, Myra aktivitetssenter, Psykisk helseteam og Bustadtiltak. Barneverntenesta vart overført til interkommunal barnevernteneste frå oktober 2018.

Eininga har brei helsefagleg kompetanse, der dei fleste tilsette har ei spesialisering/etterutdanning. Eininga har eit førebyggjande og helsefremjande familieperspektiv for barn, vaksne og familiar med behov for hjelp og støtte. Vi legg vekt på ein høg etisk standard i tenesteyting der brukarmedverknad og involvering vert ivareteke.

Ansvar	Årsverk 2018	Årsverk 2019	Ev. merknad
Adm. Leiing	1,0	1,0	
Psykisk helseteam	5,0	5,0	Inkl. avd.leiar
Helsestasjonen	5,75	5,65	Inkl. familierettleiar og jordmorressurs
Myra aktivitetssenter	2,0	2,0	
Sosiale tenester barn og unge	12,86	12,86	Bustadtiltak
Tilsynsførar	0,2	0,2	
Prosjektstillingar	1,7	4,0	Psykolog, styrka skulehelseteneste og helsestasjon og kommunalt rusarbeid.
Totalt	36,51	29,71	Inkl. prosjektstillingar

**Kommentarar:** 100% Psykolog i kommunale helse- og omsorgstenester

**Prosjekt – Førebyggjande styrking og utvikling av helsestasjon og skulehelsetenesta:**

Styrking: 50% jordmor, 90% sjukepleiar, 60% helsesjukepleiar

**Prosjekt – Kommunalt rusarbeid**

**Styrking:** 100% stilling spesialsjukepleiar delfinansiert av prosjektmidlar og resterande kommunale midlar.

## 6.2 Resultatmål

Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2019	STATUS 2019	Mål 2020
Teknologi/ IKT	<p><b>Helsestasjonen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Implementere bruken av «stine Sofie stiftelsen» app. Verktøy i foreldrestøttande rettleiing</li> <li>Innføring av nettbrett (tilskotsmidlar frå helsedirektoratet prosjekt innovasjon)</li> </ul> <p><b>BUF</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Ressurspersonar i eininga får oppfriskingskurs i kvalitetssikringssystemet RiskManager</li> </ul>			X X  x
Brukarar – “opplevd kvalitet”	<p><b>Psykisk helseteam, skal frå 1-6 der 6 er best</b></p> <p>Psykisk helseteam skulle etter planen gjennomføre brukarundersøking i 2019</p> <p><b>Helsestasjonen, skal frå 1-6 der 6 er best</b></p> <p>Helsestasjonen skulle etter planen gjennomføre brukarundersøking i 2019</p>		Ikkje gjennomført   Ikkje gjennomført	Gjennomføre brukarundersøkinga med resultat på landsgjennom snittet   Gjennomføre brukarundersøkinga med resultat på landsgjennom snittet
Teneste “objektiv kvalitet”	<ul style="list-style-type: none"> <li>Breitt fokus på systemarb., revidere og utarbeide rutinar, samt bygge opp kvalitetssikringssystemet RiskManager.</li> <li>Auka fokus på avvik og avvikshandtering</li> <li>Alle nytilsette skal gå gjennom opplæringslogg m/rutinar ved oppstart</li> </ul>			Vidareføre arbeidet
Organisasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utarbeide kompetanseplan i tråd med kompetansebehovet til eininga</li> </ul>			X

## 6.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

---

Nasjonale føringar, nye reformer, pakkeforløp innan psykisk helse og krav til spesialisering, samt auka rettstryggleik for enkeltindivid står sentralt. Velferdssamfunnet utfordrar oss i måtar å tenke på når det gjeld ressursar, kultur, nytenking og samhandling. I tråd med samhandlingsreforma bygger spesialisthelsetenesta noko ned sine tenester og gir eit større ansvar til kommunen. Vi opplever eit auka press i form av komplekse samansette oppgåver. Rett til behandling i spesialisthelsetenesta stiller krav til at kommunen sjølv har gjennomført tiltak når det gjeld kartlegging, utredning/behandling og dokumentasjon.

Spesialisthelsetenesta definerer hjelp til behandling ut i frå ein prioriteringsrettleiar. Dette er særleg utfordrande innan psykisk helsehjelp for barn og unge.

### **Prosjekt - psykisk helseteam for barn og unge**

Vestnes kommune opplever ein auke i psykiske helseutfordringar hos barn og unge. Ut i frå henvisning frå fastlegar, bekymring frå grunnskulane og tilbakemeldingar frå helsestasjonen starta vi i 2019 eit prøveprosjekt; eit psykisk helseteam for barn og unge. Vestnes kommune søkte Fylkesmannen om prosjektmidlar og fekk innvilga tilskot gjennom «kommunalt rusarbeid» til å delfinansiere ei prosjektstilling i eit psykisk helseteam for barn og unge.

Psykiske helsetenester til barn og unge har dei siste åra fått auka fokus. Prioriteringsrettleiar – psykisk helsevern barn og unge og pakkeforløp innan psykiske helse for barn og unge pålegg kommunen i stor grad auka behandling og oppfølgingsansvar. Lette og moderate psykiske lidningar skal behandlast i kommunen. Berre tyngre psykiske lidningar skal takast hand om av spesialisthelsetenesta. I forkant av ei henvisning må kartleggingar/utredningar og tiltak vere godt dokumenterte før henvisninga kan sendast over til spesialisthelsetenesta. Per i dag er det berre psykolog og fastlegar som har eit formalisert behandlingsansvar.

### **Psykisk helseteam barn og unge - arbeidsoppgåver og samansetning**

Prosjekt psykisk helseteam har mandat til utredning, kartlegging og behandling av barn og unge. Teamet har arbeidd både individ- og systemretta gjennom konsultativ bistand til grunnskulane, samt oppfølging og rettlege tilfamiliar. Teamet har bestått av sjukepleiar med vidareutdanning i psykisk helsearbeid, kommunepsykolog og familierettleiar. Etter evaluering av prosjektperioden har vi i samarbeid med kommuneleiinga bestemt at teamet vert etablert som eit fast tilbod i den kommunale helsetenesta. Det er søkt om prosjektmidlar for å delfinansiere stillingar også i 2020.

### **Psykisk helseteam - vaksne**

Vestnes kommune fekk invitasjon frå KORUS/Helse Midt-Norge om å vere med i satsinga DELTA i starten av 2019. Formålet med DELTA var utvikling av tverrfaglege tiltak på rusområdet i kommunen. Vestnes kommune gjennomførte eit oversiktsseminar i samarbeid med Helse Midt-Norge, der vi presenterte oversikt på russituasjonen i kommunen og tiltak på området. Det var brei deltaking på arbeidsseminaret frå politikarar, kommunalt tilsette, administrativ leiing, NAV, barnevern, vidaregåande skule, Mental Helse, legetenesta.

Arbeidet med pakkeforløp innan psykisk helse og rus står framleis i fokus. I løpet av 2019 har psykisk helseteam delteke på kompetansehevande tiltak gjennom NAPHA (Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid) og ein fagdag ved Høgskolen i Molde. I desember 2019 fekk kommunen invitasjon frå Fylkesmannen og Helse Midt-Norge om å delta i satsinga MUST 2020 (Moglegheiter, utfordringar og samarbeid på tvers) saman med Averøy, Sunndal og Rauma. Samarbeidet har som mål å utvikle pakkeforløp for psykisk helse og rus i kommunen. Vestnes har takka ja til deltakinga i prosjektet som starta i 2020 og varer i om lag eitt år. Pakkeforløpa skal gje heilskapleg behandling, sikre kontinuitet gjennom heile behandlingssløpet og sørge for samhandling og koordinerte tenester.

Ny rusreform som er ute på høyring NOU 2019:26 – «Fra straff til hjelp» vil, om tiltaka vert gjennomført, få betydning for kommunane i forhold til ressursar, kompetanse og oppfølging av enkeltindivid.

Innan psykisk helse og rus er det framleis eit auka behov for hjelp i form av samtalar, praktisk hjelp og bistand. Dette er i stor grad ambulante tenester som vert ytt til ulike tidspunkt på døgnet etter behov. Specialisthelsetenesta skriv ut pasientar tidlegare enn før og vi ser difor at enkeltmenneske har behov for meir hjelp og støtte enn om dei t.d. hadde fått eit lengre opphald på ein DPS (distriktpsikiatrisk senter) i ein overgang til kommunal teneste. Vi ser også pasientar som vert utskrivne utan å vere ferdig kartlagt eller behandla. Dette gjer det svært krevjande å følgje opp for å gi rett behandling og finne dei rette tiltaka.

Vi må i stor grad nytte elektroniske verktøy i samhandlinga med andre. Dette gjeld t.d. videooverført undervisning/møteverksemd.

For framtida vert det viktig at det vert lagt til rette for velferdsteknologiske løysingar for å kunne drifte meir hensiktsmessig.

Vi må ta høgde for auka kostnader knytt til opplæring/kompetanseheving av tilsette i ei spesialisert eining som BUF.

## Helsestasjon

Vårt overordna mål er at alle barn i Vestnes skal få eit kvalitetssikra tilbod, som styrkar den fysiske og psykiske helsa og som skal gjere dei i stand til å meistre livet.

- Det blei fødd 69 barn, 41 gutar og 28 jenter, i Vestnes i 2019.
- Det er pr. nov. 2019 41 barn i alderen 0-18 år med fluktbakgrunn. Kongo, Eritrea, Syria, Etiopia og Somalia.
- Helsestasjonen opererer ikkje med venteliste, og skal ta i mot alle i alderen 0-20 år. Talet på barn i målgruppa er i underkant av 20 % av Vestnes kommune si befolkning.
- Utvikling av gode tenester for barn og unge og deira familiar- der tidleg inn – før symptom har vist seg og helst når barna er unge, er fokus for heile tenesta.
- Det primærforebyggjande arbeidet er ei av hovudoppgåvene for helsestasjonen, men tenesta har også gjennom familierettleiar, hatt ei kartlegging og behandlande funksjon av milde og moderate psykososiale vanskar.
- Norsk barn og ungdom er blant verdens friskaste, men om lag 5-8% har behov for tenester frå fleire sektorar eller nivå innanfor sektorane samstundes. Jfr. Helsedir.
- Psykisk sjukdom kostar Norge om lag 185 milliardar kroner pr år, og halvparten av kostnadene skuldast depresjon og angstlidelser, og halvparten av disse oppstår i *barne og ungdomsalder* ( FHI 2016 og H.dir.2015)
- Studien «Barn i Midt Norge» (May Britt Drugli) har forska på psykisk helse i barnehagen. 7% av 4 åringar har psykiske vanskar. Born frå 1-5 år oppheld seg i barnehagen i 10 000 timar; eit godt grunnlag og tid å byggje helse på! Barnehagane har eit unikt høve til å byggje friske barn. Det er auka fokus på betydninga av trygg tilknytning også i barnehagane. Forutsetninga her er nok trygge, tilgjengelege og stabile vaksne. Det er betre å byggje friske barn enn å reparere sjuke vaksne.
- Helsestasjonen opplever ein stor auke i oppgåver knytt til m.a. lovkrav, samansette og ressurskrevjande saker, individuell plan og koordinator-funksjon. Dette utfordrar kapasiteten om å drive generell helseopplysning som er vår primæroppgåve.
- Rus: det er ein trend på landsbasis at ungdom har ei langt meir liberal haldning til bruk av syntetiske rusmiddel som t.d. GHB. Vi ser at dette blir meir normalisert og vi er uroa over utviklinga.
- Ein stor del av kompetansehevande tiltak og delar av personalressursen ved helsestasjonen er finansiert gjennom prosjektmidlar. Ut i frå eit stort press på tenesta er vi bekymra for situasjonen dersom vi ikkje får ressursar til å gjennomføre dei tiltaka som er iverksette pr i dag.

## 6.4 Kva har vi oppnådd i 2019? Tenesteyting og kompetanseauke

BUF gjennomførte i samarbeid med Mental helse «Verdensdagen for psykisk helse» der tema for 2019 var «Gi tid». Årets kampanje oppfordra oss alle til å gjere ting som er godt for den psykiske helsa vår. Fleire bidragsytarar heldt innlegg; mellom andre Inger Marie Eidsvik. Ho har pasienterfaring og er utdanna barnevernspedagog med ei rekke vidareutdanningar. Til dagleg arbeider ho ved Ålesund behandlingssenter. Temaet hennar var: «Kva betyr tid i tilfriskning?» og «Kva er håp for meg?» Ei fin og nyttig samling for dei som møtte.




Foto: Elly Christine V. Slettvoll

Biletet er frå markering av verdensdagen for psykisk helse. F.v Inger Marie Eidsvik med si historie «Tidlegare pasient» og til høgre «Brukarperspektivet» v/Mathilde Hofseth Skorpe.

### Myra aktivitetssenter

Fokus på helsefremjande tiltak når det gjeld aktivitet, kosthaldsrettleggning og økonomisk rettleggning.

Gjennomført aktivitetstiltak i form av m.a. juleaktivitetar, handarbeid, bærplukking og sylting.



Foto: Synnøve Lange

### Psykisk helseteam

- I 2019 etablerte Vestnes kommune og helse-midt (KORUS) ny samarbeidsavtale om vidareføring av brukarplankartlegging. Brukarplan er eit verktøy for kommunar som ønskjer å kartlegge omfanget og karakteren av risikofylt rusmiddelbruk blant brukarane av kommunale helse-, omsorgs- og velferdstenester. Verktøyet kan nyttast til kartlegging, kvalitetssikring, utvikling og planlegging av tenester. I 2019 deltok NAV, helsestasjonen, barnevernet og psykisk helseteam i kartlegginga. Kartlegginga blir nytta i planlegginga av tenestene og brukarplan blir sentral i samarbeid mellom Helse Midt, Fylkesmannen og Vestnes kommune om prosjekt MUST 2020 som handlar om moglegheiter, utfordringar og samarbeid på tvers av tenester og nivå ved gjennomføring av pakkeforløp i psykisk helse og rusarbeid for vaksne.
- Gjennomført KIB kurs – kurs i meistring av belastning (gruppe)

### Helsestasjonen

- Helsestasjonen har fokus på det lovpålagte helsestasjonsprogrammet, alle gravide har fått tilbod om – og nytta – oppfølging av jordmor.
- Auka trefftid ved barneskulane – styrkinga er eit resultat av prosjektmidlar frå helsedirektoratet
- Helsestasjonen sin kompetanse blir mykje brukt både av elevar og skule
- Familierettleiar med fokus på «barn som pårørende» og familiestøttande arbeid på eit tidleg tidspunkt
- Trefftid for elevar i den vidaregåande skulen. Gjennom prosjektmidlar har Gjermundnes fått auka trefftid med ein fast dag 20%.

### Helsestasjonen og psykisk helseteam for barn og unge

- Helsestasjonen og Psykisk helseteam for barn og unge gjennomførte kurs i psykisk helse for elevar i 9. kl. ved Helland skule hausten 2019. Kursopplegget er henta frå Ålesund kommune som har gjennomført dette sidan 2015. Kurset er støtta av Extrastiftelsen 2017-2020. Undervisningsprogrammet inneheld i dag eit materiale for 3 doble undervisningstimar, foreldrekveld og personalkurs.



Foto: Elly Christine V. Slettvoll

Bileta er frå kurs i psykisk helse for foreldre til elevar i 8. klasse v/ Helland u-skule. På biletet er frå venstre Hege Anita Øverås, spesialsjukepleiar psykisk helsearbeid og Ellen Johansen, prosjektstilling, og til høgre Ann Helen Vik, familierettleiar.

## Arbeid med handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2017-2020

- Vestnes kommune gjennomførte ein felles fagdag i samarbeid med Kriesesenteret for Molde og omegn, Høgskolen i Molde, Aukra og Molde kommunar den 31. oktober. Dei inviterte til fagdagen var representantar for dei 10 samarbeidskommunane for handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Formålet med denne dagen var å sette fokus på teieplikt, avvergeplikt og juridiske betraktningar. Kommunelege, kommuneadvokat og politiet var blant dei som stod for faglege innlegg.
- Vestnes kommune har sidan 2013 vore med i kommunal/interkommunal handlingsplan. Planen er politisk forankra og intensjonen er at planen skal vere eit «levande dokument». Som ein del av planen vart det utarbeidd ein tiltaks- og handlingsdel. I 2019 starta referansegruppa representert ved (Aukra, Vestnes, Molde kriesesenter IKS og Høgskolen i Molde) ein framdriftsplan for rullering av handlingsplanarbeidet. Det er i 2019 sett ned ei arbeidsgruppe med ein representant frå kvar dei 10 samarbeidskommunane som skal arbeide med rullering av handlingsplanen i 2020. Rulleringa baserer seg på tilrådingar frå NKVTS rapport nr.3/2019. Det er framleis ei forventning om god administrativ og politisk forankring i kommunane.
- Meir om handlingsplanen og om vald i nære relasjonar finn ein på: <https://www.vestnes.kommune.no/tenester/helse-og-omsorg/vold-og-seksuelle-overgrep/>
- **Tilsyn frå Fylkesmannen vedk. kriesesentertilbodet:**  
I 2019 gjennomførte Fylkesmannen sjølvmeldingstilsyn ved Vestnes kommune. Fylkesmannen gjennomførte tilsyn for å undersøkje om Vestnes kommune har eit system for å følgje opp brukarane i reetableringsfasen. Kommunen plikter å ha eit godt å heilskapleg tilbod om kriesesenter til kvinner, menn og barn som er utsett for vald eller truslar om vald i nære relasjonar.  
Fylkesmannen si vurdering er at kommunen bør utarbeide ei oversikt over kor mange reetableringar av barn, kvinner og menn dei har i kommunen, slik at denne kunnskapen i kan nyttast i planlegging av tenester. Fylkesmannen fann ikkje behov for ytterlegare oppfølging av sjølvmeldingstilsynet.

## Kompetansehevande tiltak i eininga

- **Førebyggje-avdekke-stoppe vald i nære relasjonar**  
16 tilsette i eining for barn, ungdom og familie deltok på 3 dagars kurs i mai 2019 med tema «Valden sine mange ansikt ei aukande utfordring?» i regi av Fylkesmannen. I løpet av kursdagane fekk tilsette kunnskap om vald i eit vaksenperspektiv, tverrfagleg innsats mot vald, førebygging av vald i eit barneperspektiv. Satsinga har hatt som mål å gjere tilsette meir handlingskompetente. Kompetansehevinga var støtte gjennom prosjektmidlar.



Foto: Elly Christine V. Slettvoll

Kompetansehevande tiltaket i regi av Fylkesmannen «valdens mange ansikt ei aukande utfordring». På biletet ein gjeng frå Vestnes helsestasjon

- **Sjølvmordsførebygging**  
5 tilsette har gjennomført førstehjelp ved sjølvmordfare gjennom VIVAT. Vivat er eit sjølvmordførebyggjande tiltak gjennom helsedirektoratet. Målet er å styrke kompetanse og trygghet til å gi førstehjelp ved sjølvmordfare
- **Meistringskurs**  
4 tilsette har delteke på kursleiar-opplæring i «Tankevirus» som er eit meistringskurs basert på normalpsykologi og grunnprinsippa frå metakognitiv og kognitiv atferdsterapi. Passar for vaksne og ungdommar i alderen 16-18 år.
- **NBO:(Newborn Behavioral Observation)**  
5 tilsette har gjennomført NBO. Dette er ein metode for å observere spedbarn mellom 0 til 3 mnd. Målet er å auke foreldra sin sensitivitet overfor spedbarnet sine mange signal og reformulere desse til eit kommunikasjonsspråk. Det blir lagt stor vekt på å legge til rette for å styrke relasjonen mellom foreldre og barn.
- **Utdanningar (etterutdanningar/vidareutdanningar):**  
2 tilsette har gjennomført rusutdanning  
1 tilsette har starta opp med etterutdanning i psykisk helse, graviditet og barselstid  
1 tilsett starta opp med psykososialt arbeid med barn og unge (2018-2020)

## 6.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

---

- Tilbod om influensavaksinering for alle tilsette i eininga.
- Primæreforbyggjande fokus i helsestasjonen, graviditet/svangerskap og etter fødsel
- Starta opp med foreldrestøttande rettleiing på individnivå.
- For tilsette: fokus på det psykososiale arbeidsmiljøet. Arrangerer ulike trivselstiltak i eininga.

## 6.6 KOSTRA-tal på området

Nøkkeltal- barnevern	Enhet	Vestnes	Kostragruppe 11	Landet utan Oslo
		2019	2019	2019
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbygger 0-22 år (kr)	kr	9600	8770	8387
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år (prosent)	prosent	5	4,8	4,6
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år (prosent)	prosent	4,6	4,9	4,8
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-22 år (prosent)	prosent	4,3	4,2	3,8
Brutto driftsutgifter (funksjon 244) per barn med undersøking eller tiltak (kr)	kr	39864	56119	54645
Brutto driftsutgifter per barn som ikkje er plassert av barnevernet (funksjon 251) (kr)	kr	28143	39790	41869
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (kr)	kr	363100	450559	442333
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk (funksjon 244) (antall)	antall	20,4	19,1	19,2
Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månader (prosent)	prosent	80	87	88
<b>Nøkkeltal - helsestasjon/skulehelseteneste</b>				
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skulehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)6	årsverk	39,5	51,2	44,1
Andel nyfødte med hjemmebesøk innan to uker etter heimkomst (prosent)	prosent	90,9	82,1	93,5
<b>Nøkkeltal- Rus og psykisk helse</b>				
Brutto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)	kr	182,5	314,1	633,9
Netto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)	kr	182,5	259,3	541,4
Andel netto driftsutgifter til tilbud til personer med rusproblemer (prosent)	prosent	8,1	7,3	13,9
Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (helse- og omsorg) (antall)	antall	13,8	6,5	4,9
Årsverk av personer med vidareutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)	antall	15,6	10,5	9
Årsverk av personer med vidareutdanning i rusarbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)	antall	1,5	3,8	3,2
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmissbrukere av aktører utenfor komm per 10 000 innbyggere 18-66 år (antall)	antall	0	1,2	1,5
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmissbrukere av aktører utenfor komm per 10 000 innbyggere (antall)	antall	0	0,7	1
Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmissbrukere per 10 000 innbyggere 18-66 år (antall)	antall	0	4,3	2

## 6.7 Økonomisk resultat

Tal i tusen kr	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019			Budsjett 2019	Avvik 2019	
		Utgifter	Inntekter	Netto		i kr	i %
Prosjekt BUF - Psykolog på Helsestasjonen	230	889	-429	460	516	-56	-12
Prosjekt BUF -Styrking og utvikling av helsestasjon og skolehelsetjenesten	-9	1 397	-1 397	0	14	-14	0
Helsestasjon	3 218	2 921	18	2 939	3 437	-498	-17
Jordmorteneste	254	419	-153	266	351	-85	-32
Myrateigen	9 788	8 529	-587	7 942	7 324	618	8
Myra Aktivitetssenter	1 073	1 317	-22	1 295	1 209	86	7
Psykisk helse og rus	3 280	3 653	-125	3 528	3 621	-93	-3
Administrasjon BUF	860	947	-4	943	956	-13	-1
Familierettleiar BUF	484	524	-40	484	688	-204	-42
BUF - helse og omsorgsteneste	571	4 100	-590	3 510	4 339	-829	-24
Prosjekt- Psykisk helseteam for barn og unge	0	660	-660	0	0	0	0
Tilsyn fosterheim	64	150	-122	28	97	-69	-246
Prosjekt BUF - jordmor	0	1	0	1	0	1	100
<b>SUM</b>	<b>19 814</b>	<b>24 847</b>	<b>-3 451</b>	<b>21 396</b>	<b>22 554</b>	<b>-1 158</b>	<b>-5</b>

- Eininga kan i 2019 vise til eit mindreforbruk i forhold til budsjett på nær 1,16 millionar kr.
- Behovet for helse- og omsorgstenester vil kunne variere noko, og endring i drifta knytt til bustadtiltak har ført til mindreforbruk.
- Prosjektfinansiering av stillingar i psykisk helseteam for barn og unge har medført eit positivt driftsresultat

### Utvikling 2014 – 2019 for Barn, ungdom og familie (BUF):

Tal i tusen kr	Regnskap 2014	Regnskap 2015	Regnskap 2016	Regnskap 2017	Regnskap 2018	Regnskap 2019
Diverse prosjekt	0	462	388	287	221	460
Helsestasjon	2683	2754	2833	3210	3218	2939
Jordmorteneste	265	262	269	280	254	266
Kommunalt rusarbeid	622	384	1343	0	0	0
Myrateigen	2259	1925	2956	7615	9788	7942
Myra Aktivitetssenter	1166	1317	1323	1188	1073	1295
Psykisk helse og rus	0	0	0	3210	3280	3528
Administrasjon BUF	0	0	0	587	860	943
Familierettleiar BUF	0	0	0	277	484	484
BUF - helse og omsorgsteneste	0	0	0	0	571	3510
Prosjekt Psykisk helseteam for barn/unge	0	0	0	0	0	0
Tilsyn fosterheim	116	116	50	17	64	28
Prosjekt BUF - jordmor	0	0	0	5	0	1
<b>TOTALT</b>	<b>7112</b>	<b>7220</b>	<b>9161</b>	<b>16676</b>	<b>19814</b>	<b>21397</b>

- Det er vanskeleg å samanlikne heile perioden då tenesta har endra seg mykje over desse åra, både som følgje av organisasjonsendringar og auke i ressursbruk
- Dagens eining vart etablert i 2016, men hadde først heile driftsår frå og med 2017. I åra etter er tilbodet utvida både med eigen bustad med heildøgns tenester og omfanget av helse- og omsorgstenester for born og unge har auka. Frå same tid vart og den tidlegare rustenesta som låg til NAV- kontoret slått saman med tenester for psykisk helse som låg til Heimetenestene og vart til Psykisk helse og rus i BUF
- I 2019 etablerte eininga eit eige prosjekt med psykisk helseteam for barn og unge. Dette var i 2019 fullfinansiert av eksterne prosjektmidlar. Prosjektet vert vidareført i 2020.

### Barnevern:

Tal i tusen kr	Regnskap 2014	Regnskap 2015	Regnskap 2016	Regnskap 2017	Regnskap 2018	Regnskap 2019
Barnevern m.v.	13736	14689	11871	13352	12731	16748
<b>T O T A L T</b>	<b>13736</b>	<b>14689</b>	<b>11871</b>	<b>13352</b>	<b>12731</b>	<b>16748</b>

- Frå og med oktober 2018 har barneverntenestene for Vestnes kommune vore drifta av Molde kommune i interkommunalt vertskommunesamarbeid.
- Det vart i 2019 oppdaga at Vestnes kommune i 2018 hadde inntektsført nær ein million for mykje i refusjon frå det statlege barnevernet. Dette måtte rettast opp i 2019 slik at utgiftene i 2018 skulle vore nær ein million høgare og utgiftene i 2019 nær ein million lågare.
- Det er alltid usikkerheit knytt til budsjettala for barnevern då utgiftene til plasseringar utanfor heimen vil variere frå år til år og einskildsaker vil kunne påverke utgiftene mykje. 2019 var eit år der vi hadde relativt mange plasseringar.

## Kap 7 Eining for kvalifisering og integrering (EKI)

### Visjon:

«Kvalifisering og integrering»

### 7.1 Oversikt over sektoren

Ansvar, fordelt sjå nedanfor	Årsverk 2018	Årsverk 2019	Ev. merknad
Einingsleiar, avdelingsleiar	1,25	1,38	
Vaksenopplæringa, lærarar	4,8	4,8	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap, grunnskuleopplæring, spesialundervisning.
Vaksenopplæringa; støttepersonar i klasserom		1,6	Morsmål, mm
Flyktingtenesta: miljøarbeidar, programrådgjevar	2,8	2,3	
Flyktingtenesta: morsmålsstøtte, mm Helland skule	0,8	1,9	I tillegg til overføring på 2,3 mill i 2019

### 7.2 Resultatmål 2019

Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2019	Resultat 2019	Mål 2020
<b>Brukarar - "opplevd kvalitet"</b>	Gjennomføre ein kvalitetssikra brukarundersøking i samsvar personvernlovgjevinga og IMDi sine retningslinjer for alle deltakarar i opplæring og/ eller i introduksjonsordning.			100%
<b>Teneste "objektiv målt kvalitet"</b>	<b>Vaksenopplæringa:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Innvandrarar som gjennomfører skriftleg norskprøve med resultat A2 eller høgare (lese, lytte, skrive)</li><li>Innvandrarar som gjennomfører munnleg norskprøve med resultat A2 eller høgare</li><li>Innvandrarar som oppnådde B1 i alle disiplinar på A2/B1 og B1/B2-prøven</li><li>Innvandrarar som gjennomfører prøven i samfunnskunnskap/ statsborgarprøven og består</li><li>Kandidatar som gjennomfører grunnskuleeksamen</li><li>Grunnskuleeksamen; karakteren 2 eller over ( 4 i 2018; 100% med karakteren 2 eller over)</li></ul> <b>Flyktingtenesta:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Andel av flyktingane som er i jobb eller utdanning når introduksjonsprogrammet blir avslutta (2019)</li><li>Andel av flyktingane som er i jobb eller utdanning 1 år etter avslutta introduksjonsprogram: (Vidaregåande skule: 50%, Arbeid: 29% Grunnskule/ annet: 21%)</li></ul>	90% 90% 67% 100%	85% 84% 41% 77% 9 67%	90% 90% 50% 90% 12 67%

## 7.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

---

### **Flyktingtenesta og Vaksenopplæringa:**

- Kvar deltakar i norskopplæring og/eller i introduksjonsprogram skal ha ein individuell plan som blir utarbeidd av Vaksenopplæringa, Flyktingtenesta og deltakaren sjølv i lag. Planen skal bidra til å styrkje deltaking i yrkes- og samfunnsliv, samt økonomisk sjølvstende. Det kan vere ei utfordring å halde fristane for halvårleg evaluering og justering.
- Den individuelle planen ligg til grunn for eventuell utviding av tida for deltaking i introduksjonsordning (normalt 2 år etter busetting) og for vedtak om grunnskule.
- Samarbeidsavtale mellom NAV Vestnes og EKI (forkorting for Eining for kvalifisering og integrering) er utarbeidd og blir evaluert/ og justert ein gong i året. Ei utfordring er til ei kvar tid å ha ein avtale som er i tråd med dei strenge statlege føringane for samarbeid mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten med krav om tidleg involvering.
- Busetting av personar frå land som ikkje kjenner til moderne standard i norske bustader, t.d. kjennskap til og bruk av elektriske artiklar i heimen, innlagt vann, regulert kloakksystem, mm, er særskilte utfordrande.

### **Flyktingtenesta:**

- Vestnes kommune leiger private bustader til flyktingar i tillegg til bruk av kommunale bustader. Samarbeidsavtale med Eining for eigedomsdrift er utarbeidd og blir evaluert årleg. Utfordring i det å gi god nok opplæring i alle sider ved det å bu og ivareta bustaden. Kommunen har utarbeidd sjekklister til bruk ved heimebesøk som også inkluderer branntilsyn.
- EKI motiverer for at flyktingar overtar leigeforhold/ kjøper privat bustad når rammene er på plass for det.
- EKI og Eining for kultur samarbeider med fokus på inkludering gjennom frivilligheit. Det er naturleg at tiltak som blir starta i EKI og er aktuelle for vidareføring, blir overtatt og koordinert gjennom Frivilligsentralen og frivillige organisasjonar.
- Deltaking i lag og organisasjonar er viktig kvardagsintegrering, spesielt for barn. EKI prioriterer derfor tilrettelegging for deltaking høgt. Det er viktig at laga legg til rette for at foreldre får gjere dugnadsinnsats på lik line med dei norske foreldra, noko som kan vere ei utfordring.
- Tett samarbeid med NAV, legesenter, helsestasjonen og psykisk helseteam på individplan, er viktig ved busetting og undervegs i introduksjonstida, for nokon i heile 5-årsperioden. På systemplan blir det halde halvårlege møte der alle samarbeidspartar deltar.
- EKI dekkjer 30% helsesjukepleiarstilling for å sikre ivaretaking av barn av busette flyktingar og 10% helsesjukepleiarstilling for å gjennomføre ICDP.
- Overgangen frå introduksjonsprogram med stønad til arbeid/ utdanning kan vere utfordrande. EKI har rutinar for bruk av Lånekassa sine støtteordningar, slik at dei som blir utskrivne av introduksjonsordninga før dei har avslutta grunnskulen, får fullføre med statleg stipend. Nokon skaffar seg også arbeid i tillegg til stønad frå Lånekassa, jf. norske skuleelevar.
- Utfordring i å leggje til rette for arbeidsretta løp for dei som har liten eller ingen skulebakgrunn frå heimlandet og vil ha problem med å fullføre eit utdanningsretta løp. Vestnes har fått rettleiing frå IMDi m.a. på dette fokusområdet. For å lukkast må ein ha gode samarbeidsavtalar med lokalt næringsliv og aktuelle kommunale arbeidsplassar.
- Kommunestyret gjorde i 2019 vedtak om at alle einingar skal ta i mot minimum 1 flykting i ein eller annan form for praksis. Informasjon om dette må sendast til alle einingar.

### **Vaksenopplæringa:**

- Kvalitetssikre at opplæringa i norsk og samfunnskunnskap til alle deltakarar blir individuelt tilrettelagt med bakgrunn i kartlegging av skulebakgrunn frå heimlandet (rett spor) og norsk-kunnskapar (rett nivå). I ein liten kommune som Vestnes må ein av og til akseptere at deltakarar med ulikt språknivå må gå i same klasse, noko som kan vere ei utfordring.
- Tilby grunnskule over 2-3 år der første året er på førebunde nivå og andre året er 10. klasse med standpunktkarakterar og grunnskuleeksamen tilsvarande 10. klasse i grunnskulen. Det er ei utfordring at nokon vil ta grunnskulen på eitt år sjølv om dei har lite skulebakgrunn frå heimlandet, men det er fleire no som ser at dei treng lengre tid. Dei som har rask progresjon får realkompetansevurdering i fag slik at dei raskare kan søkje seg inn i vidaregåande skule.
- Gje god rettleiing til dei vaksne i høve innsøking til vidaregåande skule og høgare utdanning. Gje hjelp til innsending av dokument til NOKUT. Det er viktig å rettleie deltakarane slik at dei gjer val med bakgrunn i egne evner/ interesser/ føresetnader og i samsvar med arbeidsmarknadsbehovet framover.
- Grunnleggjande ferdigheiter; lesing, skriving, rekning, munnleg framstilling og digitale ferdigheiter er viktig for alle og skal inn i alle fag. Utfordring i å byggje tilbod som inneheld grunnleggjande ferdigheiter i kombinasjon med relevante tema i eit arbeidsretta løp.

## **7.4 Kva har vi oppnådd i 2019? Tenesteyting og kompetanseauke**

---

### **Tenesteyting - Flyktingtenesta og Vaksenopplæringa:**

- Oppnådd at 89% av dei som vart utskrivne av introduksjonsordning i 2019 gjekk direkte over i arbeid eller utdanning. Talet er høgt og vil bli lagt merke til på nasjonalt nivå. I 2018 var talet 85%, og kommunen fekk då gratulasjonshelsing frå staten.

### **Tenesteyting - Flyktingtenesta:**

- Busett 2 flyktingfamiliar, totalt 11 personar, - alle overføringsflyktingar der FN har godkjent asylsøknaden i flyktingleir i venteland. IMDi anmoda Vestnes om å busette 12 i 2019, men kommunen fekk tildelt 11 utan at det vart informert om årsak. Kommunestyrevedtaket for 2019 var på 15 personar.
- Vestnes har ikkje tatt i mot sekundærbusettingar i 2019.
- Alle busette fekk starte i introduksjonsprogram med stønad kort tid etter at dei vart busett, noko som er særskilt viktig for helse og trivsel. EKI prioriterer derfor dette høgt.
- 10 har avslutta introduksjonsordning i 2019. Av desse er 3 i arbeid og 6 i vidare utdanning; resultat 90% (IMDi-resultat 89%). Fleire av dei busette er i høgskuleutdanning.
- 2 busette fekk tilbod om kvalifisering gjennom deltaking på matkurs i Rauma 2018/19
- Fleire av dei som vart busett som flyktingar i Vestnes har kjøpt seg hus eller har gått over til private leigeavtalar noko som er særskilt positivt.
- Mange av dei busette har tatt sertifikat. Frivillig innsats i køyreopplæringa frå lokalbefolkninga har vore viktig for å oppnå dette samt at Røde Kors stiller bil.
- Gjennomført leksehjelp i gruppe for barn og foreldre kvar veke i skuleåret.
- Gjennomført leksehjelp til flyktingar i vidaregåande skule i skuleåret.

- Vestnes kommune har fått fleirårig tilskot frå Bufdir til foreldrestøttande tiltak. EKI har gjennomført foreldrerettleiingsprogram ICDP som del av prosjektet i 2018 og -19.

### Tenesteyting - Vaksenopplæringa:

- Tilbydd norskopplæring på spor 1 - 3 og på nivå A1 – B1, samt alfagruppe for dei med liten eller ingen skulebakgrunn.
- Gjennomført ordinær grunnskoleeksamen skriftleg og munnleg for 9 personar og gjennomført realkompetansevurdering når personar har nok kunnskap til det.
- Gir opplæring til ny avgangsklasse med 12 deltakarar frå Vestnes og Rauma der storparten av dei vil fullføre grunnskulen våren 2020.
- Gjennomført prøver i norsk skriftleg med 3 delprøvar og gjennomført munnleg norskprøve lokalt i samarbeid med Rauma kommune.
- Gjennomført samfunnskunnskapsprøver på morsmål/ norsk samt statsborgarprøver, totalt 13 personar tok slike prøver i 2019.
- Tilbydd spesialundervisning etter søknad.
- Vestnes kommune fekk tilskot frå KompetansePluss til å gjennomføre kurs/ opplæring i norsk og digitale ferdigheiter for tilsette innan helse- og omsorgssektoren. Kurset som vart planlagt i samråd med leiarane i helse- og omsorg, starta opp hausten 2018 og vart avslutta våren 2019.



Utdeling av vitnemål til grunnskuleklassa våren 2019. Fotograf: Toril Alvsåker

## Kompetanseauke EKI:

- 3 tilsette deltok på landinformasjon om Kongo arrangert av IOM. Kongo er eit nytt land som Vestnes kommune buset i frå, så det er viktig å få opplæring i kva tilhøve dei er vande med der dei kjem i frå.
- Opplæring i prioriterte tema innan psykisk helsearbeid, m.a. om utfordringar som kan kome for personar som har opplevd store traume noko som òg kan hindre læring
- Opplæring i sikring som HMS-tiltak i høve bygget og personane som oppheld seg der
- Årleg vaksenopplæringskonferanse arrangert av Fylkesmannen i Møre og Romsdal med prioriterte tema innan arbeidsfeltet. Alle tilsette i Vaksenopplæringa deltar.
- Kompetanseheving vedrørende handlingsplanen mot vald i nære relasjonar.
- Kompetanseheving gjennom deltaking i samarbeidsforum lokalt i kommunen og i ulike fylkesnettverk.

## 7.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Gjennomført rettleiingsprogrammet ICDP for å støtte foreldre og omsorgspersonar til å fremme den psykososiale utviklinga hos barn og unge.
- Fokus på å ta vare på fysisk og psykisk helse gjennom rettleiing i kosthald og mosjon/trening. Ein legg òg opp til læring i praksis gjennom matlaging og turar i nærmiljøet.
- Krisesenteret har hatt opplæring om vald i nære relasjonar til alle deltakarar og tilsette i EKI.

## 7.6 Økonomisk resultat 2019

Driftseining Alle tal i 1000 kr	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019			Budsjett 2019	Avvik 2019	
		Utgifter	Inntekter	Netto		i kroner	og i %
Vaksenopplæring (2701)	1 062	5 428	3 391	2 037	1 298	739	56,9
Busette flyktningar (3218)	7 892	10 097	1 938	8 159	8 189	-30	-0,4
<b>Sum</b>	<b>8 954</b>	<b>15 525</b>	<b>5 329</b>	<b>10 196</b>	<b>9 487</b>	<b>709</b>	<b>7,5</b>

- Det er eit meirforbruk på omlag 700 000,- kr i 2019. I 2018 vart det eit mindreforbruk på 1,3 millionar på grunn av få i introduksjonsprogram og høge statsrefusjonar.
- Budsjettet til EKI vart redusert tidleg på hausten då ein sentralt i kommunen vurderte det slik at eininga låg an til eit mindreforbruk, og at busettingstalet var usikkert. Men busettingane kom på slutten av året i 2019 slik det erfaringsmessig har vore over fleire år. Busetting, innlemming i introduksjonsordning og morsmålsassistentar i skule og barnehage kostar, så eininga må ha midlar til dette i samsvar med busettingstalet som kommunestyret har bestemt. Utan denne reduksjonen i budsjettet ville eininga ikkje hatt meirforbruk.
- Særskilte tilskot blir tildelt av staten gjennom året på grunnlag av søknad og gir kommunen refusjon for spesielle tiltak til personar i målgruppa.
- Alle utgifter til busette flyktningar blir ført på 3218; etablering ved busetting, introduksjonsstønad, helsestasjonsteneste, barnevernsteneste, tolketeneste, utbetalingar

- frå nav, husleigeutgifter som Eining for eigeomsdrift har til målgruppa samt grunnskuleopplæring for barn/unge (Helland skule fekk overført 2,1 millionar frå Flyktingtenesta i 2019 i tillegg til at Flyktingtenesta dekkjer assistentar direkte over eige budsjett).
- Statstilskot til vaksenopplæring vart lågare enn budsjettert då tilstrøyinga av vaksne innvandrar med rett og plikt som medfører statsrefusjon, er lågt.
- Alle utgifter til vaksenopplæring er ført på 2701; opplæring i norsk og samfunnskunnskap inkludert prøveavvikling, grunnskulopplæring for vaksne inkludert eksamensavvikling, spesialundervisning for vaksne samt introduksjonstema som del av introduksjonsprogrammet for flyktingar.
- Prosjektrekneskapen er ført på eige ansvar.

## Utvikling 2014 – 2019

Eining	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring 2014 - 2019	
							sum	i %
Vaksenopplæringa	128	-330	176	1 803	1 062	2037	1 909	1491,4
Busette flyktingar	3 856	5 539	8 201	8 910	7 892	8159	4 303	111,6
<b>SUM</b>	<b>3 984</b>	<b>5 209</b>	<b>8 377</b>	<b>10 713</b>	<b>8 954</b>	<b>10 196</b>	<b>6 212</b>	<b>155,9</b>

- Vestnes kommune har busett flyktingar i heile perioden i samsvar med anmodning frå IMDi. Første år med busetting var i 2013, årlege tal går fram av gjeldande busettingsplan. Kommunen har i perioden også tatt i mot familiegjenforeinte med busette flyktingar og personar/ familiar med sterk tilknytning til kommunen som har søkt sekundærbusetting. Personar har også flytta til andre kommunar i perioden. Integreringstilskotet for 2019 var på vel 11 millionar kroner.
- Busettingsarbeidet blir meir ressurskrevjande år for år då dei som kjem er meir utfordrande å integrere enn dei som vart busett tidlegare år.
- Kvalifiseringsarbeidet må rettast meir inn i mot arbeidsretta løp.
- Den kommunale delen av budsjettet til vaksenopplæringa er aukande då tilstrøyinga av vaksne innvandrarar som utløyser statstilskot har gått ned år for år. Det er òg naturleg då både grunnskuleopplæring og spesialundervisning er ei kommunal teneste heimla i opplæringslova.

---

## Kap 8 Kultur og fritid

---

### Visjon:

#### Midt i blinken for det gode liv i Vestnes.

Opplæring, møteplassar, kultur og frivilligheit

### 8.1 Oversikt over sektoren

---

Følgjande tenester vert omhandla i dette kapitelet: Vestnes kulturskule, allment kulturarbeid i sentraladministrasjonen, Vestnes frivilligsentral og Vestnes folkebibliotek.

Teneste	Årsverk 2018	Årsverk 2019	Ev. merknader
Kulturskulen	9,78	9,41	0,2 årsverk er kjøp av reinhaldstenester 0,15 årsverk er kjøp av danselærer frå Operaen i Kristiansund
Kultur i sentraladm.	0,6	0,6	
Frivilligsentral	1	1	
Biblioteket	1,7	2,1	0,1 årsverk vert brukt til vikar/sommarope bibliotek. 0,4 årsverk – ekstraressurs med lønstilskot frå NAV

### 8.2 Resultatmål – Kultur og fritid

---

Kultur i sentral-administrasjonen	Type sak – resultatmål	Resultat 2019	Mål 2020
Kulturtemaplan: «Idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv, kulturbygg og kulturminne.»	Gjennomføre ei årleg temaplanrulling. Temaplanen blir tiltaksrullert og godkjend av kommunestyret i desember kvart år.	Fleire nye prosjekt vart tatt inn i temaplanen. Eit var søknadsklart i 2020, medan fleire er på planstadiet og kan bli søknadsklare i 2021.	Gjere saksgangen frå ide til søknadsklart prosjekt meir kjent gjennom temakurs og å vere ein aktiv medhjelpar gjennom året.
Spelemiddelordning, tilskotsformidling. Idrett og friluftsliv	Forvaltningsplanlegging og saksførebuing i samarbeid med off. etatar, idrettsråd, friluftsråd m.fl.  Samarbeid med idrettsrådet og musikkrådet i samband med tildeling av kommunale kulturmidlar.	Midlar til nytt kunstgrasdekke i Tomrefjord vart vedtatt under behandlinga av investeringsbudsjettet for 2020.  Turveg i Tresfjord under planlegging.	Gjere spelemiddelordninga og andre eksterne midlar meir kjent blant lag og organisasjonar.  Vere ein aktiv medhjelpar for lag og foreiningar i prosessen med å søke eksterne midlar. To kurs om temaet blir gjennomført i 2020.

<b>Stadnamnlov, kulturvern, bygdebokarbeid, museum</b>	Møte frivillige lag og organisasjonar rundt om i kommunen. Utføre og koordinere saksførebuing for adm.sjefen.	Det er framleis ressursmangel knytt til ferdigstilling av bygdebokarbeidet. Møte med Båtbyggarmuseet ang. prosjektplanar.	Vidare oppfølging av saksområdet.
<b>Barnerepresentant-ordninga</b> <b>Koordinator for Vestnes ungdomsråd</b>	Utøve oppgåva og ansvaret tilfredsstillande med tanke på statlege og lokale retningslinjer.	I samband med innføring av ny kommunelov, fekk leiar og nestleiar møte- og talerett i kommunestyret.	Sikre at ungdomsrådet får reell medverknad i saker som angår dei. Samarbeid med rådet ved søknad og utvikling av planlagt ungdomsprosjekt.
<b>TV-Aksjonen, kommunekomiteen</b>	Førebuing og gjennomføring saman med ordførar og Frivilligsentral/frivillige.	Godt samarbeid med kommunekomiteen og frivillige. I enkelte krinsar var det mangel på bøsseberarar.	Fortsette det gode samarbeidet med kommunekomiteen og frivillige. Rekruttere nye rodeleiarar og bøsseberarar.
<b>Tusenårsstaden/ Nyttårsmarkering</b> <b>31/12 ved Sjøbua/Kataholmen.</b>	Førebuing og gjennomføring i samarbeid med Vestnes Brannvesen og teknisk vakt.	Fin markering ved Kataholmen. Brannvesenet stod for oppskyting av fyrverkeri.	Markering på planstadiet. Ønske om å markere at Hjelvik og Vågstranda blir ein del av kommunen frå 2021.
<b>Kulturpris og næringspris</b>	Saksførebuing, annonsering og gjennomføring i samarbeid med adm. og ordførar.	På grunn av for lite antal nomineringar, vart berre kulturprisen utdelt i 2019.	Kommunestyret har gjort vedtak om at prisane skal delast ut annakvart år. Kulturprisen i oddetalsår og næringsprisen i partalsår. Målet med dette er å få fleire gode kandidatar å velje mellom.

<b>Vestnes folkebibliotek</b>				
<b>Målområde</b>	<b>Styringsindikatorar</b>	<b>Mål 2019</b>	<b>Resultat 2019</b>	<b>MÅL 2020</b>
<b>Brukarundersøking</b>	Brukarundersøking (6 er beste score)	5,5	Ikkje hatt brukarundersøking	5,5
<b>Objektiv kvalitet/ Produksjon av tenester</b>	Utlån pr innbyggjar	4,3	4,4	
	Besøk pr innbyggjar	5,1	4,7 Truleg skuldast nedgangen at eine tilkomstvegen er stengt pga. bygging	4,9
	Biblioteket som møteplass	10 arrangement. Redusert grunna planlegging av nytt bibliotek	22 arrangement. Har klart å oppretthalde høg aktivitet trass i planlegging av nytt bibliotek	15 arrangement (reduert grunna planlegging av nytt bibliotek). Lage plan for opningsarrangement i nytt bibliotek.
	Nye brukargrupper	Makerspace-satsing for ungdom	Makerspaceutstyr er innkjøpt ved hjelp av midlar frå fylkeskommunen. Har arrangert Maritimt kulturlaug for 9.-klassingar.	Bygge ut makerspace-satsinga. Realisere VR-prosjektet for å visualisere Herman Lehmkuhl. Realisere ungdomsprosjekt i samarbeid med kultureininga, sjå pkt.

			Kodeklubben Vestnes er realisert ved hjelp av frivillige. Dei har sine møte i biblioteket. Har hatt forprosjekt innan VR-teknologi.	
<b>Strategi</b>	Arbeidsplan for biblioteksjef	Opprette barnehagebibl. Utarbeide plan for maritim profil for nytt bibliotek.	To barnehagebibliotek er oppretta i Tomrefjord. Planlegging av maritim profil er i god gang i samarbeid med næringsliv, båtbyggarmuseum og entreprenør.	Oppretthalde det gode samarbeidet med den øvrige kultureininga og realisere gode prosjekt i samband med innflyttinga i Stella Maris. Etablere nye samarbeidsrutiner i samband med innflytting i Stella Maris.

<b>Vestnes frivilligsentral</b>				
<b>Målområde</b>	<b>Styringsindikatorar</b>	<b>Mål 2019</b>	<b>Resultat 2019</b>	<b>MÅL 2020</b>
<b>Strategi</b>	Vestnes Frivilligsentral har ein fleirårig strategi.	Utvikle strategi for ny periode, 2020-2023.	Gjennomført, til vedtak på årsmøte 15.04.20.	Arbeide for å nå måla sett i strategien.
<b>Synleg</b>	Innbyggjarane i Vestnes kjenner til kva sentralen er og aktiviteten/tilboda til sentralen.	Frivilligsentralen er synleg i lokale media, kommunen sine heimesider og i sosiale media.	Delvis.	Frivilligsentralen er synleg i lokale media, nettsider og i sosiale media.
<b>Forankring i frivilligheita</b>	Vestnes Frivilligsentral er ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheita i Vestnes kommune.	Frivilligsentralen oppsøker frivilligheita og tilbyr støtte og rettleiing i organisasjonsarbeid/prosjekt, og er aktiv på Tilskuddsportalen.no	Delvis gjennomført. Arrangert Frivilligdagen.	Frivilligsentralen oppsøker frivilligheita og tilbyr støtte og rettleiing i organisasjonsarbeid, samarbeidsprosjekt, og er aktiv på Tilskuddsportalen.no
<b>Objektiv kvalitet/ Produksjon av tenester</b>	Ha gode møteplassar for innbyggjarane i Vestnes med aktivitetar for ulike aldersgrupper  1) Full Rulle 2) Tirsdagskaffe 3) Gåturar 4) Datakurs 5) Språkkafé 6) Frivilligdagen – fole kjekt i Vestnes! 7) Aktivitetsvenn for demente 8) Habil, øvingskøyning 9) Strikketreff (ny 2018)	1) Oppretthalde 2) Oppretthalde ein gong i veka i samarbeid 3) Gåturar vert til faste turar i Kråkvika Friluftsområde 4) Gjennomføre datakurs i samarbeid med bib. og andre 5) Opprette ein møteplass for integrering 6) Arrangere frivilligdagen 2019 7) Arrangere kurs 8) Oppretthalde 9) Oppretthalde	1) Gjennomført 2) Gjennomført 3) Gjennomført 4) Seniorakademiet har gjennomført datakurs på frivilligsentralen 5) Delvis, Ungdomsrådet møtte busette ungdom, Habil-prosjektet 6) Gjennomført 7) Vart utsett til vår 2020 8) Gjennomført 9) Gjennomført  Sjå Frivilligsentralen si eiga årsmelding for ei betre oversikt over aktivitet 2019.	1) Legge til rette for gode møteplassar for innbyggjarar i ulike alder og livssituasjonar 2) Legge til rette for samarbeidsprosjekt innan for frivilligheita 3) Legge til rette for godt samarbeid mellom frivilligheit og kommune 4) Arrangere FrivilligForum 5) Opprette Stella Maris venner 6) Opprette og drift av www.ivistnes.no i lag med resten av Kultureininga

	Koordinere turkonkurransen Stikk Ut! I Vestnes kommune.	Koordinere Stikk Ut! 2019.	Gjennomført. 15.866 turar registrert på dei 15 turmåla i kommunen. 394 aktive brukarar i kommunen.	Koordinere Stikk UT! 2020.
	Drifte og vedlikehalde Utstyrssentralen.	Drifte utstyrssentralen, etablere samarbeid med andre. Søke om midlar til innkjøp.	Delvis. Ørskogfjell skisenter har preppa alpinski. Søkt om midlar til meir utstyr.	Drifte utstyrssentralen, etablere samarbeid med andre. Søke om midlar til innkjøp og drift med faste opningstider.
<b>Organisasjon</b>	Tilsett dagleg leiar i 100% stilling. Styret har hatt 2 styremøte i tillegg til årsmøte. Vestnes kommune er eigar av sentralen.	Arbeide for auka midlar i form av ekstern prosjektstøtte til ulike aktivitetar.	Delvis. Har blitt søkt om midlar til ivestnes.no, Stella Maris venner og Utstyrssentral for 2020.	Arbeide for auka midlar i form av ekstern prosjektstøtte til ulike aktivitetar.

<b>Vestnes kulturskule</b>				
Målområde	Styringsindikatorar	Mål 2019	Resultat 2019	MÅL 2020
<b>Opplevd kvalitet frå elevar og føresette</b>	Brukarundersøking - skala 1-6, der 6 er best	Ei forbetring frå 2018	Ikkje gjennomført	Ei forbetring frå 2018
<b>Objektiv kvalitet/ Produksjon av tenester</b>	Elevplassar ved skulen	Å få opp talet på elevar i musikkfaget.	Til trass for rekrutteringsopplegg går talet på plassar i musikk ned.	Gjere kulturskulen meir tilgjengeleg for born i låginntektsfamiliar.
	Grunnprogrammet	Vidareførast og vil bli justert litt etter evaluering til våren	Gjennomført - mindre gruppe - i ein grunnskule	Å få fleire til å delta på dette tilbodet
		Oppstart av barnekor hausten 2019	Gjennomført	Å auke talet på medlemmar
	Kjerneprogrammet	Nytt sommarkurs i 2019 - i teater	Gjennomført	Å samarbeide om teaterkurs - med Gapskrattfestivalen.
		Starte storband	Gjennomført – deltok på UKM – skal evaluerast	Vidareførast i 2020 – med atterhald om nok påmeldte.
		Gjennomføre kurs i kunstfaget	Gjennomført eit kurs i visuell kunst hausten 2019 – stor interesse for fagtilbodet.	Arrangere kursrekke i visuell kunst vidare.
	Fordjupingsprogrammet	Musikk: Vidareføre og utvikle tilbodet. Satse på UMM som arena for utvikling	Meget vellukka satsing. Årets muskar i 2019 kjem frå Vestnes Kulturskule.	Vidareføre og utvikle tilbodet. Satse på UMM som arena for utvikling.
Dans: Vidareføre og utvikle tilbodet		Gjennomført - god utvikling i dansegruppene.	Vidareføre og utvikle tilbodet. Gå ut av avtalen med Operaen, heller samarbeide med andre kulturskular i Romsdalsregionen om felles stillingsressurs.	

	Verksteder i grunnskulen  Den kulturelle skulesekken – og samarbeid med grunnskulen elles.	Satse vidare på verkstadproduksjonar i eigen kommune	Gjennomført følgande:  - Animasjonsverkstad - Danseverkstad - Maritimt kulturlaug i samarbeid med biblioteket	Vidareføre eksisterande verksteder – og produsere ein ny om konfeksjonsindustri i Vestnes.
		Korps i skulen	Gjennomført ved Tomrefjord Skule i 2019 – samarbeid med Tomrefjord Skulekorps. Må evaluerast.	Vidareførast - men truleg som kortare økter. Ikkje heile skuleåret. Vurdere fleire skular – kjem an på finansiering av tilbødet.
	Kulturtilbod for eldre.  Den kulturelle spaserstokken (DKSS)	Søke midlar til 2 nye produksjonar	Gjennomført - har fått midlar til produksjon om konfeksjonsindustri i Vestnes.	Gjennomføre planlagde produksjonar. Søke om nye midlar i 2020.
		Samarbeide med pensjonistlaga for å sikre at vi tilbyr det målgruppa ønskjer – kanskje i ei anna form	Gjennomført - har jamlege møte.	Vidareføre det gode samarbeid med pensjonistlaga om DKSS
	Rammeplan og lokalt læreplanarbeid	Fullføre arbeidet med å lage lokal læreplan	Ikkje gjennomført - Kapasitetsutfordring	Vurdere veiledning frå Norsk Kulturskoleråd i 2021
	Lokale fagplanar	Revidere fagplanane i samsvar med nasjonale føringar	Ikkje gjennomført - Kapasitetsutfordring	Vurdere veiledning frå Norsk Kulturskoleråd i 2021
	UKM Ung Kultur Møtes	Arrangere UKM i tråd med varsle nye føringar frå fylket	Gjennomført. Vellukka.	Fortsette arbeidet- Ungdomsrådet skal frå no av stå som hovudarrangør.

## 8.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

### Felles for kultureininga

- Basert på dei erfaringane vi har gjort oss gjennom samarbeid, meiner einingsleiar at det hadde vore ein fordel om alt kulturarbeid i kommunen hadde vore samla som ei eining. Dette ville styrka sektoren.
- Det er utfordrande for leiar å skulle både handtere stillinga som rektor for kulturskulen og einingsleiar for kultureininga.

### Kultur i sentraladministrasjonen

- Stillingsarbeidet i sentraladministrasjonen femnar vidt ved at ein både har fagleg kontakt med kultureininga, og samstundes har tett kontakt med økonomiavdeling, planavdeling, tekniske tenester og eining for eigedomsdrift.

- Å vere barnerepresentant og koordinator for ungdomsrådet og idrettsrådet er delegerte tilleggsoppgåver. Det same gjeld mellom anna årleg arbeid med TV-Aksjonen, kulturprisen, næringsprisen og nyttårsmarkeringa.
- Nye retningslinjer i spelemiddelordninga forenkla arbeidet frå kommunen si side, men oppfølging og tett dialog med søkar er framleis viktig.
- Det har i fleire år vore ressursmangel knytt til slutføring av bygdebokarbeidet i kommunen.

### **Vestnes folkebibliotek**

- Arbeidet med å utforme det nye biblioteket, samt innflytting, vil prege 2020.
- Utlånssystemet vi nyttar i dag vil bli fasa ut, og vi håpar å få til ein felles innkjøpsavtale saman med andre bibliotek i fylket for å redusere kostnader.
- Den felles nettportalen for bibliotek i Møre og Romsdal er utdatert, og det vert arbeidd med å finne nye løysingar på dette i samarbeid med Møre og Romsdal fylkesbibliotek.

### **Vestnes frivilligsentral**

- På Årsmøte 2020 vil det vedtakast ny strategi for Frivilligsentralen sitt arbeid for perioden 2020-2023. For komande strategiperiode vert det viktig å bli endå tydelegare på kva Vestnes Frivilligsentral skal vere. Det har skjedd store endringar sidan sentralen vart oppretta, både når det gjeld retningslinjer for frivilligsentralane, men også politikken rundt frivilligsentralar og frivilligheit generelt.  
I stortingsmeldingar og reformer vert det lagt inn forventningar til at frivilligheita i større grad skal bidra til å løyse ulike samfunnsutfordringar og problemstillingar. Det er viktig i dette å hugse at frivilligheita sin aktivitet har ein verdi i seg sjølv, og at frivilligheit må skje på frivilligheita sine premiss. Forsking syner også at for at frivilligheita skal blomstre treng ein både ein sterk velferdsstat som gjer at folk har kapasitet til å vere frivillige, og at ein må inkludere frivilligheita på dei premissane den sett. God dialog og koordinering, samt ressursar til dette, er ofte avgjerande faktorar for å få til gode synergjar mellom det frivillige og offentlege. Frivilligsentralen må sjå på korleis ein kan styrke rolla som eit bindeledd mellom det frivillige og det offentlege, på frivilligheita sine premissar. Eit verkemiddel er å arrangere årleg treffpunkt for frivilligheita, både gjennom frivilligdagen og FrivilligForum. Ein bør sjå nærare på å etablere ein frivilligplan.
- For å oppnå større deltaking og eigarskap til frivilligsentralen, vil det bli arbeidd med å etablere Frivillig Forum, eit rådgjevande organ beståande av frivilligheita.
- Frå 2021 vil støtte til drift av frivilligsentralar gå over i den generelle ramma til kommunane, og vert tildelt etter talet på innbyggjarar. Om det vert iverksett vil Vestnes kommune motta ca 230.000 kr i 2021. For 2020 er støtta på 427.000 kr.

### **Vestnes kulturskule**

- Vi treng nye lokale, og dette har vore prekært i fleire år. Vi satsar på at 2020 blir det året då det blir tatt ei avgjersle på kvar vi skal halde hus dei neste åra.
- Stortinget har bedt regjeringa legge fram ei stortingsmelding om ein styrka kulturskule for framtida. Det er knytt stor spenning til kva dette inneber.
- Det blir forventa frå regjeringa at kulturskulen samarbeider tettare med grunnskulen, og at kommunen som skuleeigar ser tilsettingar i grunnskule og kulturskule i samanheng.
- Det er sterke føringar frå Norsk kulturskoleråd om å tilsette fagpersonar med pedagogisk utdanning i kulturskulane. Ved eventuelle nye utlysingar vil vi ta høgde for dette.

- Dei som allereie er tilsett som manglar pedagogikk må få høve til å ta PPU- utdanning. Det blir arbeidd med å tilby fleire studieplassar for kulturskulelærarar som manglar dette i si utdanning.
- Det er knytt stor spenning til den nye barne- og ungdomskulturmeldinga som kjem hausten 2020.
- Framtidas kulturskule krev ein skuleleiar som er tett på personalgruppa, og som har tid og rom nok til å drive godt utviklingsarbeid. Dette lar seg vanskeleg gjennomføre med rektor for kulturskulen og einingsleiar for kultur i ei og same stilling.

## 8.4 Kva har vi oppnådd i 2019? Tenestyting og kompetanseauke

---

### Felles for kultureininga:

- Kultureininga samarbeider med næringslivet, mellom anna om ny nettstad – [www.ivestnes.no](http://www.ivestnes.no). Nettstaden blir lansert i mai 2020.
- Kultureininga arbeider aktivt for å få til meir samarbeid med dei andre sektorane i kommunen.
- Kultureininga søker prosjektmidlar til prosjekt som femner tverrfagleg.
- Kultureininga har vore med i OU prosjektet kring Stella Maris – og er med på å etablere livsgledekommunen Vestnes, samt få til ei ordning der Stella Maris blir sertifisert som «livsgledehjem».
- Kultureininga har oppretta, og tatt ansvar for Facebooksida Stella Maris- som følgjer huset i byggeperioden.
- Kultureininga er tildelt ansvaret for arbeidet med den kunstnarlege utsmykkinga av Stella Maris

### Kultur i sentraladministrasjonen

- Etter søknad til fylkeskommunen, fekk kommunen i 2019 tildelt 200 000 kroner i postvegmidlar. Fylkeskommunen skal over ei treårsperiode løfte fram historia om postvegen gjennom ei øymerka tilskotsordning. Midlane kommunen har fått tildelt i steg 1, er øymerka utgifter til skilting og manusforfattar.
- Midlar til nytt kunstgrasdekke på bana ved Tomrefjord idrettsbygg er avsett på investeringsbudsjettet for 2020.
- Nytt turvegprosjekt er under planlegging i Tresfjord.
- Deltaking på kurs i samband med nye retningslinjer og reglar i spelemiddelordninga.

### Vestnes folkebibliotek

- Det er svært gledeleg at tal på utlån har auka.
- Biblioteksjef gjennomførte utdanningsprogrammet Barn, medier og bibliotek, samt leiarutviklingskurs.
- Saman med Båtbyggarmuseet mottok vi kr 60000,- frå Bergesenstiftelsen for å kunne bygge om og overflatebehandle gjenstandar frå Vestnes' skipsbyggerhistorie til bruk i det nye biblioteket.



Nils Ingar Aadne har foredraget Prosjekt toppidrett, eit samarbeid mellom Bjørnsonfestivalen og Vestnes folkebibliotek. Foto: Vigdis Ødegård

### **Vestnes frivilligsentral**

Vestnes Frivilligsentral har i hovudsak nådd sine mål for 2019. Det har vore ei vidareføring av etablert aktivitet, samtidig har ein gjort nokre endringar. Faste aktivitetar er Full Rulle (småbarnstreff), Gåturar, Kulturkafé, Strikketreff, Stikk UT!, utstyrssentral, Habil (øvelseskøyring), Frivilligdagen og Aktivitetsvenn for demente. Tirsdagskaffe er eit samarbeid mellom Vestnes pensjonistlag, Vestnes Røde kors og Gamleskulens vener.

I tillegg har Frivilligsentralen bidratt mykje i arbeidet med å etablere ein fylkesorganisasjon for frivilligsentralar. I 2019 har ein hatt fleire møter med fylkeskommunen for å synleggjere behov til frivilligsentralane og den lokale frivilligheita i kommunane. Dagleg leiar sitt i fylkeskommunen si referansegruppe for utvikling av temaplan på frivilligheit.

Vidare har Frivilligsentralen arbeidd med Velkomstpakke for nye innbyggjarar og [www.ivistnes.no](http://www.ivistnes.no) (dialogmøte med organisasjonane m.a), deltatt i prosjektgruppe for nytt bibliotek, og deltatt i arbeidet med livsglede kommunen Vestnes og Stella Maris. For utfyllande informasjon og om meir aktivitet sjå gjerne Frivilligsentralen si eiga Årsmelding.



Frivilligdagen 2019 - Foto: Karianne B. Austnes

### **Vestnes kulturskule**

Kulturskulen har stort sett nådd måla sine i 2019. Vi vil trekkje fram følgjande som gode eksempel:

- Storsatsinga Nøtteknekkaren gjekk for tre fulle hus på Idahall. Blir ein årleg tradisjon for danse-elevane ved kulturskulen.
- Florian Rademacher Krogsæter og Emil Rademacher Krogsæter gjekk til finalen i Ungdommens musikkmeisterskap.
- Florian Rademacher Krogsæter som spelar althorn vart kåra til ÅRETS MUSIKAR 2019, og har turnert over heile landet dette året. Han har og vore solist med KORK i TV sendinga ønskekonsernten.
- Roman Mohylevyts frå Vestnes Kulturskule vart tildelt draumestipend frå Norsk tipping og Norsk kulturskoleråd.
- Florian Rademacher Krogsæter vart kåra til årets kulturskuleelev i 2019.
- Emil Rademacher Krogsæter som solist, og Kulturskulen sin messingkvintett gjekk til ny UMM finale i Oslo, etter regionalt meisterskap i Ålesund hausten 2019.
- Leinga ved kulturskulen har gjennomført og bestått første år av leiarutdanninga «Ledelse av prosesser» i regi av Norsk Kulturskoleråd og Høgskulen Innlandet og Lederskap AS



*Florian Rademachere Krogseter, årets musikal i 2019. Foto: Egil Hofslø*

## 8.5 Tiltak for å fremme folkehelse

---

### Felles for kultureininga

Det ligg eit stort potensiale i auka samarbeid mellom kulturfeltet og dei andre tenestetilboda i kommunen. Einingsleiar og leiar for frivilligsentralen ska frå 2020 vere med i ei arbeidsgruppe for folkehelse i kommunen, og dette arbeidet blir det spanande å følgje framover.

Kulturektoren er ein viktig aktør i arbeidet for god folkehelse. Sektoren forvaltar kompetanse og kunnskap, legg til rette for læring, skapande og utøvande kulturaktivitet, og tilbyr eit bredt spekter av opplevingar og eigenaktivitet som er vesentleg for ei god folkehelse.

### Kultur i sentraladministrasjonen

Spelemiddelordninga er ein viktig støttespelar ved bygging og vedlikehald av idretts- og nærmiljøanlegg i kommunen.

Gjennom den årlege utlysinga av kommunale aktivitetsmidlar, bidreg kommunen til å legge til rette for eit variert tilbod innan kultur, idrett og fysisk aktivitet.

### Vestnes folkebibliotek

Det å ha ein fysisk møteplass blir stadig viktigare i ei digital verd. Det å ha ein uavhengig møteplass er av stor verdi for folk i alle aldersgrupper. Biblioteket er gratis, det jamnar ut økonomiske skilnader. Biblioteket er for alle, uavhengig av morsmål og etnisitet, og er ein viktig integreringsarena.

## Vestnes frivilligsentral

Frivilligsentralen huser og administrerer Utstyrssentralen. Utstyrssentralen låner ut gratis utstyr til alle, det bidreg til at fleire får tilgang på utstyr for deltaking i fritidsaktivitetar og friluftsliv. Ved skidagar på skulane er alt utstyr utlånt. Vi ser det er behov for meir utstyr. I tillegg har Frivilligsentralen friluftsutstyr som lag og organisasjonar kan låne gratis. Vestnes frivilligsentral koordinerer også Turregistreringa Stikk UT!. Desse tiltaka ilag med Frivilligsentralen sine gåturar stimulerer til meir fysisk aktivitet og ei betra folkehelse. Aktivitetsvenn for demente bidreg også til betra folkehelse, både for den med sjukdomen og for aktivitetsvennen.

Det er også mykje god folkehelse i ein sterk frivillig sektor. Kultur og frivilligheit står sentralt i det norske samfunnet, og fungerer som eit sosial lim som bidreg til å styrke samhaldet mellom folk og tettleiken av sosiale nettverk. Kultur og frivilligheita har ein verdi i seg sjølv, men er også ein dørøpnar til deltaking i lokalsamfunnet, og vert slik eit viktig arena for å skape trivsel og kjensla av å høyre til. Deltaking hindrar utanforskap, skapar trivsel og engasjement. Slike gode møteplassar gir god folkehelse. Frivilligsentralen hadde i 2019 mellom anna møteplassar for frivilligheita ( Frivilligdagen, temakveld), integrering (ungdomstreff, Habil), for foreldre i permisjon (Full Rulle) og for eldre (Tirsdagskaffe). Strikketreff er ein ny møteplass mellom unge vaksne og godt vaksne. Hagen rundt frivilligsentralen er også ein god møteplass.

## Vestnes kulturskule

I kulturskulane sin rammeplan, Mangfald og Fordjuping, står det følgande:

*“Kulturskulen tar vare på eit mangfald av kunst- og kulturfag og har som oppgåve å utvikle kunstfagleg kompetanse, uttrykksevne, kreativitet, kritisk sans og kulturell og sosial kompetanse. Dette er grunnleggjande for livsmeistring og danning” (Innleiinga s. 5)*

Det er ei stor kraft som ligg i kunst- og kulturfaga når det kjem til god psykisk helse, kjensle av meistring, tilhøyrighet og deltaking. I kulturelle fellesskap utviklar vi tryggleik og forståing for kva det vil seie å vere menneske, aleine og saman med andre.

## 8.6 KOSTRA-tal på området

Nokre KOSTRA tal	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
		<b>Kultursektoren, samla</b>					
Nto dr. utgift pr. innbyggjar	<u>2 415</u>	<u>2 361</u>	<u>2 541</u>	<u>2 094</u>	<u>2 254</u>	<u>2 183</u>	<u>1 764</u>
<b>Kulturskule</b>							
Nto utg kulturskule, pr innb 6 - 15 år	5 966	3 481	2 680	3 751	3 155	2 940	3 361
Andel elevar i kulturskule, pr. innb. 6 - 15 år	49,4	29,7	19,5	27,6	17,6	29,2	19,6
Kyrkje - Brt. utg. pr innbyggjar	740	741	630	750	745	585	559
<b>KOSTRA tal</b>							<b>Endring %</b>
- utvikling siste 7 år	2013	2014	2015	2016	2017	2018	14- 19

<b>Nto. Utg. kultur pr. innbyggjar</b>	<b>1 590</b>	<b>1 555</b>	<b>1 722</b>	<b>1 753</b>	<b>1 828</b>	<b>2 415</b>	<b>51,9</b>
Nto utg kulturskule, pr innb 6 - 15 år	5 647	4 831	5 834	6 117	5 908	5 966	5,6
Andel elevar i kulturskule, pr. innb. 6 - 15 år	37,6	37,4	36,8	36,6	34,9	49,4	31,4

## 8.7 Økonomisk resultat 2019

Eining	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019			Budsjett 2019	Avvik 2019	
		Utgifter	Inntekter	Netto		i kroner	og i %
Kultur	2 548	5 247	1 891	3 356	3 076	280	9,1
Kulturskulen	4 993	8 541	3 511	5 030	4 993	37	0,7
Bibliotek	1496	1985	324	1 661	1 549	112	7,2
Frivillighetssentral	816	878	68	810	877	-67	-7,6
Kyrkjelege føremål	4 897	5199		5 199	5 030	169	3,4
<b>Sum</b>	<b>14 750</b>	<b>21 850</b>	<b>5 794</b>	<b>16 056</b>	<b>15 525</b>	<b>531</b>	<b>3,4</b>

- Denne sektoren er samansett av kultur, kyrkjelege føremål og Kulturskulen (Kulturskulen, bibliotek og frivillighetssentral).
- Utgiftene i sektoren auka med vel 1,3 mill. kr frå 2018 til 2019; 8,9%. Nesten halvparten av dette gjeld Tomrefjord idrettsbygg som etter renovering fekk kraftig auke i husleiga.

## Utvikling 2014 - 2019

Eining	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring 2014 - 2019	
							kroner	i %
Kultur	1 949	1960	2 120	2 340	2 548	3 356	1 407	72,2
Kulturskulen	4 760	4740	4 773	4 932	4 993	5 030	270	5,7
Bibliotek	1 292	1277	1245	1448	1496	1661	369	28,6
Frivilligsentral	480	406	564	734	816	810	330	68,8
Kyrkjelege føremål	3 617	4290	4441	4764	4897	5199	1 582	43,7
	<b>12 098</b>	<b>12 673</b>	<b>13 143</b>	<b>14 218</b>	<b>14 750</b>	<b>16 056</b>	<b>3 958</b>	<b>32,7</b>

- Kultur auka mykje i 2019, og som nemnt gjeld det auka husleige i Tomrefjord idrettsbygg.
- Tilskott til kyrkjelege føremål er auka i takt med løns- og prisauke.
- Utgiftene til frivilligsentralen auka mykje i 2017, grunna at tilskott som tidlegare vart gjeve som øyremerka tilskott direkte til frivilligsentralen frå 2017 vart innarbeidd i rammeoverføringane til kommunen.

---

## Kap 9 Helse, omsorg og velferd

---

### 9.1 Oversikt over sektoren

---

Kapittelet omhandlar einingane Heimetenestene, Vestnes sjukeheim, Tresfjord trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet, Legesenter og NAV kommune.

#### Visjon for tenestene:

**Vestnes kommune tilbyr tenester av god kvalitet: på rett nivå, til rett tid og med rett kompetanse**

Teneste/ansvar	Årsverk 2018	Årsverk 2019	Ev. merknad
Heimesjukepleie	36,8	36,8	Inklusiv einingsleiar og avdelingsleiar
Rehabilitering, fysio-/ergo-/fotterapi, praktisk bistand, heimehjelp, støttekont, BPA, omsorgsløn, Dagtilbod til heimebuande, heimevaktm, tryggleiksalarm	12,0	12,7	
Tresfjord trygdeheim	22,5	22,5	Inkl. reinhald(byrå )
Sentralkjøkken	7,7	7,7	
Vestnes sjukeheim	45,7	45,7	Inkl. einingsleiar, merkantil og reinhald. Full drift korttidsavd.
Mariebo	10,0	10,0	
Oppigarden	9,7	9,7	
Ivartun	14,9	14,9	Inkl. einingsleiar merkantil, reinhald, tilsynslege
Vestnes legesenter	7,5	7,5	
NAV kommune	3,8	3,5	



Ein blid gjeng frå Heimesjukepleien  
Foto: Elisabeth Sylte

## 9.2 Resultatmål – Helse, omsorg og velferd

Målområde	Styringsindikator	Mål 2019	Resultat 2019	MÅL 2020
Teknologi/ IKT	Ferdigstilling Arbeidslister på CosDoc i Heimetenesta. Oppgradere informasjon på kommunens heimeside Gjennomføre nye statlege krav i IPLOS som ; <ul style="list-style-type: none"> <li>Legemiddelgjennomgang</li> <li>Oppleveling av trygghet</li> </ul>	x x x	x x x	x
	Uprøving av digital verktøy /Velferdsteknologiprojekt <ul style="list-style-type: none"> <li>Medisindispenser</li> <li>GPS</li> </ul> Opplæring i velferdsteknologiens ABC <ul style="list-style-type: none"> <li>Gruppe av Superbrukera</li> <li>Tilsette elles i institusjon og heimetenesta</li> </ul> Felles kartleggingsverktøy / rutinar for heilheitleg pasientforløp _ Implementering Utsifting av analoge tryggleiksalarmar til digitale	x x	x x	x x x x x
Brukarar “opplevd kvalitet”	<b>Brukarundersøking (partalsår)</b> <b>Hellandtunet, Vestnes sj.heim, Tresfjord Tr.heim</b> Undersøking ikkje gjennomført i 2019. Ny i 2020  <b>Heimetenestene: Brukarundersøking (partalsår)</b> Undersøking ikkje gjennomført i 2019. Ny i 2020  <b>Fysioterapi/Ergoterapi-tenesta 2019</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Får du den hjelpa du treng?</li> <li>Medverknad, blir du høyr?</li> <li>Behandla med respekt?</li> </ul>		93% 87% 100%	
Teneste objektiv kvalitet	<b>Legetenesta – brukarundersøking – totalresultat</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Andel som meiner at time/reseptbestilling på sms fungerer godt</li> <li>Andel som er fornøgde med generell tilgjenge</li> <li>Andel som er fornøgde med tlf. tilgjenge</li> </ul>		90% 90% 90%	
	<b>NAV – eiga brukarundersøking</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Ikkje gjennomført brukarundersøking i 2019</li> </ul> <b>Institusjonane og Heimetenesta</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Andel bebuarar med kartlagt ernæringsstatus</li> </ul>			100%
	<b>Dekningsgrad institusjon</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Tresfjord trygdeheim</li> <li>Vestnes sjukeheim</li> <li>Oppigarden</li> <li>Ivartun</li> <li>Mariebo</li> </ul>		95,9% 98,4% 97,1% 92,8% 98,7%	
	<b>Nav</b> Andel brukarar i avtalt aktivitet			65%

## 9.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

---

### Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene.

#### Mål for omsorgstenestene:

Vestnes kommune sine innbyggjarar skal lengst mogeleg få kunne leve og bu sjølvstendig og ha eit aktivt tilvære i fellesskap med andre. (Omsorgsplan 2020)

#### Tenestetilbodet

I tråd med nasjonale føringar og kommunen sine visjonar og mål:

- Større satsing på korttidsplassar i institusjon, for rehabilitering, observasjon og behandling.
- Auka tilbod om avlastning/rulleringsopphald. Avlastning for pårørande som står i ein krevjande omsorgssituasjon, og ein kan halde brukarane i eigen heim lengre.
- Skape gode dagtilbod innanfor økonomisk gitt ramme. Skape meningsfulle opplevingar og ein aktiv kvardag for den einskilde. Forebyggjande arbeid for den einskilde, og også vere del av avlastningstilbod for pårørande.
- Folkehelsearbeidet, plan og livsløpsperspektiv
- Planlegg og bygg nytt helse- og omsorgssenter ( Helsehuset Stella Maris ), med fokus på ein eldrepolitikk med aktivitet, integrering og førebygging.
- OU-prosjekt gjennomført parallelt med den fysiske planlegging og bygging av Stella Maris, med stort engasjement frå ei stor breidde innan arbeidstakarar. Også på tvers av sektorar og i lag med frivilligheita.

#### Konsekvensar av Samhandlingsreforma;

- Store dokumentasjonskrav. Krav til auka IT- kompetanse til den einskilde arbeidstakar.
- Vi får brukarar med meir samansette behov og diagnosekompleksitet i høve tenestetilbodet. Resurskrevjande.
- Utgiftene til utskrivingsklare pasientar har hatt ein til dels stor auke .
  - (2018 - 13 døgn/ kr.62 000,- til 2019 - 35 døgn / kr.172 000,- ein auke på 177%)
- Behov for meir differensiert teneste- og butilbod for yngre vaksne med ulike funksjonshemmingar og samansette behov. Samarbeid på tvers.
- Ofte behov for direkte behandling i heimen/på institusjon. Medfører auka krav til kompetanse.
- Interkommunal øyeblikkeleg hjelp døgntilbod (både somatisk og psykisk helse/rus).
- Psykiatri/rus – pakkeforløp, krav om nye tenestetilbod i kommunen.
- Auka utfordringar som set krav i høve juridisk bistand.
- Behov for interkommunalt samarbeid på fleire arenaer.

#### Vidare utfordringar

- Tenestetilbodet totalt sett i kommunen i framtida. Rullering omsorgsplan.
- Velferdsteknologi
  - fortsatt deltaking i Spredningsprosjektet for Velferdsteknologi i Romsdal (ROR prosjekt)
  - tid og ressurskrevjande som tillegg til andre arbeidsoppgåver
  - implementering og opplæring av ulik velferdsteknologi i nytt Helse – og omsorgssenter
  - bidra til at brukarane vert gitt høve til å meistre eige liv og helse betre, basert på egne premisser
  - bidra til at brukarane med behov for helse og omsorgstenester kan bu heime lengre, og dermed utsette tidspunktet dei elles ville måtte flytte på institusjon

- kvalitativ gevinst for brukar og deira pårørande
- Samordningsbehov for ulikt kartleggingsverktøy opp mot pasientflyt. Mellom sjukehus/spesialisthelsetenesta og kommune, samt internt mellom ulike aktørar innan kommunen. (Vidareført arbeid frå Læringsnettverket til OU-prosjekt)
- Kompetanse
  - Strategisk kompetanseplan – planlegge ut frå kommunen si behaldning av kompetanse og kommunen sitt behov for kompetanse.
  - Retningslinjer for kommunal støtte/tilskot ved utdanning.
  - Bruke kompetanse rett – spesialkompetanse/høgskuleutdanna personell må nyttast på tvers, ev team for heile kommunen, samt interkommunalt samarbeid .
- Tenestene må vere opne for nye arbeidstidsordningar, for å få nytta kompetansen på ein betre måte. Dette vil også kunne redusere talet på deltidsstillingar
- Rekruttering
  - Eigne rekrutteringstiltak, t.d. løn, arbeidstidsordningar.
  - Vestnes har inngått rammeavtale i lag med fleire kommunar på Sunnmøre vedkomande bruk av vikarbyrå, når det er naudsynt pga kompetansebehov og krav om forsvarleg drift.
- Elektronisk kommunikasjon
  - Forenklar samhandling, i/mellom kommune, fastlege og spesialisthelsetenesta.
  - Etablert system i stadig utvikling. Kontinuerleg prosess på utvikling/oppdatering av prosedyrar og samordning av rutinar mellom partane
  - Sikrar auka dokumentasjon direkte inn i pasientjournal.
  - Oppdatering/informasjon om endringar må formidlast internt i kommunen.
  - Integrasjon mellom ulike fagsystem/ programvarer i kommunen.

### **Nye reformer og prosjekt**

- Reforma «Leve hele livet» - Ei kvalitetsreform for eldre.
- Helseplattformen, eit stort prosjekt i Helse Midt med mål om felles journal system for kommune, fastlege og spesialisthelseteneste.
- Helsehuset Stella Maris, stor aktivitet gjennom 2019. Stor deltaking av tilsette. 2019 bar preg av at vi gjekk inn i ei ny fase: byggefasen. Samtidig var arbeidet opp mot prosjektet prega av organisasjonsutvikling. Her var det stor deltaking. I tillegg til eit prosjektstyre, var det 6 arbeidsgrupper i arbeid. Det var gjennomført 3 workshops med 40 deltakarar kvar gong. Organisasjonsutviklinga vil halde fram i åra framover.

### **Sentralkjøkkenet :**

Varmmatproduksjon etter prinsippet med «Kok/server»

Yter tørrmatproduksjon for sjukeheimen.

Arbeidet bygger fagleg på Kosthåndboken/Veileder i ernæringsarbeid i helse- og omsorgstenestene. Viktige bakgrunnsdokument er Nasjonale faglege retningslinjer for å forebygge underernæring, Kostråd for å fremme folkehelsa og forebygge kroniske sjukdommar, samt Nordisk Næringsstoffanbefalingar.

Har etablert eit HACCP-basert IK-Mat system (Mattilsynet innførte nytt Hygienereglement 01.03.2010). Lovpålagt merking av all mat som vert servert gir utfordringar. Skal kunne gi opp kva maten inneheld (nye felles merkeregler i EU og Norge, f.o.m. desember 2014).

Nytt databasert program for m.a. å ivareta dette, er i bruk (Matilda/fellesavtale innan ROR-samarbeidet)

Tilsette ved sentralkjøkkenet innehar ein viktig kompetanse som bør i større grad nyttast på tvers.

Utfordring er å få gjennomført ei planlagt renovering av lokalitetar. Stort behov. Ligg inne i investeringsbudsjettet for 2020.

## **Vestnes legesenter :**

### **Interkommunal legevakt**

Frå 1. januar 2020 vart den Interkommunale legevakta for Norddal, Stordal, Vestnes og Ørskog ei underavdeling av Ålesund Interkommunale legevakt. Legevakta er, som tidlegare lokalisert på Sjøholt. Fortsatt legevaktstasjon på Sjøholt er positivt for innbyggjarane i Vestnes kommune og det er viktig at kommunen bakker opp om vidare eksistens. Med tanke på å betre beredskapen og auke tryggheta for legen i vakt, vart legevakta bemanna med helsesekretær eller sjukepleiar i hele opningstida. Nattlegevakta fungerer som tidlegare med kontor på Åse.

### **Fastlegeordninga**

Som nemnt i årsmeldinga for 2018, er fastlegeordninga i krise. Arbeidsbelastninga til fastlegane har vore aukande dei siste åra utan at Staten har satt i verk tiltak foreløpig. Det fører til at fleire fastlegar seier opp heimelen sin og at det er vanskeleg å rekruttere nye legar til ledige heimlar. I Vestnes kommune har vi foreløpig vore heldige med å få svært kompetente legar i ledige stillingar og vikariat.

Det er ei overvekt av kvinner mellom nyutdanna legar. For å gjere ein ledig fastlegeheimel attraktiv for unge legar, kan det vere aktuelt å tilby fastlønna stilling. Kommunen bør også legge til rette for at legen i løpet av ein periode på 5 år får høve til å gjennomføre eit tilrettelagt løp med tanke på spesialisering innan allmenntmedisin.

### **Særskilte utfordringar i 2019**

Våren 2019 var det eit utbrot/epidemi med pneumokokk-lungebetennelse blant verftsarbeidarar i Vestnes Kommune.

Det var på det tidspunktet stor aktivitet ved verftet, noko som også auka smitterisikoen. Som følgje av godt samarbeid mellom Vestnes kommune, verfta, bedriftshelsetenesta samt 2. linjetenesta kom situasjonen fort under kontroll. Det vart, i tillegg til andre tiltak, gjennomført massevaksinasjon, noko som var avgjerande for å sette en stopper for epidemien.

### **NAV- kommune:**

#### **Økonomisk sosialhjelp:**

NAV Vestnes hadde ein liten reduksjon i talet mottakarar av økonomisk stønad i 2019. I alt 139 personar mottok økonomisk stønad, og 54 av desse var under 30 år. I desse tala er og busette flyktningar som har motteke støtte i samband med etablering inkludert. Årsakene til reduksjon er samansett, men høve som spelar inn er at det er vart god sysselsetting i 2019.

#### **Arbeidsløyse:**

I 2019 var arbeidsløysa i Vestnes på 1,8%. NAV si erfaring er at det fortsatt er behov for kvalifisert arbeidskraft. Arbeidsløysa i Vestnes er særleg kjenslevar for aktiviteten i verftsindustrien og auka aktivitet her gir og store ringverknader til underleverandørar.

#### **Framandspråklege innbyggjarar:**

Kommunen har ein betydeleg del framandspråklege innbyggjarar. Dette gjeld både arbeidsinnvandrarar, flyktningar og familiegjenforeinte. NAV- kontoret har stor pågang frå framandspråklege brukarar. På grunn av språkutfordringar er det krevjande å kunne rettleie desse på ein god måte, og det krev mykje ressursar og mykje bruk av tolketenester, samstundes som ein del av desse brukarane slit med å kome inn på arbeidsmarknaden. Dette kan hengje saman både med manglande språkkunnskapar i norsk og lite/ingen formell kompetanse.

### **Brukarar under 30 år**

NAV Vestnes har ein stor del brukarar under 30 år som slit med å få innpass i arbeidslivet og/eller varig tilknytning til arbeidslivet. Dette kan skuldast fleire forhold som til dømes fråfall i vidaregåande skule, helseutfordringar eller sosial arv. Desse kan vere aktuelle både for kommunale og statlege ytingar og tiltak. NAV Vestnes vil særleg prioritere brukarar under 30 år i høve oppfølging og arbeidsretta tiltak. I 2019 blei det oppretta eit ungdomsteam for å vere tettare på denne gruppa.

### **Digitalisering av tenestene**

Tenesteytinga innan NAV har endra karakter dei seinare åra. Særleg gjeld dette innan dei statlege tenestene og ytingane. NAV- kontoret er ikkje lenger einaste «førstelinje» i etaten. Ein legg i større grad til rette for at brukarane kan finne informasjon og kommunisere med NAV digitalt eller via våre kontaktsenter på telefon, i staden for å måtte oppsøke NAV-kontoret. Dette frigjer tid og ressursar i NAV- kontora til å følgje betre opp dei brukarane som treng oss mest. Denne utviklinga vil berre fortsette og stadig omfatte fleire tenester, også kommunale. I 2019 fekk vi innført elektronisk arkiv for kommunale tenester og vi starta med post-ut for vedtak om økonomisk sosialhjelp og førebuing til Digisos som er ein digital søknad om sosialhjelp. Dette inneber at innbyggjarar som er sjølvhjelpne i utfylling ikkje behøver å oppsøke NAV kontoret for å levere søknad om livsopphold. Dess fleire innbyggjarar som tar i bruk den digitale søknaden framfor papirutgåva, desto mindre tid behøver NAV å bruke på administrasjon av papir og scanning. Dette frigjer tid som NAV kan bruke til tettare oppfølging. Søkararar som av ulike årsaker ikkje kan eller vil nytte seg av den digitale kanalen, skal fortsatt kunne møte opp på NAV-kontoret eller bruke papirsøknad.

## **9.4 Kva har vi oppnådd i 2019? Tenesteyting og kompetanseauke**

---

### **Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene:**

- Auka kompetanse/Oppfølging gjennom Kompetanseløftet 2020.
- Praksisplass for elevar og studentar innan helsefagarbeidar og sjukepleiarutdanning.
- Praksis og fagprøvearena for lærlingordninga/helsefagarbeidar
- Gjennomført fleire fagprøver (helsefagarbeid) for arbeidstakarar frå ulike einingar.
- Gjennomført fleire vellukka arrangement for tenestemottakarane våre, som fellesturar, basar, «kvitduksfest» kvar månad, sommarfest, juletreffest og ulike underhaldningstilbod.
- «Livsglede for eldre», prosjekt/samarbeid med ungdomskuleelevar ( valfag )
- Organisasjonsutvikling med fokus på leiarnivå .  
Nytt organisasjonskart på plass. No også avdelingsleiar ved sjukeheim og trygdeheim.
- Vidareført bruk av E-læring – Legemiddelhandtering (ulike kurs for assistentar, helsefagpersonell og høgskuleutdanna).
- Betra dagsentertilbod til heimebuande demente, gjennom tilskot frå Helsedirektoratet.
- Tilsette har teke del i fleire ulike arbeidsgrupper som har jobba opp mot helsehuset Stella Maris . Einingane har delteke aktivt i planlegginga og utforming av dei ulike avdeling/bruksområda i huset.
- Auka fokus på samhandling gjennom arbeid/deltaking av Læringsnettverk for heilheitleg pasientflyt. Utarbeidd kartleggingsverktøy, utprøving og implementering. Skapt større forståing for arbeidet ute i personalgruppene. Arbeid på tvers.
- Deltaking i det Nasjonale Spredningsprosjektet for Velferdsteknologi i ROR-kommunane

Kartlegging av behov, utprøving av ulike teknologi, opplæring og implementering. Større fokus og forståing i personalgruppene.

Velferdsteknologi inn som del i OU-prosjektet.

- Aktivitetsvenn, eit felles prosjekt mellom kommunen og Nasjonalforeininga. Tilbod for heimebuande demente.
- Auka fokus på internkontroll / kvalitetssystem; Risk Manager. Avvikssystem, retta mot tilsette. Vi har arbeid med å legge inn skjema, rutinar og prosedyrar, samt lenker til naudsynt dokumentasjon. Rutine for innmelding til AMU.

CosDoc fagsystem for pasient journal / dokumentasjon innan heimebasert og institusjonsomsorg ( samt BUF og BuHab ). Registrering og handtering av avvik opp mot brukar / teneste . Vi registrerer avvik på 6 ulike områder . Vert lagt inn på den einskilde brukar og behandla separat, men kan også trekkast ut i fellesrapportar. Einingane har rutine for vidare oppfølging gjennom egne kvalitetsutval og ut til personalmøte.

- Teke del i prosjektet Rask / fokus på reduksjon av antibiotika bruk / samarbeidsprosjekt ved institusjonane i Romsdalskommunane ( tilsynslege også representert )
- Oppretta betre samarbeid med frivillige lag og organisasjonar . Td ungdomsgruppa i Vestnes Røde Kors.
- Ordninga med Leseombod starta opp i institusjon
- Samarbeid med Kulturskulen, song og musikk inn i institusjon og ved dagsenter.



Fine omgjevnader – sansehagen på Hellandtunet  
Fotograf: Unni Eik Vestnes

## **Vestnes Legesenter**

### **Kurs**

Legar og helsesekretærer ved legesenteret har gjennomført eit 7 timars teoretisk kurs i akuttmedisin, samt eit 15 timars praktisk kurs. Legane skal innan våren 2021 gjennomføre nettkurs i vald- og overgrepshandtering.

For å bli spesialist i allmennmedisin, er 3 av fastlegane i eit løp med emnekurs, obligatoriske kurs og gruppekurs med veileidar. I tillegg er det krav om at dei gjennomfører 1 års praksis i sjukehusavdeling.

Legesenteret gjennomfører interne kurs for legar og helsesekretærer.

### **Tilgjengelegheit**

Legesenteret har som mål at det skal vere enkelt å komme i kontakt med legesenteret via SMS eller pr. telefon. Det skal vere kort eller inga ventetid og pasienten skal møte sin fastlege. Time- og reseptbestilling på SMS og nett, gjer at telefonen ikkje vert blokkert i same grad som tidlegare.

Betaling for SMS tenesta har tidlegare delvis vore betalt av pasientane. Då sentrale myndigheiter har konkludert med at dette ikkje er lov jf Forskrift, vert tenesta betalt fullt ut av Vestnes kommune.

### **NAV- kommune:**

#### **Marknadsarbeid:**

NAV Vestnes har og i 2019 hatt fokus på kontakt med bedrifter og næringsliv. Kontakten med lokale og regionale bedrifter er viktig relasjonelt arbeid i høve målsettingar om å få fleire personar ut i arbeid og aktivitet.

### **Busette flyktningar:**

NAV Vestnes starta i 2015 eit formelt samarbeid med Flyktingtenesta i kommunen i høve busette flyktningar. Arbeidet har særleg hatt fokus på arbeid og aktivitet. Vi har og i 2019 arbeidd i lag med eining for Kvalifisering og integrering for å vidareutvikle samarbeidet og klarleggje korleis NAV kan bidra inn i Introduksjonsprogrammet og auke graden av arbeidsretting av programmet. Vi erfarer at dei busette flyktningane har hatt større behov for sosiale tenester også under introduksjonsprogrammet enn det vi hadde sett føre oss.

## **9.5 Tiltak for fremme folkehelsa**

---

### **Felles/Vestnes sjukeheim, Tresfjord Trygdeheim, Sentralkjøkken, Hellandtunet og Heimetenestene:**

- Kommunen har fokus på utvikling av dagsentertilbod. Dette skaper meningsfulle opplevingar og ein aktiv kvardag.
- Fokus på ernæring og aktivitet.
- «Livsglede for eldre»
- Kulturtilbod av ulik karakter.
- Risikovurderingar.
- Opplysning/ informasjon og samarbeid med ulike frivillige lag og organisasjonar/brukarorganisasjonar.
- Aktivitetsvenn
- Besøksteneste gjennom Vestnes Røde Kors

## Vestnes legesenter

Personalet ved legesenteret har i alt sitt arbeid, ein høg fokus på helsefremmande tiltak.

Gjennom:

- å informere om helsefremjande tiltak retta mot den enkelte. T.d. kosthald og fysisk aktivitet.
- vaksinasjon mot influensa, lungebetennelse.
- å gi råd om gode helsetiltak via informasjonsskjerm og brosjyrar på venterommet

## 9.6 KOSTRA-tal på området

---

### Opphaldsdøgn, utnyttingsgrad og kostnad pr. døgn

	Tal inst. plassar	Opphalds- døgn	Utnyttings- grad	Kostnad pr opphaldsdøgn
Vestnes sjukeheim	45	16 155	98,4	2 346
Tresfjord trygdeheim	26	9 104	95,9	1 792
Oppigarden	8	2 836	97,1	2 939
Mariebo	8	2 883	98,7	3 031
Ivartun	12	4 063	92,8	2 551
	99	35 041	97,0	

## 9.5 KOSTRA-tal på området

---

Utvikling i sosialtenestene i Vestnes 2016 - 2019:	2016	2017	2018	2019
Sosialhjelpsmottakere (antall)	160	160	144	138
Antall sosialhjelpsmottakere 18-24 år (antall)	46	43	37	27
Sosialhjelpsmottakere med sosialhjelp i 6 måneder eller mer (antall)	44	43	44	46
Sosialhjelpsmottakere med arbeidsinntekt som hovedinntekt (antall)	25	24	22	26
Sosialhjelpsmottakere med sosialhjelp som viktigste kilde til livsopphold (antall)	74	59	56	51
Antall barn i familier som mottok sosialhjelp (antall)	22	28	32	46

Nøkkeltall - kommunale helse- og omsorgstjenester	Enhet	Vestnes	Kostragruppe 11	Landet utan Oslo
		2019	2019	2019
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr)	kr	52770	34167	28727
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	årsverk	656,4	377,9	313,6
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	prosent	48,1	34,6	32,4
Andel brukertilpassede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning (prosent)	prosent	72,5	78,9	77,7
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent)	prosent	46,5	94,2	90,9
Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	prosent	4,4	5	4,9
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	årsverk	12,7	12,2	11,4
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	årsverk	6,9	10,6	9,7

Samanlikning med andre kommunar innan helse og omsorg er vanskeleg grunna vårt vertskommuneoppdrag etter HVPU- reforma, noko alle dei tre øvste indikatorane syner

## 9.6 Økonomiske resultat 2019

Tal i tusen kr	Rekneskap	Rekneskap 2019			Budsjett	Avvik 2019	
		2018	Utgifter	Inntekt		Netto	2019
Heimetenestene	40 471	45 651	-3 228	42 423	40 022	2 401	6
Vestnes sjukeheim/Tresfjord Trygdeheim	52 831	69 469	-15 249	54 219	52 087	2 132	4
Hellandtunet	26 350	32 356	-4 918	27 438	27 071	367	1
Fellesutgifter Pleie- og omsorg	-26 557	16 697	-46 908	-30 211	-27 397	-2 814	10
NAV - Sosial Kommune	6 270	7 052	-529	6 523	6 601	-78	-1
Helse- og legesenter	10 300	16 871	-5 243	11 614	11 537	77	1
SUM	<b>109 665</b>	<b>188 096</b>	<b>-76 075</b>	<b>112 006</b>	<b>109 921</b>	<b>2 085</b>	<b>2</b>

Samla har sektoren eit netto meirforbruk på 2 mill. kroner.

Heimetenestene har eit meirforbruk på 2,4 mill. kroner.

Sjukeheimen og Tresfjord Trygdeheim har eit meirforbruk på 2,1 mill. kroner.

Hellandtunet har eit meirforbruk på 0,37 mill. kroner.

I fellesutgiftene er det inntektsført 2,8 mill. kroner meir enn budsjettert knytt til auka refusjon for ressurskrevjande brukarar.

### Økonomisk utvikling 2014 – 2019

Eining	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring 14 - 19	
							Kr	i %
Heimetenestene	35 333	36 222	37 671	39 341	40 471	42 423	7 090	20
Vestnes sjukeheim/Tresfjord Trygdeheim	51 724	49 639	51 590	51 586	52 831	54 219	2 495	5
Hellandtunet	24 465	24 354	24 630	25 305	26 350	27 438	2 973	12
Fellesutgifter Pleie- og omsorg	11 417	1 104	1 175	3 383	-26 557	-30 211	-41 628	365
NAV - Sosial Kommune	5 720	5 463	5 928	6 259	6 270	6 523	803	14
Helse- og legesenter	9 212	9 234	9 589	10 310	10 300	11 614	2 402	26
SUM	<b>137 871</b>	<b>126 016</b>	<b>130 583</b>	<b>136 184</b>	<b>109 665</b>	<b>112 006</b>	<b>-25 865</b>	<b>-19</b>

#### Endringar i perioden som og påverkar resultatata her:

Fellesutgiftene: Til og med 2014 hadde kommunen medfinansieringsplikt for pasientar i sjukehus knytt til samhandlingsreforma. Frå 2018 vert inntektene knytt til refusjon for utgifter til ressurskrevjande brukarar ført her.

Heimetenestene har størst auke i utgiftene i perioden med 7 mill. kr (20%).

Helse- og legesenteret har ein auke på 2,4 mill. kroner. Sistnemnde i hovudsak knytt til avtalar kring legevakttenester og «øyeblikkelig hjelp»- plassar. Utgiftene innan pleie- og omsorg aukar meir enn løns- og prisauken.

Dette er ei utvikling vi ser i dei fleste kommunar. Dette er dels knytt til demografisk utvikling med stadig fleire eldre, og dels til forventningar til kommunane om å ta stadig større ansvar for behandling av dårlegare pasientar enn tidlegare både innan somatikk og psykisk helse og rus. Dette er pasientar som tidlegare har vore behandla i spesialisthelsetenestene. Desse utviklingstrekka må vi berre rekne med forsterkar seg i åra framover.

---

## Kap 10 Bu- og habiliteringstenestene

---

Vår visjon for habiliteringstenestene i Vestnes:

**Det gode liv!**

---

### 10.1 Oversikt over sektoren

---

#### Bueiningane:

11 samlokaliserte bustader (10 bustadar frå mars 2019). Staben har koordinerende ansvar for bueiningane. I tillegg har kvar bueining ein person som har tillegg i arbeidsoppgåver. Dei har i variert grad "frikjøpt" tid for å ha ansvar for delar av den daglege drifta.

Bueiningane	Årsverk 2018	Årsverk 2019	Ev. merknader	Tal på tenestemottakarar	
Vestneshaugen	6,33	6,33	1 avlastningsleilegheit frå 15.10.2019.	5+1	
Plassen	7,1		Lagt ned 13.03.19		
Skogheim	11,87	11,87	2 ledige leilegheiter frå hausten 2019	8 -> 6	
Skogvegen/Myratoppen	12,76	12,00		7	
Solstua	10,16	10,16		6	
Skogly	6,60	6,60		4	
Liaråket	17,80	20,60	Overført frå Plassen	6 frå 13.03.19	
Bakketun	19,04	19,04		10	
Kariplassen A	26,74	25,74(26,74)	Sparetiltak 1 årsverk	6	
Kariplassen B	30,82	30,82(31,82)	Inkl. 2 medlevertturnusar Sparetiltak 1 årsverk	4	
Furulia	9,00	7,35		4 ->3 frå 02.12.19	
Avlastning	1,67	1,75		2 1 plass overført til Vestneshaugen frå nov.19.	
BPA/omsorgsløn/st.kont	4,23	6,34	Auke frå 01.10.19. 4,83 t. pr natt. Får refundert ubrukte midlar ved årets slutt.	2	
Dagsenter Strandbo	11,00	11,00			
Adm og leiing	5,04	6,04	Tidlegare låg 2 avdelingsleiarar under Kariplassen, men er no ført over til adm. Sakbehandlarstillinga vart ført over til tenestekontoret 01.03.19.  Økonomi, personaloppfølging, plan og strategi, fagleg samarbeid med personalgruppene, samt felles oppgåver og saksbehandling for heile tenesteområdet.		

Vestnes kommune er framleis ein av landets største vertskommunar etter gjennomføring av HVPU reforma. Pr 31.12.2019 budde 40 vertskommunebebuarar, i alderen 53 til 95 år att i

kommunen, ein reduksjon på 5 frå året før. 9 av desse fekk tenester frå Ivartun, som er sjukeheim for personar med utviklingshemming og organisatorisk lagt under Hellandtunet. Vertskommuneinnbyggjarane vert i større grad ei aldriingsprega gruppe.

Vidare var det i 2019 meldt inn til Helsedirektoratet 33 personar over 16 år med diagnosen psykisk utviklingshemming og tenester med heimel i HOL kap 3, med Vestnes som heimkommune. Unge med samansette/komplekse hjelpebehov og andre diagnosar enn utviklingshemming har kome til. Dette utfordrar tenesteytinga med omsyn til fagkompetanse og samarbeid med samfunnet elles.

Bu- og habiliteringstenestene yter tenester til personar over 18 år. I 2019 vart det ytt tenester i ulikt omfang/art til 79 personar. 5 av desse har andre diagnosar enn psykisk utviklingshemming.

I løpet av 2019 er det gitt fast avlastning til ein person i avlastningsbustad.

I 2019 var det 6 personar som hadde deltenester frå «inn-på tunet» verksemdar.

Det har gjennom 2019 vore fatta eller fornya tvangsvedtak med heimel i HOL kap.9 overfor 18 personar. 2 personar har fast vedtak etter pasient- og brukarrettighetslova. Mange personar som får tenester frå Bu- og habiliteringstenestene kjem inn under kategorien ressurskrevjande tenestemottakarar.

## 10.2 Resultatmål

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2019	Resultat 2019	MÅL 2020
<b>Teknologi IKT</b>	Vidareføre bruken av elektronisk journalsystem - Cos Doc	Alle tilsette må kunne: opprette/avslutte PRB`ar -registrere og dokumentere tiltak etter kap.9 -avviksreg.	Kontinuerleg opplæring/oppdatering av tilsette /ny-tilsette	Alle tilsette må kunne: - arbeide i tiltaks- og pleieplan -registrere tiltak etter kap.9 -avviksreg.
	Opplæring av "superbrukarar" i Cos Doc	Gjennomføre ekstra opplæring av 1-2 tilsette i kvar bustad i løpet av 2019	Gjennomført særskilt opplæring for fagansvarlege. Gjennomført intern-undervisning for bu-einingar	Vidareføre styrking av bruken i elektronisk pasientjournal-systemet hjå tilsette
	Dataparken tilfredsstillar behovet for god dokumentasjon. God nett-tilgang i alle bueiningar	Investere i fleire datamaskiner ute i bu-einingane, samt oppgradering av nett-tilgang	Har investert i fleire datamaskiner	Bu-einingane med behov for fleire datamaskiner får dette, auke netthurtigheit

<b>Brukarar - "opplevd kvalitet"</b>	Koordinator, individuell plan og ansvarsgruppe	100% av tenestemottakarar med vedtak etter hol. kap.9 har koordinator, IP, samt ansvarsgruppe etter lovkrava	Ikkje nådd 100 % målet, men samarbeids-møte gjennomført i alle saker med tiltak etter kap.9	Halde fram arbeidet mot å nå målet på 100 %
	Vedtak om tenestetilbod	Sikre medverknad og evaluering av tenestevedtaka etter behov og ved fast rutine.	Laga rutine der ein regelmessig går gjennom tenestevedtaka.	Minimum eitt ansvarsgruppe-møte for kvar tenestemottakar pr. år
	Symjing for bebuarane Aktivisering / opplæring i vatn.	5 bu-einingar opprettheld tilbodet	7 bu-einingar nyttar tilbodet	Vidareføre tilbodet
	Spenningskurset	Vidareføring av tilbodet	5 bu-einingar deltok	Vidareføre tilbodet
<b>Teneste "objektiv kvalitet"</b>	A-meldingar (bruk av tvang i naudsituasjonar) til fylkesmannen	Implementere rutine for å identifisere tvangsbruk i naudsituasjonar. Sikre forsvarleg og rett saksbehandling	Har utarbeidd og implementert rutine for A-meldingar	Oppretthalde rutine for å identifisere tvangsbruk i naudsituasjonar. Sikre forsvarleg og rett saksbehandling
	Halde saksbehandlingsfristar for vedtak etter hol kap.9	Halde fristen for fornying	Målet vart innfridd	Halde fokus på fristane i egne rutine.
	Refleksjonskort kap.9	Vidareføre bruken av refleksjonskorta i alle bu-einingane	Nedprioritert p.g.a mange nye fokusområde	Halde fokuset på bruk av tvang og makt
	Alle helgestillingar og vikarar skal gjennomføre kurs/opplæring i grunnleggjande kunnskap om psykisk utviklingshemming og aktuelt lovverk	Gjennomføre nye kurs vår/haust 2019	Gjennomført vår 2019  Gjennomført	Vidareføre opplæring kvart halvår.
	Førstehjelpskurs	Gjennomføre 8 kurs a 16 plassar	Gjennomført	Gjennomføre kurs etter rutine
	Førstehjelpskurs til ferievikarar	Gjennomføre juni 2019	Gjennomført for alle tilsette og ny tilsette	Vidareføre kurs kvart år

	Nytilsette og tilsette skal gjennomføre SOR kurs, lese minimum kap.2 og 3 i rundskriv IS-10/2015	I løpet av 2019	Har implementert rutinar i kvar bu-eining.	Vidareføre gjennomføring av pålagte SOR-kurs
	Retningslinjer ved seksuelle overgrep mot vaksne med utviklingshemming	Implementere rutinar i kvar bu-eining		Vidareføre gjennomføring av pålagte SOR-kurs
	Alle miljøterapeutar får kurs i saksbehandling kap.9	Alle nytilsette miljøterapeutar gjennomgår kurs	Fylkesmannen arrangerte ikkje kurs i 2019	Delta dersom Fylkesmannen arrangerer kurs
	Forbygging av vald og truslar om vald.			Utarbeide og implementere rutinar Gjennomføre kartlegging, risikovurdering og utarbeide handlingsplan
	Legemiddelhandtering			Gjennomføre kartlegging, risikovurdering og utarbeide handlingsplan

Organisasjon	Andel dagsverk med sjukefråvær:			
	• Eigenmeldt	1,0 %	1,13 %	1,0 %
	• Legemeldt	8,0 %	12,75 %	8,0 %
	Totalt sjukefråvær	9,0 %	13,88 %	9,0 %
	Kompetanseheving i eininga	Utarbeide ny kompetanseplan, og tilsette miljøterapeutar i tråd med den.	Har starta arbeidet med kompetanseplan. Har tilsett 5 miljøterapeutar i 2019	Ferdigstille kompetanseplana, og tilsette miljøterapeutar i tråd med den.
	Etisk refleksjon	Vidareføre bruk av refleksjonskort	Gjennomført	Vidareføre bruken av refleksjonskort
	Grunnkurs / oppfriskingskurs i legemiddelhandtering	50 tilsette skal ha gjennomført opplæringa	38 tilsette gjennomførte kurs	Tilsette skal ta kurs etter oppsett rutine.

## 10.3 Sektoren sine utfordringar

---

### Faglege utfordringar

Det er ei utfordring å rekruttere fagutdanna personell og på den måten sikre best mogleg kvalitet på tenestene. Vi har framleis høg representasjon av ufaglært personale som yter tenester til våre tenestemottakarar. Årleg er det fleire som tek helsefagarbeidarutdanning. Bu- og habiliteringstenestene held fram med å motivere og støtte til dette. Gledeleg at 4 tilsette i Bu- og habiliteringstenestene er ferdige med deltidsutdanning i vernepleie våren 2020, 3 tilsette starta vernepleie på heiltid, 1 tilsett starta bachelor fulltid i sjukepleie og 7 personar starta opp med helsefagarbeidarutdanning i 2019.

Bu- og habiliteringstenestene lyser kontinuerleg ut miljøterapeutstillingar gjennom året. Vi får ikkje ønska søkjarmasse til stillingane, og det er særleg vanskeleg å rekruttere vernepleiarar. Ein del av dei som tek imot tenester har krav på slik kompetanse på grunn av vedtak om bruk av tvang i enkelte situasjonar. Ei av bueiningane har ikkje personell med høgskuleutdanning, og til dels også mange utan relevant utdanning. Dette medfører eit stort behov for dispensasjonar frå utdanningskravet etter Helse- og omsorgstenestelova kap.9. Fylkesmannen har i mal for søknad om dispensasjon frå utdanningskravet tydeleggjort kravet til dokumentasjon av rekrutteringsrutinar og kva som blir gjort for å sikre den rette kompetansen. I løpet av dei siste åra har vi starta 2 medleverturnusar, og her ser vi ei større søkjarmasse til miljøterapeutstillingane. Det er søkjarar både frå eigen kommune og nabokommunar.

### Rekruttering

Bu- og habiliteringstenestene ønskjer å vere nyskapande i møte med utfordringane i framtida. Difor er vi opptekne av korleis vi heile vegen kan tenke nytt rundt rekruttering og fagkompetanse. Vestnes kommune deltok i år som i fjor på rekrutteringsdag som avdeling Helse og sosialfag på høgskulen i Molde inviterte til. Dei hadde invitert kommunar, helseføretak, samt studentane på sjukepleie og vernepleie. Vi var oppmoda om å etablere stands for å orientere studentane om moglegheiter for jobb.

Bu- og habiliteringstenestene har avtale med høgskulen i Molde om å ta imot vernepleiestudentar og i det høve arrangerer vi eit fellesmøte for studentane der vi presenterer eininga, fortel om rekrutteringsrutinane til kommunen, opplæring som vert gitt og rolla som miljøterapeutane har i bueiningane.

Representantar frå Vestnes kommune deltok på også jobbmessa «Bli med hjem» i Oslo 24.april. Dette var eit rekrutterings- arrangement mellom Molde Næringsforum og Kristiansund og Nordmøre Næringsforum. Mange romsdalingar og nordmøringar tok turen til Clarion Hotel the Hub denne ettermiddagen.



Foto: Anna V. Balstad - Jobbmesse «Bli med hjem».  
Representantar frå Vestnes kommune

### **Auke fagkompetanse hos eigne tilsette**

Med bakgrunn i behovet for å auke realkompetansen, vart det hausten 2014 bestemt at alle assistentar måtte gjennomføre SOR sitt e-læringsprogram "*Arbeid i andres hjem*". Kurset gir innføring i den kunnskapen ein bør ha når ein arbeider for personar med utviklingshemming. Ein får innsikt i kva utviklingshemming er, lover og rettar, konflikthandtering, historiske og etiske perspektiv.

I 2015 vart det bestemt at alle tilsette måtte gjennomføre e-læringsprogrammet "*Utfordrande adferd*" med hovudvekt på å unngå tvang og makt. Kurset tek for seg moment som kan medverke til om menneske med utviklingshemming utviklar åtferd som blir oppfatta som utfordrande. Ein ser på kva som kan medverke til at denne åtferda varer ved eller blir redusert, og korleis ein som tenesteytar kan være i forkant og leggje til rette slik at behovet for tvang blir minimalisert. Vi ser ei positiv utvikling hos dei tilsette som har gjennomført fleire av e-læringskursera.

I 2016 starta vi arbeidet med at tilsette også skulle gjennomføre SOR e-læringskurset "*Ingen hemmeligheter*" i lys av retningslinjer for seksuelle overgrep mot vaksne personar med psykisk utviklingshemming. I 2017 la vi inn i rutineane at alle må gjennomføre e-læringskurset på lik linje med dei 2 andre e-læringskursera.

Temakafé: Under medarbeidarundersøkinga kom det fram at tilsette ønskjer meir fagleg påfyll. Vi starta derfor opp med temakafé i 2018, som er meint å vere fagleg påfyll kombinert med sosialt samvær. Dette arrangerer vi 7 gonger i året, og bueningane har ansvar for tema og gjennomføring.



Foto: Anna V. Balstad - Temakafé 10.april 2019

### **Makt og tvang**

For 18 tenestemottakarar er det nødvendig med tiltak med bruk av tvang etter kap.9 det siste året. Vi arbeider jamleg med å redusere behovet for tvang ved å bruke andre løysingar. Rundskriv IS-10/ 2015 har som mål å gje rettleiing i prosessen der ein må gjennomføre tiltak for å unngå risiko/skade. Dette har klargjort ein del moment som skal leggast vekt på i vurderinga/gjenkjenninga av tvang og makt. Skiljet mellom tvang med heimel i Pbrl §4A og HOL kap 9 er også tydeleggjort. Dette har medført at enkelte tilretteleggingstiltak som tidlegare har falle inn under forståinga av tvang, no på visse vilkår fell utanfor tvangs-omgrepet. Det har medført at Vestnes kommune no ikkje lenger treng fatte vedtak for nokre av tiltaka. Vi held likevel fram med tiltaka, men dei treng ikkje bli overprøvd av Fylkesmannen.

### **Arbeidstilsynet**

Vestnes kommune, Kariplassen, fekk melding om tilsyn frå Arbeidstilsynet 22.02.2019. Tidspunktet for tilsynet var sett til 09.04.19. På grunn av utfordringar i leiinga, stort arbeidspress og sjukmeldingar vart tilsynet utsett til 20.05.19. Temaet for tilsynet var vald og truslar om vald, men også korleis det blir arbeidd med å oppretthalde eit forsvarleg arbeidsmiljø i den krevjande situasjonen verksemda var i.

Vi fekk 2 pålegg:

Pålegg 1: «*Vold, truslar om vold og uheldige belastningar – kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan*».

Verksemda hadde ikkje lagt fram kartlegging og risikovurdering ved arbeidssituasjonar som kan medføre at arbeidstakar blir utsett for vald og trussel om vald.

Pålegg 2: «*Bedriftshelsetjeneste – bistand til påleggsgjennomføring*».

Arbeidstilsynet såg det som nødvendig at verksemda sørga for at bedriftshelsetenesta bistod arbeidsgjevar med påleggsgjennomføring.

Vi fekk frist til 27.09.19 for å sende inn svar vedkomande vedtak om pålegg.

14.10.19 fekk vi svar frå Arbeidstilsynet om at punkta i begge pålegga var oppfylte. I oppsummeringa av tilsynet stod det blant anna at Arbeidstilsynet fekk inntrykk av at verksemda arbeider systematisk og godt med sitt arbeidsmiljø.

### **Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennomførte tilsyn med kommunale helsetenester til personar som har ei utviklingshemming i Vestnes kommune 27. og 28. november 2019. Tilsynet hadde særleg vekt på legemiddelhandtering. Tilsynet vart utført som systemrevisjon der utvalde personar vart intervjuva enkeltvis. Kommunen fekk utkast til rapport 12.02.2020, og frist innan 02.03.20 til å sende inn eventuelle kommentarar/innvendingar til faktagrunnlaget.

### **Eldre psykisk utviklingshemma**

Aldringsprosessen hos personar med psykisk utviklingshemming er uforutsigbar og endringar kan oppstå brått. Vi ser no at majoriteten av vertskommunebebuarane vert godt vaksne og det utfordrar oss når det gjeld uføresette hendingar. Utfordringane er store når vi skal skilje mellom demens-symptom og symptom på vanleg aldring/ sjukdom/ slitasje og grunnleggande vanskar med redusert nivå i forståing og prestasjonar. Kompleksiteten i aldersforandringar, psykisk sjukdom, somatiske lidningar og graden av utviklingshemming er ofte svært utfordrande og krev tett personaloppfølging for å trygge, behandle og redusere ytterlegare sjukdomsutvikling.

Vi ser også at mange av dei eldre har behov for å redusere arbeidstilbodet sitt og trappe ned med rolegare syslar i heimen. Dei som frå før har vore bra sjølvhjelpete har i utgangspunktet liten tilgang på personalressurs, og vi ser utfordringar med tanke på bemanningssituasjon når dei vert eldre og får auka tenestebehov. Dette kan også påverke bruken av aktiv/passiv nattevakter og framleis fyller kravet til forsvarlege tenester.

Det er behov for mange små stillingar for å fyller opp turnus på helg. Det er stadig vanskeleg å få tilsett fast kvalifisert personell i desse stillingane.

### **Organisering**

Bu- og habiliteringstenestene har 157,3 årsverk fordelt på ca. 310 fast tilsette og vikarar. I 2018 vart stillingsnemninga til stabsmedarbeidar/koordinator endra til avdelingsleiar. Leiinga består i 2019 av einingsleiar og 5 avdelingsleiarar. Då vår eigen saksbehandlar gjekk av med pensjon 1. mars 2019, vart sakbehandlarstillinga ført over til tenestekontoret/koordinerande eining. Dei siste åra har det vore ustabilit innan leiinga i Bu- og habiliteringstenestene. Fleire har slutta, og fleire har hatt langtidsfråvær, noko som har ført til stor belastning for dei i staben som har teke over arbeidsoppgåvene til dei sjukmeldte. På grunn av stort arbeidspress og belastningar i staben måtte vi utsette begge tilsyna som var varsla i januar.

I august flytta staben inn i kontorlokale på Ressurscenteret

2018 var eit år prega av å planleggje og gjennomføre endringar i tenesta, og det arbeidet heldt vi fram med i 2019. I mars vart Plassen lagt ned. Tenestemottakarar vart flytta til nye bueiningar og tilsette fekk nye arbeidsplassar. I september starta vi opp medleverturnus nummer 2.

Dette året har ein tenestemottakarar flytta tilbake til heimkommunen sin.

Ut i frå behov til tenestemottakarar har vi hatt eit tett samarbeid med eigedomsdrift for å planleggje og gjennomføre ombygging av fleire leilegheiter.

## Dagtilbod/tilrettelagt arbeid

Tenesta har eit dagtilbod der 50 tenestemottakarar nyttar tilboda. Vi tilbyr ulike former for arbeid og sysselsetting, deriblant kantinedrift, vev- og tekstilavdeling. I tillegg disponerer vi 6 plassar på gartneri/vedproduksjon og 10 plassar på Tremek - 4 heile og 6 halve plassar.

Vev og tekstilavdelinga står for den største produksjonen av varer, som vert seld i butikken vår og på ulike messer.

Kantina har i tillegg til kantinedrift levering av mat til kommunale møte, og til ein del arrangement på Myra kulturhus. Vi lagar også heimlaga middag to dagar i veka, eit populært tilbod til dei som bur og arbeider på Myraområdet.

Kantina har regelmessig besøk frå nabokommunar som Ørskog, Skodje, og Ålesund. Dei set stor pris på å få komme til kantina vår, der er det plass for alle.

Dagsenteret har også som aktivitet matutkøyring frå sentralkjøkkenet til institusjonar og heimebuande i kommunen. Vi dekker tre soner kvar dag med middagslevering. Det å vere med på å levere ut mat er eit populært tilbod for tenestemottakarane våre.

Tenestemottakarane som tek i mot arbeidstilbod er i endring. Det blir kontinuerleg arbeidd med at tilbodet skal vere tilrettelagt for kvar einskild, og eit attraktivt tilbod også for dei unge som ikkje meistarar ein tradisjonell kvardag. Vi ser at dei eldste tenestemottakarane har behov for eit redusert og tilpassa arbeidstilbod ut i frå føresetnadane sine.

Dagsenteret har dei siste åra arrangert ein sommaraktivitetsdag i juni, så også i 2019. Været var på vår side! Det var stort oppmøte, tilrettelagte aktivitetar, ei populær rebusløype og god underhaldning, så det vart ein vellykka dag. Underhaldninga i år var ved trekkspillgruppa Tressalaget. Dei stilte opp gratis. Godt humør og god musikk gjorde det til ei stor oppleving for alle.

Dagsenteret arrangerte julemesse på Myra kulturhus i desember, det var sal av eigenproduserte varer. Kantina sto for matsalet. 15 private aktørar var inviterte til å vere med. Godt sal og gode tilbakemeldingar både frå utstillarane og besøkande gjer at dette er ein tradisjon vi vil vidareføre.



Julemesse 2019 - Foto: Anita Aas

## 10.4 Kva har vi oppnådd i 2019? Tenesteyting og kompetanseauke

- Gjennomført førstehjelpskurs der 73 tilsette deltok
- Gjennomført førstehjelpskurs for ferievikarane
- Gjennomført CosDoc opplæring/oppdatering for tilsette
- Vikarar/tilkallingsvikarar og helgevikarar har gjennomført internt innføringskurs om psykisk utviklingshemming og rettsvern til gruppa ein yter tenester til
- Kompetanseheving:
  - 4 tilsette går deltid 4. året i bachelor vernepleie
  - 3 tilsette/vikarar tek bachelor vernepleie heiltid
  - 1 tilsett/ helgevikar starta bachelor sjukepleie
  - 1 tilsett fullførte helsefagarbeidarutdanning
  - 7 starta helsefagarbeidarutdanning
  - 3 tilsette tek vidareutdanning i habilitering og miljøarbeid
- Gjennomført medarbeidersamtalar Kariplassen C, Kariplassen A, Furulia
- Gjennomført fellesmøte med nattevaktene i eininga
- Gjennomført faste møte gjennom året med hovudtillitsvalde/plasstillitsvalde og verneombod
- 38 tilsette gjennomførte e-læringskurs i legemiddelhandtering
  - 7 assistentar gjennomførte grunnkurs i legemiddelhandtering
  - 14 helsefagarbeidarar gjennomført grunnkurs i legemiddelhandtering
  - 15 helsefagarbeidarar gjennomførte oppfriskingskurs i legemiddelhandtering
  - 1 miljøterapeutar gjennomførte grunnkurs i legemiddelhandtering
  - 1 miljøterapeutar gjennomførte oppfriskingskurs i legemiddelhandtering
- Gjennomført faste møte gjennom året med miljøterapeutar
- 2 tilsette deltok i prosjektet Kompetanse Pluss- kurs i norsk og digitale ferdigheiter
- Revidert samarbeidsavtale med Spesialisert habilitering, der vi la inn evalueringsmøte på effekt av tiltaka 6 månadar etter overprøving
- Arrangert temakafé 7 gonger
- Arrangert julefest
- Deltok på «Bli med hjem» jobbmesse i Oslo



Dagsenteret Standbo, påsketing - Foto: Anita Aas

## 10.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

---

I Helse- og omsorgstenestelova § 3-3 heiter det at ein skal arbeide for at det vert sett i verk velferds- /aktivitetstiltak for funksjonshemma personar. Bu- og habiliteringstenestene legg vekt på at ein skal ivareta både den fysiske, psykiske, sosiale og åndelege dimensjonen hjå tenestemottakarane.

Eit mål er at alle tenestemottakarane som har føresetnad for å gå til eit arbeid, får eit tilrettelagt tilbod.

Tenestemottakarane har tilbod om å delta på ulike fritidsaktivitetar som spenningskurs, ungdomsgruppa, «Klem i veg», aktivitetsdag, julefest, møte, gudstenester, sittedans, treningsstudio, «Sprek og glad», rettleiingssamtalar, hyggekveldar, «Danse fylket rundt» m.m.

For dei tilsette fokuserer vi på det psykososiale arbeidsmiljøet ved ulike tilstellingar. Dei tilsette gir tilbakemeldingar på at dette har stor innverknad på trivselen og samarbeidet i personalgruppene.

Sjølv om vi har ulike tilstellingar, er det viktigaste tiltaket at kvar enkelt tilsett vert sett og verdsett i kvardagen av kollegaene og leiinga. Leiinga har fokus på at det skal vere lav terskel for å ta kontakt, samt at dei tilsette vert godt mottekne. Alle skal ha eit samarbeid som er bygd på respekt og likeverd.

Vi arbeider systematisk og målretta med oppfølging av sjukmeldte og legg særleg vekt på dei tilsette si medverknadsplykt til å redusere, samt førebyggje sjukefråvær.



Deltakarane på «Kompetanse Pluss-kurset på ekskursjon 4. juni

## 10.6 Økonomiske resultat 2019

Alle tal i 1000 kr Ansvar (bueining)	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019			Budsjett 2019	Avvik 2019	
		Utgifter	Inntekter	Netto		i kroner	og i %
Avlastning PU /BPA	3 109	3 397	46	3 351	3 275	76	2,3
Vestneshaugen	4 939	5 877	339	5 538	5 599	-61	-1,1
Dagtilbud PU	7 620	8 379	1 428	6 951	6 903	48	0,7
Plassen	5 414	1 465		1 465	1 529	-64	-4,2
Myrateigen	2 366						
Skogheim	8 390	9 201	457	8 744	8 981	-237	-2,6
Skogvegen	8 250	9 188	91	9 097	8 907	190	2,1
Solstua	7 040	7 326	318	7 008	7 240	-232	-3,2
Skogly	4 512	5 269	262	5 007	4 860	147	3,0
Liaråket	13 360	17 439	911	16 528	15 427	1 101	7,1
Bakketun	13 788	14 988	404	14 584	14 395	189	1,3
Kariplassen A og B	42 957	47 860	2 486	45 374	44 403	971	2,2
Furulia	7 284	8 070	574	7 496	7 280	216	3,0
Administrasjon	3 821	5 232	716	4 516	5 253	-737	-14,0
<b>Sum Bu- og habilitering</b>	<b>132 850</b>	<b>143 691</b>	<b>8 032</b>	<b>135 659</b>	<b>134 052</b>	<b>1 607</b>	<b>1,2</b>

- Bu- og habiliteringstenestene hadde eit meirforbruk på 1,6 mill. kr, eller 1,2%. Meirforbruket skuldast i hovudsak ekstra utgifter til resurskrevjande brukarar (som også gjev ekstra tilskott) og at kveld-, natt og heilagdagstillegg var underbudsjettert.
- Utgiftene auka med 2,8 mill. kr. frå 2018 til 2019.
- Bueining Plassen vart lagt ned i 2019, som eit av vedtekne sparetiltak. Innsparingseffekten vart mindre enn vi hadde rekna med då vi måtte oppbemanne meir enn tenkt på andre einingar som bebuarane på Plassen flytta til.

Ein del av dei variable lønsutgiftene har auka mykje siste åra:

Alle tal i 1000 kr	Reknesk. 2014	Reknesk. 2015	Reknesk. 2016	Reknesk. 2017	Reknesk. 2018	Reknesk. 2019	Endring i % 2014 - 2019
Avtalefesta tillegg	15 296	15 383	15 833	16 668	18 708	20 099	31,4
Sjukevikarar	6 050	6 070	6 386	5 153	5 043	4 940	-18,3
Ferievikarar	3 630	3 527	3 646	3 891	5 349	5 040	38,8
Ekstrahjelp	1 717	1 524	1 073	1 448	865	1 127	-34,4
Overtid	1 952	1 937	2 649	3 305	3 318	4 649	138,2
<b>Sum</b>	<b>28 645</b>	<b>28 441</b>	<b>29 587</b>	<b>30 465</b>	<b>33 283</b>	<b>35 855</b>	<b>25,2</b>

- Overtida har auka mykje siste åra, berre frå 2018 til 2019 var det ein auke på over 40,0%. Det kan vere fleire årsaker til auken, men det er uansett ein altfor stor auke og bruken av overtid må reduserast.
- Avtalefesta tillegg, som er ei stor utgift, har auka mykje både i 2018 og 2019. Det er noko vi ser i alle einingane innan pleie- og omsorg. Tillegga vert bestemt i lønsoppgjera, og her har det nok skjedd større auke enn det vi hadde fanga opp når budsjetta vart utarbeidd, og budsjettet var for lågt.

---

## Kap 11 Tekniske tenester

---

### Visjon:

Tekniske tenester legg til rette fysisk, slik at Vestnes blir ein endå meir attraktiv kommune for næringsutvikling og busetting.

### 11.1 Oversikt over sektoren

---

Tenester	Tal Årsverk 2018	Tal Årsverk 2019	Ev. merknader
Plan/byggesak Landbruk/miljø	5,0	5,0	
Drift/anlegg Oppmåling	Ca 13	Ca 13	Inkl. tiltak via NAV
Brann, redning og feiing	2,7	2,7	I tillegg til deltids brannmannskap

#### Eininga har ansvar for desse tenestene:

- Oppmåling, matrikkelføring, adressering, konsesjonsfritak, grunnforhandlingar
- GIS (geografisk informasjonssystem) og kartlegging. Eigedomsskatt
- Drift/vedlikehald/nyanlegg av avløpsnett, avløpsreinsing
- Saksbehandling av avløpsaker(utslepp og påslepp) og tilsyn med spreidd avløp
- Drift/vedlikehald/nyanlegg av kommunale vegar/trafikktrygging/gatelys
- Parkvesen og produksjon av ved/tilbod til medarbeidarar med behov for tilrettelegging
- Kyrkjegardsgraving
- Utbygging av kommunale bustad- og industriområde
- Behandling av byggesaker, delingssaker og seksjonering
- Ansvarleg for kommuneplanens arealdel og reguleringsplanar
- Kommunen sin representant i større plansaker i regi av for eksempel Statens vegvesen
- Kommunen sin representant i fylkeskommunale saker innan samferdsel; buss, båt, ferje
- Behandling av jord-, skog- og konsesjonslovssaker, vilt- og fiskeforvaltning
- Motorferdsel i utmark og forureining
- Rettleiing av bønder og andre om off. støtteordningar (BU, Innovasjon Norge m.fl.)
- Tildeling av tilskotsmidlar, og kontroll av tilskotsmottakarar
- Feiing og bustadtilsyn
- Branntilsyn på § 13-bygg (skular, barnehagar, institusjonar, overnattingsstader m.m.)
- Brannberedskap (befals- og sjåførvakt, deltidsmannskap ved 3 stasjonar)
- Anna bistand ved kritesituasjonar (for eksempel ekstremvær)
- Brannøvingar for offentleg og privat verksemd
- Opplæring og haldningsskapande arbeid (barn, unge og vaksne)

## 11.2 Resultatmål – Tekniske tenester

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2019	Resultat 2019	MÅL 2020
“opplevd kvalitet”	Det er ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2019. Men både saksbehandlarar og fagarbeidarar får ofte direkte tilbakemelding frå innbyggjarar – og desse er i stor overvekt positive.		-----	
Teneste “objektiv kvalitet”	Vi har mål om å utføre alle forvaltningssaker med tidsfristar som fastsett i lov	100 %	98 - 99 %	100 %
	Også saker elles har vi mål om å utføre snarast råd.	100 %	90 %	95 %
	Målsetning om å foreta grøfterensk langs kommunal veg i litt omfang	1 km	2 km	1 km

## 11.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

Vi opplever auka krav og utfordringar knytt til meir ekstremvær/klimaendringar innafor både planlegging, kommunal drift og saksbehandling. Dette er tidkrevjande og stiller krav til utvida kompetanse innafor fleire fagområde. Kombinert med framleis stor etterspørsel av våre tenester medfører dette at kapasiteten på fleire områder er for liten.

Å vere ei eining med stor grad av forvaltningsoppgåver med tidsfristar (i høve lovverk) knytt til innbyggjarane og til dels næringsliv, samstundes som vegar og anlegg m.v. skal drivast er til tider krevjande. For lite ressursar administrativt resulterer i at viktig arbeid som burde ha vore gjort går på bekostning av «må-tiltaka».

Denne utfordringa vil forsterke seg frå 2021 når Hjelvika og Vågstranda blir ein del av Vestnes kommune. Vi er alt i gang med å kartlegge område og volum og førebu denne overgangen.

## 11.4 Kva har vi oppnådd i 2019? Tenesteyting og kompetanseauke

Sakstilfanget innafor forvaltninga er stort sett som tidlegare år. Generelt har vi i år også greidd å halde saksbehandlingstida på eit akseptabelt nivå. Fleire av saksområda våre har lovbestemte tidsfristar med mellom anna reduserte gebyr som konsekvens.

Vi opplever at kundane i stor grad er fornøgd med tenestene dei får.

Sjølv om det tidvis er både stort snøfall og glatte vegar og det tek tid før vi rekk over alt, er inntrykket at innbyggjarane i stor grad har forståing og er tilfredse. Likeeins har vi hatt lite brot og/eller tilstopping i avløpsledningsnett i 2019.

Eininga er også ansvarleg for å gjennomføre ein god del av kommunen sine årlege investeringar. Dette gjeld utbyggingsprosjekt innafor bustadfelt, vegar, trafikktrygging, industri-/ næringsområde, avløpsanlegg m.m. I tillegg vil det år om anna bli innkjøpt tyngre utstyr og spesialtilpassa køyrety til fleire fagområde.

Trass i for liten kapasitet har vi fått utført/kome godt i gang med mange av dei planlagde prosjekta: - opprusting av Sjøgata, utviding av Misjordskogen industriområde og Trohaugen industriområde, utvidig/opprusting av parkeringsplassen ved kommunehuset, Buktavegen, asfaltering av utslitte kommunevegar, gatelysbygging og fleire viktige avløpsprosjekt.

Spesielt kan nemnast at det har blitt etablert kommunale nedbørsmålarar både i Tomrefjord, Tresfjord og Helland for å skaffe lokale nedbørsdata av god kvalitet. Dette vil vere nødvendig for planlegging og dimensjonering av infrastruktur m.m.

### **Vestnes brannvesen:**

Det er i 2019 innkjøpt stigebil til brannvesenet og spesialtilpassa bil til feiartenesta.

#### **Utført 2019:**

- 986 røykløp er feia
- 83 bustadtilsyn og 36 fritidsbustader
- Kontroll av slökkemidlar
  - Ca. 300 handsløkkarar
  - Ca. 130 slangeskap
- Hatt besøk av alle barnehagane, i tillegg også Vågstranda. Barnehagebesøk med brannbilar
- Brannøvingar for sjukeheimen, heimesjukepleia, ungdomsbasen, Gjermundnes VGS, barnehagar
- §13-tilsyn, 27 stk
- Open stasjon

#### **Gjennomførte brannøvingar:**

##### **Basisøvingar**

- Røykdykking
- Redningsøvelse
- Trafikkulykke
- Bygningsbrann
- Har gjennomført rep. «Akutthjelper».

##### **Ekstra øvingar**

- Tunnel
- Overflateredning
- Lift

## **11.5 Tiltak for å fremme folkehelsa**

---

Både innanfor planlegging/prosjektering og utbygging skal folkehelseperspektivet vere framme. Dette kan til dømes vere tilrettelegging av parkeringsplassar ved utfartsområde, tilgang til badeplassar og andre friluftsområde og etablere toalettlysingar til desse. Arbeide for bygging av gang-/sykkelvegar som motiverer til aktivitet. Syte for gate-/vegbelysning slik at aktiviteten kan oppretthaldast også i den mørke årstida. m.m. Elles vil naturlegvis det generelle vegvedlikehaldet med snøbrøyting og sandstrøing vere ein vesentleg faktor.

## 11.6 KOSTRA-tal på området

KOSTRA		Møre og	Landet				
- teknisk	Vestnes	Romsdal	eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
Nto. Utgifter kommunale veier pr. innb	1 662	1 361	1 212	1 896	1 374	1 320	1 568
				109	107	180	108
Nto. utgifter pr. km kommunal veg	135 713	122 854	156 892	744	108	197	690
Nto. Utg til brannvern pr. innbyggjar	999	1 072	917	1 260	1 032	1 013	864
Andel kommune vegar <u>utan</u> fast dekke	1,3	20,2	27,3	28,7	17,5	13,6	36,6
Årsgebyr for feiing og tilsyn	463	422	431	536	355	428	410
Årsgebyr avløp	2 788	3 450	4 142	3 642	2 300	2 261	4 059
Årsgebyr avfall	2 288	2 894	2 851	3 075	2 853	2 955	2 635

## Utvikling 2014 – 2019

KOSTRA - tal - teknisk							Endring
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	i % 14 - 19
Nto. Utgifter kommunale veier pr. innb	954	1 031	1 363	1 061	1 326	1 662	74,2
Nto. utgifter pr. km kommunal veg	81 013	85 262	112 025	99 475	108 325	135 713	67,5
Nto. Utg til brannvern pr. innbyggjar	796	810	883	908	997	999	25,5
Årsgebyr for feiing og tilsyn	394	360	376	415	463	463	17,5
Årsgebyr avløp	2 862	3 041	2 788	2 788	2 788	2 788	-2,6
Årsgebyr avfall	2 456	2 240	2 020	2 219	2 288	2 288	-6,8

## 11.7 Økonomisk resultat 2019

Driftseining	Rekneskap	Rekneskap 2019			Budsjett	Avvik 2019	
	2018	Utgifter	Inntekter	Netto	2019	i kroner	og i %
Administrasjon	764	765		765	772	-7	-0,9
Oppmåling	683	1 104	1 252	-148	11	-159	-1445,5
Plan- og bygning	107	2 350	1 664	686	709	-23	-3,2
Landbruk	1 557	1 890	355	1 535	1 614	-79	-4,9
Renovasjon, kloakk, feiing	865	22 972	22 878	94	8	86	1075,0
Brannvern	5 598	6 393	860	5 533	5 408	125	2,3
Hamnevesen	17	141	107	34	0	34	
Parkvesen	1 222	2 368	1 048	1 320	1 524	-204	-13,4
Kommunale vegar	4 890	11 726	5 942	5 784	5 830	-46	-0,8
<b>Sum teknisk sektor</b>	<b>15 703</b>	<b>49 709</b>	<b>34 106</b>	<b>15 603</b>	<b>15 876</b>	<b>-273</b>	<b>-1,7</b>

Eininga har eit mindreforbruk på kr 273.000,-.

Mykje av utgiftene i sektoren vert dekkja av gebyr og andre inntekter. Brutto er utgiftene på nær 50,0 mill. kr, mens netto driftsutgift i sektoren er 15,6 mill. kr.

Det aller meste av nto. utgifter dette gjeld brannvern og drift av park og kommunale vegar.

---

## Kap 12 Eining for eigedomsdrift

---

### Visjon for Vestnes kommune si eigedomsdrift:

Gode bygg – gode tenester

#### 12.1 Oversikt over sektoren

---

Ansvar	Tal Årsverk 2018	Tal Årsverk 2019	Ev. merknader
5000 – 5550 Eigedomsdrift	15,61	14,81	Med leiar har eininga 16 tilsette. Om lag 3 av desse årsverka blir brukt i andre einingar eller prosjekt. (reinhold, bistand med alarmar vaktmeister heimetenestene, utleige til Vestnes Energi AS og branntilsyn).

Eigedomsdrift har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg og eigedomar. Samla bruttoareal for kommunale bygg er om lag 67 000 m<sup>2</sup>. Våre bygg er kommunalt disponerte bustader og ei rekke formålsbygg – skular, sjukeheimar, barnehagar, rådhus/administrasjonsbygg og kultur/idrett. I tillegg administrerer vi i overkant av ca. 2 000 m<sup>2</sup> til vidare utleige (Stiftelsen Vestnes Trygdebustader og innleigde flyktningbustader).

Eininga har ansvar for sal av kommunale bustad- og næringstomter. Vi gjennomfører kjøp av strategisk tomteareal som t.d. sikring av areal til friluftsmål, kjøp av nye felt for bustad- og næringsformål, nødvendig veggrunn, samt sal av diverse kommunalt tilleggsareal til både private og næringsdrivande. Kjøp/sal av kommunale bygg/bustader vert og utført av eininga.

Vestnes kommune har eit bevisst forhold til regelverket om offentlege anskaffingar. Eininga administrerer og innehar kompetanse på dette fagfeltet. I samarbeid med sentral-administrasjonen har vi utarbeidd kommunen sin innkjøpsstrategi og innkjøpsreglement. I tråd med gjeldande regelverk, tok vi i bruk elektronisk konkurransegjennomføringsverktøy - TendSign.

Eininga har og ansvar for kommunen sine forsikringsordningar, både når det gjeld ansvar, bygningar, bilar, tilsette, barn i skule, barnehage og kulturskule, samt barn som har oppfølging i regi av barnevernet.

#### Forvaltning av bustader:

Type bustad	Tal bueiningar	Ev. merknader
Omsorgsbustader	38	Senior Plaza og Aktivitetssenteret
Bustader innan Bu- og habiliteringstenestene	62	
Bustader for vanskelegstilte	49	Stiftelsen Vestnes Trygdebustader eig 16 av desse bustadene, men kommunen har ansvaret for forvaltning og utleige av desse.

Saman med kommunen sin flyktningteneste har eininga i tillegg eit ansvar for innleige av om lag 17 bueiningar frå private huseigarar til busetjing av flyktningar.

## 12.2 Resultatmål - Egedomsdrift

Målområde	Styringsindikatorar	MÅL 2019	Resultat 2019	MÅL 2020
“opplevd kvalitet”	Ingen brukarundersøking på området, førebels			
Teneste “objektiv kvalitet”	Andel søknader om leige av kommunal bustad som blir svar på innan 3 veker etter mottak av søknad	95 %	100 %	95 %
	Talet på klagesaker som går til KOFA (klagenemnd for offentlege anskaffingar) i samband med offentlege anskaffingar	0	0	0

## 12.3 Sektoren sine utviklingstrekk og utfordringar

- Eining for egedomsdrift er sentral deltakar i fleire byggeprosjekt. Fleire av dei store prosjekta strekker seg gjerne over år og gjeld då alt frå planlegging, prosjektering, utføring og oppfølging i garantitida. Av dei mindre prosjekta ser vi at det kan vere vanskeleg å få tak i utførande. Det kan t.d. vere at det berre er ein tilbyder og at vi soleis ikkje har fått til ein konkurranse, og/eller det kan vere at tilbodet er for høgt slik at ein ikkje har tilstrekkeleg finansiering. Vi erfarer at behov kan endre seg raskt slik at planlegginga/prosjekteringa må justerast ein god del.
- Helsehuset Stella Maris starta byggeprosessen i mars 2019. Etter planane skal bygget vere ferdig til overtaking 14. desember 2020, uteområdet ferdig 2021. I tillegg til å vere engasjert i sjølve byggeprosjektet, er eininga er involvert i prosjekt for organisasjonsutvikling knytt til å ta dette bygget i bruk.
- Til Helsehuset Stella Maris er det ei rekkje anskaffingar som kommunen skal gjere sjølv. Egedomsdrift har ansvar for gjennomføring av desse. Til å bistå kommunen har vi leigt inn Odin AS. Om mogleg ønskjer vi å få til rammeavtalar for seinare kjøp av same kategori.
- Over tid har eininga nytta investeringsmidlar til rehabilitering/oppgradering av fleire bygg. Det er framleis mange bygg som har eit betydeleg vedlikehaldsetterslep, både utvendig og innvendig. Det er behov for å gjere noko med uteområda rundt fleire av bygga våre.
- Fleire tenester melder om behov for å gjere endring med dei lokala dei disponerer. Lokala er t.d. ikkje tidsriktig for aktuell tenesteproduksjon, manglar nødvendig fleksibilitet, eller at bruken av lokale har endra seg. Eininga må prioritere mellom ulike oppgåver. Utvikling (betre tilrettelegging) av lokale kan vi berre sjå på viss det allereie er tiltak som skal gjerast.
- Fleire bygg manglar tilstandsanalysar. Det er ikkje utarbeidd ROS-analysar, og det er ikkje utarbeidd vedlikehaldsplanar. På grunn av mange prosjekt, har ikkje eininga hatt kapasitet til å utarbeide desse. Brukaravtalane må reviderast.

- Frå 01.01.2018 fekk kommunen ny straumleverandør. Over tid har vi arbeidd noko med energioppfølging for å få ein oversikt over forbruk og kostnader. På grunn av mange prosjekt, har vi ikkje kapasitet til å prioritere dette arbeidet så mykje som ønska.
- Også i 2019 har vi fleire «må-tiltak» som det ikkje er mogleg å planlegge for. Døme på slike tiltak er diverse innbrot/hærverk/uhell, teknisk anlegg - ofte av eldre dato- som må vi enten må reparere eller erstatte, takteking, skifte ut arbeidsbil, deponering av lagra avfall m.m. Ved skade på bygg kan det hende at tilfellet ikkje blir dekkta av forsikring. Uansett har vi ein eigenandel på kr 50 000 i kvart tilfelle. Ein del av dei uføresette «må-tiltaka» kan vi sjå i samanheng med opprusting av t.d. kommunale bygg og kan då ta dei over investeringsbudsjettet. I alle andre tilfelle må vi belaste driftsbudsjettet.
- Når det gjeld offentlege anskaffingar, er kommunen med i eit interkommunalt samarbeid med Ålesund kommune, som gjennomfører mange av dei innkjøpsavtalene Vestnes er part i. Andre anskaffingar gjennomfører vi sjølv. Kommunen må følgje regelverket om offentlege anskaffingar. Sjølv om regelverket er blitt noko forenkla, er det likevel komplisert. Det går med mykje tid til å førebu og gjennomføre anskaffinga. I tillegg skal anskaffinga følgjast opp i kontraktstida.

## **12.4 Kva har vi oppnådd i 2019? Tenesteyting og kompetanseauke**

---

### **Eigenkontrollar:**

I 2019 har me gjennomført og dokumentert eigenkontrollar i FDV-systemet vårt, FamacWeb. Dette er eigenkontrollar innanfor branntekniske installasjonar, brann-avgrensande konstruksjonar, elektriske installasjonar og leikeplassar. FDV-systemet lettar arbeidet både for oss som bygningseigarar, brukarane av bygga og tilsynsmyndigheitene.

### **Kommunale utleigebustader, omsorgsbustader og bustader til flyktningar:**

Eininga har gode rutinar for å redusere betalingsmisleghald, og vi har eit godt samarbeid med rekneskapsavdelinga for å sikre desse inntektene.

Ved utflytting sjekkar vi behovet for vedlikehald/oppussing før neste leigetakar flytter inn. Utbetningsbehova kan t.d. vere alt frå lause dørvidarar til maling av alle veggflater og utskifting av kjøkkeninnreiing. I 2019 utførte vi større utbetningar i 5 leilegheiter. Dette omfatta blant anna nye kjøkkeninnreiingar, utskifting av vindauge, måling av vegg og tak, nye baderomsinnreiing m.m. Me skifta ut brannvarslingsanlegg på Skogly.

Vi hjelper flyktingtenesta med innleige av enkelte private bustader for busette flyktningar. Etter ei hektisk periode for nokre år sidan, med mykje innleige av bustader grunna stor tilstrøying av flyktningar, ser vi no at fleire av dei busette flyktingane finn seg eigen bustad sjølv, enten ved leige eller kjøp. Fleire har og flytta over i ledige kommunalt eigde bustader. Dette har resultert i at vi har kunne avvikle fleire leigeforhold der kommunen har leigd inn private bustader med dårleg standard.

### **Uteområde/leikeplassar, skule og barnehage**

#### Helland barnehage, øvre og nedre:

Det er behov for å gjere noko med uteområdet for dei alle minste borna slik at det blir meir avgrensa og tilrettelagt for dei. For å få tilført nokre nye kvalitetar ved ei slikt tiltak, blei Norconsult leigd inn. Dei foreslo ei løysing der ein mellom anna la inn fleire leikeelement i modular. Konkurransen blei lagt ut i november 2019, med frist 15. januar 2020.

Ved Helland nedre er sovestallen utvida ved at ei utebod er omgjort. Ny utebod er enno ikkje satt opp då ein ventar på at tiltaket med sikring av uteområdet blir ferdig først.

## **Sentrum:**

### Skogheim

I 2018 blei uteområdet ved Skogheim oppgradert. Etter at arbeidet var ferdig, vart det behov for å gjere nokre justeringar ved at ein rampe blei utvida og ei handlist blei montert på yttervegg.

Personalbasen er pussa opp og oppgradert. I tillegg til maling av veggjar, er nytt tekjøkken montert og det er lagt nytt golvbelegg.

### Tilpassing av fleire bygg; leilegheiter og personalareal.

Eit bygg med fleire bueiningar er overtatt av eininga barn, ungdom og familie. I mai 2018 starta arbeidet med å tilpasse 4 leilegheiter og ein personalbase til ny og endra drift. Felles for alle leilegheitene er at i tillegg til veggjar, må både kjøkken og bad renoverast. Ei av fire leilegheiter blei renoverert i 2018. I 2019 bad kommunen om tilbod på utføring av resten av arbeidet. På grunn av kort frist for utføring av arbeidet, kom det berre inn eit tilbod. Det viste seg at det ikkje var løyvd nok midlar, og konkurransen var difor avlyst. Noko av arbeidet blei likevel starta opp, men då med bruk av eigne handtverkarar. Vi har ikkje greidd å ferdigstille arbeidet i 2019, og må difor halde fram i 2020.

Innanfor BUHAB har vi tilpassa nokre leilegheiter. I eit tilfelle har ein i samarbeid med Hjelpemiddelsentralen og BUHAB, slik at bebuar kunne få same tenestenivå i nytt husvere. Arbeidet vil halde fram i 2019. Det vart og lagt ned ein god del arbeid i planlegging av ombygging for å tilpasse bustader til medleverturnus. Dette arbeidet held fram i 2020.

### Kommunehuset

F-salen og Møterom 210 har fått ei ansiktsløfting, nye møblar og nytt AV-utstyr. Romma framstår no som meir moderne og tiltalende.



F-salen, før og etter oppussing. Foto: G. Hole

## **Tomrefjord:**

### Tomrefjord Skule

Her har ein bytta ut det gamle og slitte skulekjøkkenet, med eit nytt og meir funksjonelt kjøkken. Det er framleis 4 arbeidsstasjonar, men løysing med oppbevaring av arbeidsreiskap og utstyr er endra.



Skulekjøkkenet før og under oppussing - Foto: G. Hole

### Tomrefjord idrettsbygg

Det renoverte bygget blei tatt i bruk 24. november 2018. I løpet av 2019 har det vist seg å vere nokre utfordringar med mellom anna rust i stålbasenget, og at sportsgolviet i hallen ikkje held alle kvalitetskrava for utbetaling av spelemidlar. I samarbeid med utførande entreprenør fann ein ut kva årsaka til rustdanninga var, og korleis ein skal handtere dette. Sportsgolviet viste seg å ha ein produksjonsfeil og vil bli skifta våren 2020.

Elles så har det gått med mykje tid til å gjennomgå sluttoppgjøret for idrettsbygget. Etter at prosjektleiar slutta i stillinga si på våren, har einingsleiar og vedlikehaldsansvarleg tatt over arbeidet med å få sluttoppgjøret i hamn. Kompleksiteten i prosjektet og tilstanden på bygget har ført til at dette arbeidet har tatt svært lang tid. Ein har gått igjennom det meste av endringsmeldingar, endringsvarsel og byggemøtereferat på nytt.

## **Fiksdal:**

### Fiksdal Skule

Her har ein fått pussa opp og modernisert 2 elevtoalett, då desse var svært slitte og elevane vegra seg for å gå på toalettet i skuletida. Her vart det mala veggjar og tak, skifta golvbelegg, lettveggjar, lys og innreiing. Ein fekk også på plass vegghengte toalett.

## **Overdraging av eigedomar, kjøp/sal**

Eininga har i 2019 gjennomført fleire større og mindre eigedomsoverdragingar. Dette gjeld alt frå mindre justeringar av grenser mellom kommunalt og privat areal, til sal av bustadtomter. Det vart ikkje seld næringstomter i 2019, men det vart seld 1 bustadtomt. Slike eigedomsoverdragingar inneber tett samarbeid med kommunens oppmålingsansvarleg og planavdeling, samt økonomisk oppgjør og heimelsoverføringar.

I 2019 vart eit større kommunalt bustadfelt klargjort for sal på Bakneset (Vikebukta). Her vart det lagt ut 15 nye tomter. Eigendomsdrift administrer salet av desse tomtene, medan Tekniske Tenester har stått for utbygginga og klargjeringa av infrastruktur.

Kart over aktuelle tomter til sal finn ein på heimesida til kommunen.

## Offentlege anskaffingar

Forutan dei bygge- og renoveringsprosjekta som er beskive tidlegare i avsnittet, har eininga i 2019 gjennomført desse anskaffingane (både for eiga og andre einingar i kommunen):

- Nytt AV-utstyr til møterom på kommunehuset (rammeavtale)
- Nytt møblement til kommunale møterom
- Tenestebil til bu- og habiliteringstenestene
- 2 nye tenestebilar til heimetenestene
- Innreiing av ny arbeidsbil til feiarvesenet
- Ny nettstad til kultureininga
- Innleige av rekrutteringsbyrå

## Kompetanseauke

I 2019 har vi ikkje hatt kapasitet til å delta på eksterne kurs/kompetansetiltak.

Vi har deltatt på fleire kortare samlingar som er av relevans for vårt arbeid, t.d. innanfor innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre, og energioppfølgingssystem. I tillegg har vi i det daglege hatt fokus på kompetansedeling mellom alle i eininga.

## 12.5 Tiltak for å fremme folkehelsa

- Renovering av Tomrefjord idrettsbygg. Sikre at basseng og sportsgolv har avtalte kvalitetar.
- Regelmessige eigenkontrollar av bygg og installasjonar.

## 12.6 KOSTRA-tal på området

KOSTRA	Vestnes	Møre og Romsdal	Landet eks. Oslo	Rauma	Haram	Molde	Fræna
- eigeomsdrift							
Nto. dr. utg. til forvaltning av eigeom pr. innbyggjar	212	287	314	283	92	306	176
Areal i m2 pr. innbyggjar	6,1	5,2	4,9	7,3	5,4	5,1	4,3
Energikostnad pr m2 (kroner)	178	113	134	114	70	127	130
Utg. til vedlikehald pr. m2	56	75	102	24	25	36	90
Komm disp. bustadar pr 1000 innb.	23	-	21	16	21	-	14

- Vi bruker mindre på eigeomsforvaltning enn fylkes- og landsgjennomsnitt.
- Vi har fleire kommunale bustadar og areal pr. innbyggjar enn gjennomsnitt og det nabokommunane har. Det har nok samanheng med at vi har mange utleigebustadar som vart bygt i samanheng med ansvarsreforma.
- Energikostnaden pr. m2 i kommunale bygg er høg.

## 12.7 Økonomisk resultat 2019

Tal i 1000 kr	Rekneskap	Rekneskap 2019			Budsjett	Avvik	
	2018	Utgifter	Inntekter	Netto	2019	i kroner	og i %
Administrativ leiging	886	917		917	1715	-798	-46,5
Kommunale bygningar	4 130	27 135	24 856	2 279	3 063	-784	-25,6
Kommunale utleigebygg	588	2 155	2 196	-41	-38	-3	7,9
Kommunale utleigebygg PU	-2 690	3 910	5 831	-1 921	-2 776	855	-30,8
Kommunale omsorgsbustadar	-1 364	2 333	3 859	-1 526	-1 493	-33	2,2
Utleige flyktningar		1 519	1 519	0	0	0	
Drift Myra området	2 543	6 627	6 929	-302	762	-1 064	-139,6
Felleskostnadar vaktmester m.m.	-240	4 250	560	3 690	1 791	1 899	106,0
Bustad og industriområder	115	980	885	95	-63	158	-250,8
<b>Sum eigedomsdrift</b>	<b>3 968</b>	<b>49 826</b>	<b>46 635</b>	<b>3 191</b>	<b>2 961</b>	<b>230</b>	<b>7,8</b>

Eininga hadde eit meirforbruk på kr 230.000,-. Dette er langt mindre enn i 2018 då meirforbruket var 2,1 mill. kr. Det er spesielt energikostnadane som er høgre enn budsjettert, heile 2,4 mill. kr.

For å klare å holde budsjettet har eininga nok måtte redusere på ein del vedlikehald som ein helst burde fått gjennomført.

---

## Kap 13 Politisk verksemd i 2019

---

### Oversikt over møte i 2019

---

Utval	Tal på møte/saker i 2019
Kommunestyre	10 møte / 145 saker
Formannskap	10 møte / 94 saker
Planutval	8 møte / 88 saker
Valstyre	4 møte / 16 saker
Administrasjonsutval	3 møte / 13 saker
Råd for funksjonshemma	5 møte / 25 saker
Eldreråd	5 møte / 26 saker
Ungdomsråd	7 møte / 31 saker
Næringsfondsutval	Ikkje hatt møte i 2019, ingen midlar
Sakkunnig nemnd	2 møte / 7 saker
Sakkunnig ankenemnd	Ikkje hatt møte i 2019
Arbeidsmiljøutvalet	4 møte / 19 saker
Sentrumsnemnd	2 møte
Kontrollutvalet	5 møte / 40 saker
Ad Hoc Skuleutvalet	3 møte

Nedanfor har administrasjonssjefen utarbeidd ei kort oppsummering av dei største og mest omfattande sakene som vart behandla i Vestnes kommunestyre gjennom året 2019. Det er også lagt til noko informasjon for å sikre heilskapen i framstillinga.

Følgjande leverer egne årsmeldingar: Kontrollutvalet, Ungdomsrådet, Rådet for funksjonshemma og Eldrerådet.

## Gjennomføring av kommune- og fylkesvalet 2019

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 var det frå nasjonalt hald auka fokus på fysisk og elektronisk sikring. Dette gav seg utslag i sikring av all elektronisk programvare og IT-utstyr. Det vart stilt krav om minst ei manuell teljing av alle setlar (innført 2017) og innføring av eigen modul i valsystemet for å fange opp systematisk feiltolking av setlar (2019).

To tilsette i sentraladministrasjonen deltok på to opplæringsksamlingar i regi Valgdirektoratet. Deretter sytte desse for den interne opplæringa og for kursing av stemmestyra.

Åtte parti stilte liste i Vestnes. Alle listekandidatane fekk skriftleg melding, fire fekk innvilga søknad om fritak. Samarbeid mellom kommunen og partia om å bringe listene i samsvar med lov. Alle listene godkjente.

### Erfaring frå gjennomføringa:

- Lang stemmeperiode (1. juli til 9. sept) krev tilgang på opplærte tilsette i ei årstid med lav bemanning. Seks tilsette engasjert i tidleg- og førehandstemminga.
- Førehandstemming populært. Over 1/4 av stemmegjevinga gjennomført før valtinget.
- Gode tilbakemeldingar frå valmedarbeidarane om det elektroniske valsystemet.
- Elektronisk avkryssing i manntal fungerte svært godt. Framandstemmer handtert utan meirarbeid for stemmemottakarane. Alle krinsane hadde internett back-up og rutine ved fullt samanbrot, men tap av nettilgang var heilt klart eit risikoelement.
- Alle krinsane utanom Helland ferdig med den førebelse oppteljinga før sperrefristen. Vi kunne difor presentere representative tal allereie klokka 21 på valkvelden.
- Endeleg oppteljing ferdig ca 04. Mykje arbeid med store krinsar (Helland og Tomrefjord) som måtte teljast på nytt.
- Endeleg valoppgjør kl 17 neste dag for å fange opp mest mogeleg førehandstemmer frå andre kommunar (ny nasjonal ordning frå 2017).

Ca 45 personar var engasjerte ute i stemmekrinsane på valdagen pluss 10 personar på rådhuset. Populært å sitte i stemmestyra.



Ole Aksel Øveraas tek imot stemmer i Vestnes Brygge

Foto: Hilde Rekdal

## Valdeltaking

**Vestnes 62,1%**

**Noreg 64,7%**

Krets	Stemmeberettigede	Forhåndsstemmegivning	%-vis oppmøte	Valgtingstemmegivning	%-vis oppmøte	%-vis totalt
0000 Hele kommunen	46	0	0,00%	1	2,17%	2,17%
0001 Vike	304	34	11,18%	178	58,55%	69,74%
0002 Daugstad	212	33	15,57%	106	50,00%	65,57%
0003 Tresfjord	460	52	11,30%	227	49,35%	60,65%
0005 Skorgen	247	50	20,24%	98	39,68%	59,92%
0006 Helland	2206	492	22,30%	898	40,71%	63,01%
0008 Øverås	247	27	10,93%	132	53,44%	64,37%
0010 Tomrefjord	1061	129	12,16%	496	46,75%	58,91%
0011 Fiksdal	318	27	8,49%	190	59,75%	68,24%
0012 Rekdal	119	13	10,92%	58	48,74%	59,66%
<b>Total</b>	<b>5220</b>	<b>857</b>	<b>16,42%</b>	<b>2384</b>	<b>45,67%</b>	<b>62,09%</b>

## Kommunestyret godkjente følgjande arealplanar i 2019

Kommunestyret behandla 1 reguleringsplan i 2019:

KST sak 111/2019                      Reguleringsplan for Daugstadsetra og Sessetra

I tillegg har planutvalet i 2019 gjort delegerte vedtak og arbeid med følgjande reguleringsplanar, som er i prosess på ulikt stadium:

- Reguleringsplan Vike sentrum
- Reguleringsplan Vike Båt og Bad
- Reguleringsplan Misfjordskogen
- Reguleringsplan Bygdesetra, Tomrefjellet
- Reguleringsplan Remmetsbukta
- Reguleringsplan E39 – Romsdalsfjorden (Vik- Julbøen)

## Kjøp og sal av næringsareal

I 2019 vart det ikkje seld kommunalt næringsareal i Vestnes. Det har vore relativt liten etterspurnad etter næringsareal i året som gjekk. Dette skuldast nok delvis at næringsdrivande og utbyggerar er kjent med at vidare sal og utbygging på industriarealet på Trohaugen i Tomrefjord dei siste par åra har vore bandlagt av Statens Vegvesen i påvente av trasèval for E39 Vik-Digernes. Vestnes kommune vonar at ei slik endeleg avgjerd vert truffen snarast mogleg, slik at regulert næringsareal kan leggast ut for sal.

I Misfjordskogen vart det i 2019 klargjort 8 næringsstomter for sal. Vestnes kommune ser på denne utbygginga som ei langsiktig sikring av areal for sentrumsnær næringsverksemd. Det er ikkje seld tomter enno i dette feltet.

På Skorgeneset er det tilnærma fullt utbygd, men kommunen er i ein prosess med tilbakekjøp av ei unytta næringsstomt. Ein håper at denne vil kunne leggest ut for sal i løpet av 2020.

## Grensejustering Hjelvika og Vågstranda

---

KMD avgjorde i mars 2019 at grensejustering skulle utgreiast. I samband med utgreiinga gjorde Vestnes kommunestyre følgjande vedtak den 23.mai 2019 i sak 41/2019:

1.

*Vestnes kommunestyre rår til at det blir gjennomført ei grensejustering slik at grunnkrinsane Hjelvik og Våge i Rauma kommune blir overførte til Vestnes kommune.*

2.

*Vestnes kommunestyre ønskjer innbyggjarane i Hjelvik og Vågstranda hjarteleg velkomne som innbyggjarar i Vestnes kommune.*

Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjorde den 20.juni 2019 følgjande vedtak: *Med bakgrunn i utgreiinga til fylkesmannen og med heimel i § 6 i lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova), vedtek Kommunal- og moderniseringsdepartementet at kommunegrensa mellom kommunane Rauma og Vestnes blir justert slik at Vågstranda blir flytta til Vestnes kommune.*

Den administrative arbeidet med overføringa starta straks. Det vart oppretta ei styringsgruppe samansett av toppleiinga i begge kommunane. Det vart gjennomført kartleggingar m.a. av tenestebehov på ulike sektorar.

Etter førespørsel frå rådmannen i Rauma vart det lagt fram ei sak for Vestnes kommunestyre som gjaldt **framtidig skulegang** for elevar frå Vågstranda. Kommunestyret gjorde følgjande vedtak den 31.oktober 2019 i sak 107/2019:

1.

*Vestnes kommune ønskjer elevane på 1.- 8. trinn i Våge og Hjelvik krins velkomne som elevar ved Helland skule i Vestnes frå hausten 2020.*

2.

*Ungdomsskuleelevar i Våge og Hjelvik krins, som er elevar ved Måndalen skule skuleåret 2019/2020, får fullføre ungdomsskulen der.*

3.

*For barnehageåret 2020/2021 vil det ved hovudopptaket bli opna for at barn frå Vågstranda kan søkje om barnehageplass i Vestnes kommune. Frist for hovudopptaket er 01.03.2020. Oppstart 01.08.2020.*

4.

*Det økonomiske oppgjeret blir å kome attende til i det endelege økonomiske oppgjeret mellom Rauma og Vestnes kommunar.*

### **Kunstgrasbane:**

Den 31.oktober gjorde Vestnes kommunestyre følgjande vedtak i sak 110/2019:

*Vestnes kommunestyre godkjenner at det vert bygd kunstgrasbane på Vågstranda i regi av*

Rauma kommune i samarbeid med Vågstranda IL. Vestnes kommune dekker Rauma kommune sin andel av investeringskostnaden i oppgjeret som skal skje i forbindelse med grensejusteringa.

Føresetnaden er at Rauma kommune står som eigar av grunn og bane. Då vil Vestnes kommune overta dette frå 2021. Vidare at det er ei øvre kostnadsramme på 1,9 mill. kr, der Vågstranda IL og tippemidlar dekker ein tredjedel kvar. Vestnes kommune vil også forskottere spelemiddeltilskott frå 2021 dersom dei ikkje er utbetalt innan den tid.

## Planlegging av Helsehuset Stella Maris

---

Kommunestyret behandla 2 formelle saker knytt til planlegginga av helsehuset i 2019:

1. Godkjenning av låneopptak (KST i januar i sak 7/2019)  
Godkjent låneopptak på kr 233 830 000. Serielån med 40 års avdragstid.  
Fastrente i 10 år.

### Finansieringsplan:

Husbanken- tilskott til 64 sjukeheimplassar	113 536 000
Spelemiddeltilskott- bibliotek	7 400 000
Momsrefusjon	81 234 000
Låneopptak- kommunal andel	233 830 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>436 000 000</b>

2. Organisering av byggeperioden (KST i mars i sak 22/2019)  
Kommunestyret oppnemnde følgjande prosjektstyre:

<b>Funksjon:</b>	<b>Namn:</b>
Fungerande adm.sjef i byggeprosjektet	Kommunalsjef Magne Værholm
Byggherren sin prosjektleiar	Jon Kjetil Gram (WSP)
Byggeigar/kontaktperson	Einingsleiar Mona Janne Johansen
Brukarkoordinator	Kommunalsjef Greta Bjerke
Koordinator interne tekniske ressursar	Einingsleiar Emil Balstad
Hovudverneombod	Hovudverneombod Kirsti Skjegstad

## Skulestruktur, ny felles ungdomsskule, framtidig bruk av skulebygga i kommunen

---

Den 15.februar 2018, i KST sak 9/2018, oppretta kommunestyret eit ad hoc utval kalla skuleutvalet. Dette utvalet fekk slik samansetting:

Leiar: Bjørn Inge Olsen (Sp)

Nestleiar: Aud Marie Bergdal (Ap)

Medlemmar: Falk Daniel Lamar Øverås (H)

Gry Kristin Ødegård sidan erstatta av Lasse Øvstedal (SP)

Geir Inge Lien (Sp)

Martin Kjøpstad (V)  
Anne Marie Fiksdal (Frp)

Skuleutvalet hadde 11 møte i 2018, gjennomførte synfaringar i alle skulebygg med tilhøyrande uteområde, samt gjennomførte høyringar med administrasjon og aktuelle fagfolk. Utvalet la fram si innstilling i januar 2019.

Skulesaka prega arbeidet i kommunestyret gjennom heile året.

Følgjande møte i kommunestyret hadde saka på dagsorden på ein eller annan måte:

- Januar: Skuleutvalet la si innstilling fram for kommunestyret, og saka vart lagt ut til offentlig høyring
- Mars: Kommunestyret utsette å ta endeleg stilling til skulestruktur og framdriftsplan. Vedtok å behalde noverande struktur 2 år til
- Mai: Oversendingsframlegg ved behandling av driftsrapport. Kommunestyret ber administrasjonen halde fram planarbeidet.
- Juni: I sak om inntektsrammer for 2020. Forslag om å få saka på dagsorden att vart nedstemt.
- Oktober: Administrasjonssjefen sette saka på dagsorden att i kommuneplanens handlingsdel 2020-2023 med første skisse til økonomiplan. Dette vart akseptert av kommunestyret.

November/

Desember: Kommunestyret behandla sak:  
«Plan for renovering av skulebygga og etablering av ny skulestruktur.»  
Kommunestyret gjorde den 12. desember 2019 følgjande vedtak:

1.  
*Ungdomskulen på Helland blir renovert og samanbygd med Helland barneskule. Ungdomsskule skal nyttast som felles ungdomsskule for heile kommunen, skal ha eigen administrasjon og såleis vere administrativt skilt frå barnetrinnet.*
2.  
*Helland skule skal nytte Tresfjord skule i rehabiliteringsfasen av ungdomsskule. Elevane ved Helland ungdomsskule flyttar til Tresfjord oppvekstsenter (skuledelen) frå skuleåret 2020/2021. Elevane ved Tresfjord oppvekstsenter nyttar Helland skule i byggeperioden.*
3.  
*Administrasjonssjefen får fullmakt til å starte arbeidet med forprosjekt og engasjere prosjektleiar/firma til å bistå med dette. Byggeprosjektet skal gjennomførast som ei samspelentreprise.*
4.  
*Tomrefjord skule skal renoverast. Arbeidet kan ta til når felles ungdomsskule er etablert og elevane er overførte dit.*
5.  
*Vedtak om framhald eller nedlegging av Tresfjord og Fiksdal skular vert teke når ny ungdomsskule er nær realisering.*

6.

*Administrasjonssjefen skal utgreie lokale for Vestnes kulturskule i resterande bygningsmasse etter at Vestnes sjukeheim er riven. Undervisninga ved kulturskulen skal i størst mogleg grad desentraliserast. Planar og kostnadsoverslag skal godkjennast av kommunestyret.*

Ved årsslutt kravde mindretalet i kommunestyret v/Lasse Øvstedal (SP) lovlegkontroll av vedtaket. Kravet vart behandla av Vestnes kommunestyre den 30.januar 2020 og oversendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## Vedtekne reglement i 2019

---

- Innkjøpsreglement
- Arbeidsgjevarstrategi
- Godtgjersle for folkevalde
- Reglement for kontrollutvalet
- Plan for busetting av flyktingar
- Kommunal temaplan for idrett og friluftsliv

## Interpellasjonar, spørsmål og oversendingsframlegg 2019

---

### Det var 8 interpellasjonar til kommunestyret i 2019:

- Frå SV – Forbod mot atomvåpen
- Frå H – «Vi rydder Vestnes»
- Frå AP – Vedk innstramming av ordninga med arbeidsavklaringspengar (AAP)
- Frå AP – Fastlegeordninga – status og rekrutteringsstrategi
- Frå Frp – Bobilparkering i Vestnes sentrum
- Frå Frp – Kommunale bustadtomter i Tomrefjord
- Frå Frp og SP – Sjukehustilknytning
- Frå AP – Framtidig trafikkavvikling ved Furneset etter innføring av Autopass

### Det var 5 spørsmål til ordføraren i kommunestyret i 2019.

### Det vart vedteke 3 oversendingsframlegg i kommunestyret i 2019:

- Frå PP v/Dagfinn Wiik – vedk Startlån
- Frå AP v/Stig Holmstrøm – vedk Idèdugnad/workshop for auking av innbyggartal
- Frå AP (Suoranta) via Planutval – Veglys Trohaugen – Krogsbakken

## **Interkommunalt samarbeid**

---

Dei to siste åra har vore prega av at kommunar som har gjort vedtak om samanslåing på mange måtar har hatt «nok med seg sjølv». Vestnes ligg mellom to regionkommunar, og desse nye kommunane arbeidde også i 2019 med korleis dei skal forhalde seg til interkommunalt samarbeid i framtida. Ved slutten av 2019 synast det klart at dei fleste av dei interkommunale samarbeida vil halde fram. Det som framleis er uavklart er «maktbalansen» og dei økonomiske vilkåra for desse samarbeida.

«Maktbalansen» i selskapsavtalen i ÅRIM har fått størst fokus i 2019, og er framleis uavklart.

## **Rekruttering av ny administrasjonssjef**

---

Tone Roaldsnes meldte frå om sin avgang i mai 2019. Formannskapet leia rekrutteringsprosessen for å finne ny administrasjonssjef. Vestnes kommunestyre tilsette Kristian Skålhavn som ny administrasjonssjef den 18.november 2019.

---

## Kap 14 Økonomi og rekneskapskommentarar

---

### 14.1 Innleiing

---

Rekneskapa for 2019 er ferdig avslutta, og er ein del av denne saka. Viser til vedlagt årsrekneskap frå økonomiavdelinga i Molde (til sist i dette dokumentet). Denne gjev utfyllande informasjon, og har også mange detaljerte oversikter.

Administrasjonssjefen vil i årsmeldinga kommentere ein del forhold rundt drifta i 2019 og vise utviklinga på ein del område siste åra. Det vert også knytt ein del kommentarar til område der det er større avvik mellom budsjett og endeleg resultat.

### 13.2 Resultat

---

#### Netto driftsresultat

Dette er resultat før bruk/avsetning til fond. Dette er det offisielle resultatmålet når ein vurderer økonomisk resultat for kommunesektoren.

**Netto driftsresultat 2019 vart:**

**- kr 5 674 712,- (negativt resultat)**

Det utgjer eit negativt resultat på – 0,8 % av driftsinntektene.

Teknisk berekningsutval rår til at overskott bør være minst 1,75 % av brutto driftsinntekter.

Vi burde etter det hatt eit positivt netto driftsresultat på 12,0 mill. kr.

#### Resultat samanlikna mot budsjett

Når vi ser på rekneskapsresultatet etter bruk/avsetning til fond m.m. får vi det resultatet som gjev rettast bilete av drifta i 2019 sett opp mot kommunestyret sitt budsjettvedtak.


- Det var budsjettert med eit resultat på 0, dvs. kun balanse i drifta.
- Rekneskapa viser eit meirforbruk (underskott) på kr 1.660.082,-
- Administrasjonssjefen rår til at meirforbruket vert inndekka ved bruk av disposisjonsfond.
- Sett i forhold til brutto driftsinntekter så utgjer meirforbruket 0,2%.

## 14.3 Netto driftsresultat siste åra

	Netto driftsresultat
2008	-51 758 000
2009	11 450 000
2010	16 430 000
2011	-8 320 000
2012	32 406 000
2013	-870 000
2014	6 631 000
2015	-4 894 000
2016	1 508 000
2017	4 611 000
2018	6 971 000
2019	-5 675 000

Årsak til det "gode" resultatet i 2012 var at Vestnes kommune, i samband med inndekking av tidlegare års underskott, kjøpte aksjar for 32,0 mill. kr i VEAS. Dette vart finansiert ved sal av aksjefond (investeringsrekneskapen).

Som motyting fekk vi utbetalt tilsvarande sum i ekstraordinært utbytte. Dette vart ført som inntekt i driftsrekneskapen. Dette er årsak til høgt netto driftsresultat, reelt sett var resultatet berre 0,4 mill. kr.



Figur nr 1: Netto driftsresultat 2008 - 2019

- Netto driftsresultat har variert mykje frå år til år.
- I 2008 var det eit negativt driftsresultat på heile 51,8 mill. kr. Det vert ofte vist til at det skuldast børsfall det året. Det faktiske forholdet er at 28,0 mill. kr skuldast børsen, medan resten, nær 24,0 mill. kr, gjaldt drifta elles, spesielt meirforbruk på drifta inkl. renter og avdrag.
- Nto. driftsresultat har vore altfor lavt seinare år, det er ikkje berekraftig i lengda.

## 14.4 Inntekter

alle tal i 1000 kr	2 018	Resultat 2019		
		Rekneskap	Budsjett	Avvik
<b>Statlege overføringar</b>				
Skatt og skatteutjamning	190 674	200 330	199 000	1 330
Rammeoverføring	168 001	179 780	179 700	80
Vertskommunetilskott	104 492	104 750	104 750	0
Tilskott ressurskr. Brukarar *	29 876	34 894	32 000	2 894
Integreringstilskott	12 961	11 708	11 500	208
Havbruksfond	6 682	3 218	1 400	1 818
Komp. Eldreutb./skule/kyrkje m.m.	1 555	1 564	1 500	64
<b>Statlege overføringar</b>	<b>514 241</b>	<b>536 244</b>	<b>529 850</b>	<b>6 394</b>
<b>Andre eksterne inntekter</b>				
Utbytte VEAS	4 000	4 900	4 900	0
Eigedomsskatt	19 575	19 711	20 000	-289
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>23 575</b>	<b>24 611</b>	<b>24 900</b>	<b>-289</b>
<b>Sum eksterne inntekter</b>	<b>537 816</b>	<b>560 855</b>	<b>554 750</b>	<b>6 105</b>

\* innt. Ført fellsutg. Pleie- og omsorg

### Skatt- og skatteutjamning

Skatteinntektene var budsjettert som oppgitt i statsbudsjettet, men vart korrigert i driftsrapport pr. 1. halvår, då anslag vart auka med 7,0 mill. kr.

Skatteinngangen på landsbasis auka langt meir enn rekna med i statsbudsjettet. I Vestnes auka skatteinngangen også meir enn på landsbasis.

Skatteinntekt og skatteutjamning viser følgjande tal:

Alle tal i 1000 kr	2018	2019	Endring	
			i kroner	i %
Skatt	176 646	194 195	17 549	9,9
Inntektsutjamning	14 028	6 135	-7 893	-56,3
<b>Sum</b>	<b>190 674</b>	<b>200 330</b>	<b>9 656</b>	<b>5,1</b>
<b>Skatt i % av landsgj. snitt</b>	<b>87,7</b>	<b>93,1</b>		

- Skatt pr. innbyggjar i Vestnes er auka frå 87,7 % av landsgjennomsnittet i 2018 til 93,1 % i 2019.
- Sjølve skatteinnbetalinga i 2018 auka med heile 9,9 %, på landsbasis 4,7 %.
- Men så vart inntektsutjamninga kraftig redusert grunna at vi hadde mykje høgare skatteauke enn landsgjennomsnitt. Den gjekk ned frå 14,0 mill. kr til 6,1 mill. kr, reduksjon på 56,3 %.

## Fordeling på skatt og inntektsutjamning siste 4 år

Alle tal i 1000 kr	2015	2016	2017	2018	2019
Skatt	156 759	156 952	160 490	176 646	194 195
Inntektsutjamning	11 233	22 272	24 211	14 028	6 135
Sum	167 992	179 224	184 701	190 674	200 330
Skatt i % av landsgjennomsnitt	88,4	82,6	82,0	87,7	93,1

- I 2015 hadde vi forholdsvis god skatteinngang.
- I 2016 auka ikkje skatteinntektene i Vestnes, men auka mykje på landsbasis. Då vi fekk då 11,0 mill. kr i ekstra inntektsutjamning som kompensasjon.
- Likedan i 2017 forholdsvis låg skatteinngang hos oss.
- Så auka skatteinngangen mykje i 2018 og 2019 og ligg no på eit nivå tilsvarande 93,6 % av landsgjennomsnittet. Så høg skatteinntekt er knapt at det har vore i Vestnes tidlegare. Men samtidig er inntektsutjamninga redusert betydeleg att.
- Etter økonomisjefens vurdering er dette eit system som medverkar til at alle kommunar får «rimeleg» likt i skatteinntekter, og vi får stabil og forutsigbar inntekt.
- Auken i skatteinngang har nok samanheng med at det no er mange leigearbeidarar der skatten frå dei vert innbetalt til Vestnes kommune. Skatt og inntektsutjamning vert fordelt etter ant. innbyggjarar i kommunen. Så lenge leigearbeidarane ikkje er registrerte som innbyggjarar i kommunen er det begrensa kor stor nettoauken i skatteinntektene til kommunen vert.

### Skatteinntekter

- Skatteinntektene utgjer kr 29.712,- pr. innbyggjar. Ein auke på 10,3 % frå 2018, på landsbasis var auken 4,0 %.
- Snitt skatteinntekt pr. innbyggjar på landsbasis er kr 31.928,-
- Skatt- og skatteutjamning i Vestnes utgjer tilsaman kr 30.650,-- pr. innbyggjar som tilsvarer 96,0 % av landsgjennomsnittet.
- Dersom skatt- og inntektsutjamning i Vestnes vore lik landsgjennomsnitt, ville vi hatt ca. 8,4 mill. kr meir i inntekt.

### Tilskott ressurskrevjande brukarar

Det er inntektsført 34,0 mill. kr som krav på ressurskrevjande brukarar i 2019. Endelege krav vert utarbeidd, gjennomgått av revisjonen og sendt helsedirektoratet etter at rekneskapen er avslutta.

I 2018 hadde vi inntektsført kr 894.000,- mindre enn endeleg godkjent krav og dette vart difor inntektsført i 2019 i tillegg til årets krav.

Netto inntektsført vart då kr 34.894.000,- (kr34.000.000,- + kr 894.000,-).

Vestnes kommune har mange ressurskrevjande brukarar og dermed stort tilskott. Dette inneber også at kommunen har ein stor eigenandel som ikkje vert dekkja av tilskottet. Samla netto utgifter innanfor dette området er kr ca. 64,4 mill. kroner og vi får dekkja om lag 35,0 mill. kr. Vi får dekkja berre vel halvparten av kostnaden.

Tilskott for 2017 var kr 25.137.000,-, 2018 kr 32.884.000,-. Auken skuldast i hovudsak at fleire brukarar innan bu- og habiliteringstenestene har fått større ressursbruk enn tidlegare. Auken i tilskottet må difor langt på veg sjåast i samanheng med auken i utgiftene for denne eininga.

## **Utbytte VEAS**

Det var i utgangspunktet budsjettert med eit utbytte på 5,0 mill. kr. Når det vart kjent at utbytte vart 4,9 mill. kr vart budsjetttet korrigert i driftsrapport pr. 1. halvår 2019.

## **Asyl og integreringstilskott**

Statleg tilskott til flyktningane som er busette i Vestnes kommune sidan 2013. Tilskottet skal dekke utgiftene kommunen har.

## **Eigedomsskatt**

2019 er åttande året med eigedomsskatt. Skattesats var 2 promille fram t.o.m. 2016. Frå 2017 er eigedomsskatten auka til 4 promille.

Det er utskrive følgjande eigedomsskatt:

- |                                 |                        |
|---------------------------------|------------------------|
| • Næringseigedommar             | kr 4.275.000,-         |
| • Bustader og fritidseigedommar | <u>kr 15.437.000,-</u> |
| Sum eigedomsskatt               | <u>kr 19.712.000,-</u> |

Eigedomsskatten auka med kr 136.000,- frå 2018.

## **Havbruksfond**

Stortinget har vedteke å opprette eit Havbruksfond. Frå og med 2016 skal 80 % av inntektene frå framtidig vekst i oppdrettsnæringa fordelast gjennom Havbruksfondet til kommunal sektor (kommunar og fylkeskommunar). Fiskeridirektoratet er ansvarleg for utbetalingane.

Alle kommunar og fylkeskommunar som har lokalitetar for oppdrett av laks og aure i sjøvatn får ein respektiv andel av inntektene som skal fordelast årleg.

Det var i utgangspunktet forventet utbetaling frå fondet annakvart år. Vi fekk 6,7 mill. kr i 2018 og var budsjettert med ei utbetaling på 1,4 mill. kr i 2019. Grunna etterbetaling for nye lokasjonar/utvida kapasitet fekk vi 3,2 mill. kr i 2019.


## Eigeninntekter

Utvikling i ein del av eigeninntektene:

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Trygderefusjon ved sjukefråvær	16,2	19,7	18,6	16,3	17,4	19,2
Refusjon fødselspengar	1,9	4,2	3,9	5,5	5,2	5
Leigeinntekter bustadar	10,3	10,6	11,9	11,9	12,2	11,7
Betaling pasientar på institusjon	12,3	13,8	12,8	14,4	14,1	13,9
Årsavgift kloakk	6,7	7,4	8	8,6	8,6	8,7
Renovasjonsavgift	6,9	6,4	6,7	5,9	6,3	6,9
Betaling frå foreldre(barnehage, SFO m.m.)	10,7	11,2	10,6	11,2	11,6	11,4
Eigedomsskatt	9	9,1	9,3	19	19,6	19,7

## 14.5 Renter og avdrag

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Netto renteutg.	23 539	12 308	11 521	12 839	13 738	14 386	18 260	17 910	7 805	5 805	6 319	8 804
Avdrag *	12 944	13 875	15 708	15 662	15 566	15 803	16 886	17 867	13 356	16 340	19 645	20 280
Sum	36 483	26 183	27 229	28 501	29 304	30 189	35 146	35 777	21 161	22 145	25 964	29 084



Figur nr 2: Renter og avdrag 2009 – 2019

- I 1. halvår 2008 var renta høg etter at den begynte å auke kraftig i 2017. Når finanskrisa kom i 2. halvår 2018 gjekk renta ned att. I 2014 auka renteutgiftene grunna høgere fastrente og mykje bruk av kassekredittlån.
- I desember 2015/januar 2016 innløyste vi kraftfondet, til saman 165,9 mill. kr. Summen vart brukt til ekstra nedbetaling av lån, 112,1 mill. kr og resten 53,8 mill. kr vart brukt til nedbetaling av kassekreditt.
- Det gjer at både renter og avdrag vart mykje redusert i 2016.
- I tillegg vart inngjekk vi fastrenteavtalar på lågare rente enn dei vi hadde hatt før.
- Siste åra har renteutgiftene halde seg låg grunna lavt rentenivå.
- Frå 2017 har avdraga auka, grunna store investeringar m.a. i Tomrefjord idrettsbygg og Buktavegen.  
Avdraga vil også auke mykje i kommande år som følgje av Helsehuset Stella Maris. I 2020 vil avdraga auke til 28,0 mill. kr.

## 13.6 Finans- og gjeldsrapport

I flg. Finans- og gjeldsreglementet, som vart vedteke av kommunestyret 15. september 2016, sak KST 79/16, skal administrasjonen rapportere status for finans- og gjeldsforvaltninga til kommunestyret minst to gonger i året i tillegg til rapportering i årsmeldinga.

**Nedanfor følgjer ein oversikt over låna våre pr. 31.12.19:**

Långevar	Lånenr.	Opprinneleg beløp	Restgjeld	Rente	Rrentevilkår	Bindingstid	Nedbetalt
Kommunalbanken	20160317	109 836 000	60 854 270	1,70	Fast rente	30.06.2021	2041
Kommunalbanken	20160318	71 940 000	57 706 540	1,97	Fast rente	11.08.2023	2040
Kommunalbanken	20140358	19 063 000	14 869 140	2,69	Fast rente		2039
Kommunalbanken	20150041	29 550 000	24 231 000	1,30	P.t. rente		2040
Kommunalbanken	20120500	16 725 000	12 822 500	1,72	P.t. rente		2042
Kommunalbanken	20160342	64 649 000	54 195 402	1,76	P.t. rente		2046
Kommunalbanken	20170325	53 058 000	48 726 720	1,40	P.t. rente		2042
Kommunalbanken	20190096	249 000 000	249 000 000	2,65	Fast rente	01.02.2029	2061
KLP kommunekreditt	46847		3 667 000	2,57	Nibor-3 mnd		2024
KLP kommunekreditt	28032		63 000 000	2,50	Nibor-3mnd		2042
KLP kommunekreditt	58643	71 687 500	68 761 478	1,84	Fast rente	25.05.2021	2043
KLP kommunekreditt	19626	29 460 000	29 460 000	1,90	P.t. rente		2045
Husbanken	14603322	1 029 000	0	1,54	Flytande		2019
Husbanken	14608740	6 450 000	1 294 234	1,89	Flytande		2024
Husbanken	14612696	1 205 000	291 971	1,89	Flytande		2024
Husbanken	14615064	32 869 940	5 259 184	0,89	Flytande		2023
Husbanken	Startlån	1 000 000	355 079	1,89	Flytande		2028
Husbanken	Startlån	1 000 000	677 849	1,89	Flytande		2035
Husbanken	Startlån	6 000 000	5 199 044	1,89	Flytande		2037
Husbanken	Startlån	10 000 000	8 328 904	1,89	Flytande		2038
Husbanken	Startlån	4 000 000	3 481 596	1,89	Flytande		2039
Husbanken	Startlån	2 000 000	1 815 903	1,89	Flytande		2046
Husbanken	Startlån	3 000 000	3 000 000	1,89	Flytande		2049
Husbanken	Startlån	8 000 000	7 654 094	1,89	Flytande		2046
			724 651 908				

- 60 % av låna er knytt til fast rente med attståande løpetid på mellom 1,5 år til vel 9 år. I februar 2019 vart det inngått avtale om lån til Stella Maris med bindingstid fram til 2029. Lånerente 2,65 %, godkjent av kommunestyre i sak KST 7/19.
- Gjennomsnittleg bindingstid (vekta rentebinding) for **alle** låna er 3,73 og snitt bindingstid for låna med fast rente er 6,2 år.
- Snitt rente pr. 31.12.19 var 2,14 %. Det har vore ein svak auke frå 1,73% i slutten av 2018, auken skuldast ein større andel lån med fast rente, og noko høgre rentenivå.
- Alle låna er ordinære lån, dei fleste serielån. Det er ikkje lån i sertifikat- eller obligasjonsmarknaden.
- Vi har ingen lån som må refinansierast i løpet av dei neste 12 månadane.

#### Låna er fordelt på følgjande bankar:

	Lånesum
Kommunalbanken	522 406 000
KLP Kommunekreditt	164 888 000
Husbanken	37 358 000
	<b>724 652 000</b>


Av låna våre er:

- kr 45.718.416,- knytt til sjølvkostområda, og renter/avdrag dekt gjennom gebyrinntekter
- kr 44.116.071,- knytt til div. kompensasjonsordningar, og her dekker staten all rente og avdrag på ein del av låna
- kr 35.000.000- gjeld startlån
- ein del lån gjeld utbygging av husvære i samband med ansvarsreforma, her dekker husleigeinntekter renter og avdrag på desse låna. Vi har ikkje eigen oversikt på nøyaktig kor mykje dette utgjør.

#### Utvikling i lånegjeld

Tal i mill. kr	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Opptak av lån	1	21	16,8	26	26	31,5	72,6	53,3	71,7	280,4
Avdrag *	18,4	15,7	16,9	15,8	16,9	130,1	13,3	18	20,8	20,3
Endring	-17,4	5,3	-0,1	10,2	9,1	-98,6	59,3	35,3	50,9	260,1
Lånegjeld	393,2	398,5	398,4	408,6	417,7	319,1	378,4	413,7	464,6	724,7

- Betalte avdrag, inkl. startlån, var 20,3 mill. kr. Avdraga tilsvarte minste lovlege avdrag etter vekta levetid på anleggsmidlane.
- Ved årsskiftet var det 108,4 i ubrukte lånemidlar, inkl. startlån på 6,1 mill. kr.
- I årsskiftet var det ikkje bruk av kassekreditten. Ved utgangen av 2017 var tilsvarende tal 59,2 mill. kr, og 2018 40,8 mill. kr.



Figur nr 3: Lånegjeld 2008 – 2019

- Lånegjelda 31.12.19 var 724,7 mill. kr, det er ein auke på 260,1 mill. kr frå året før. Det gjeld i hovudsak lån som gjeld Helsehuset Stella Maris.
- I 2015 vart lånegjelda redusert med 98,6 mill. kr, dette grunna ekstra nedbetaling når vi avvikla fondsplassering.
- Netto lånegjeld pr. innbyggjar (Kostra tal) er kr 91.715,-. Fylkesgjennomsnitt er kr 81.880,- og landsgjennomsnitt kr 72.360,-.

## 14.7 Resultat på einingsnivå


	Rekneskap	2019		Avvik 2019	
	2018	Rekneskap	Budsjett	i kroner	og i %
Politisk styring	6 565	7 065	7 058	7	0,1
Sentraladministrasjonen	12 965	13 894	13 803	91	0,7
Servicekontor	2 582	2 649	2 430	219	9,0
Fellesutgifter	9 770	13 558	13 822	-264	-1,9
<b>Sum sentraladm. m.m.</b>	<b>25 317</b>	<b>30 101</b>	<b>30 055</b>	<b>46</b>	<b>0,2</b>
Fiksdal skule	5 639	6 064	5 606	458	8,2
Tomrefjord skule	26 567	26 800	26 398	402	1,5
Helland skule	34 640	37 886	37 439	447	1,2
Tresfjord skule	5 011	4 536	4 542	-6	-0,1
PPT	2 981	2 539	2 967	-428	-14,4
Fellesutgifter undervisning	10 219	10 316	9 456	860	9,1
<b>Sum grunnskule</b>	<b>85 057</b>	<b>88 141</b>	<b>86 408</b>	<b>1 733</b>	<b>2,0</b>
Tomrefjord barnehage	4 035	4 855	4 237	618	14,6
Tresfjord barnehage	2 969	3 746	3 276	470	14,3
Helland barnehage	15 175	15 876	16 015	-139	-0,9
Fiksdal barnehage	2 628	2 823	2 591	232	
Gardstunet barnehage	4 478	4 710	4 338	372	8,6
Fellesutgifter barnehagar	2 966	1 311	1 469	-158	-10,8
Private barnehagar	9 954	11 241	11 759	-518	-4,4
<b>Sum barnehagar</b>	<b>42 205</b>	<b>44 562</b>	<b>43 685</b>	<b>877</b>	<b>2,0</b>
Vestnes kulturskule	4 993	5 030	4 993	37	0,7
Kultur	2 549	3 357	3 076	281	9,1
Bibliotek	1 496	1 662	1 549	113	7,3
Frivillighetssentral	816	809	877	-68	-7,8
Kyrkjelege formål	4 897	5 199	5 030	169	3,4
<b>Sum Kultur</b>	<b>14 751</b>	<b>16 057</b>	<b>15 525</b>	<b>532</b>	
Barne-, ungdom og familie	19 814	21 397	22 554	-1 157	-5,1
Barnevern	12 589	16 762	15 578	1 184	7,6
Kvalifisering og integrering (EKI)	8 954	10 193	9 487	706	7,4
Heimetenestene	40 471	42 423	40 022	2 401	6,0
Vestnes sjukeheim	52 831	54 219	52 087	2 132	4,1
Hellandtunet	26 350	27 438	27 071	367	1,4
Fellesutgifter pleie- og omsorg	-26 557	-30 211	-27 397	-2 814	10,3
Helsevern	10 300	11 628	11 537	91	0,8
NAV - sosial kommune	6 270	6 523	6 601	-78	-1,2
<b>Sum helse, omsorg, velferd</b>	<b>109 665</b>	<b>112 020</b>	<b>109 921</b>	<b>2 099</b>	<b>1,9</b>
Bu- og habiliteringstenesta	132 851	135 659	134 053	1 606	1,2
Eigedomsdrift	29 488	3 191	2 960	231	7,8
Tekniske tenester	15 708	15 609	15 877	-268	-1,7
Kjøp tenester Tremek	2 270	2 540	2 500	40	1,6
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>505 234</b>	<b>503 297</b>	<b>495 661</b>	<b>7 636</b>	<b>1,5</b>

Viser til kommentarar tidlegare i årsmeldinga under kvart kapittel

## 14.8 Kvar bruker vi pengane

Rammeområde	tal i 1000 kr	Rekneskap 2019	i % av totalforbruket
Politisk verksemd		7 065	1,3
Sentraladm/servicektr/fellesutg		30 101	5,6
Grunnskule		88 141	16,4
Barnehage		44 562	8,3
Kulturskulen, almen kultur og fritid		16 057	3,0
Barne- og ungdomstenestene		21 397	4,0
Barnevern		16 762	3,1
Kvalifisering og integrering		10 193	1,9
Helse, omsorg og velferd *		146 914	27,3
Bu- og habiliteringstenestene		135 659	25,2
Teknisk sektor		15 609	2,9
Eigedomsdrift		3 191	0,6
Kjøp tenester Tremek as		2 540	0,5
Sum driftsutgifter		538 191	100,0

\* eks. tilskott til ressurskr. brukarar




Figurd nr 3: Her brukte vi pengane i 2019

- Helse, omsorg og velferd og Bu- og habiliteringstenestene er dei klart største sektorane i kommunen med nesten 52,5 % av kommunen sitt netto forbruk.
- Grunnskule og barnehage er dei andre store sektorane med 24,7 % av forbruket.
- Samla bruker dei sektorane som er nemnt ovanfor over 77,0 % av netto driftsutgifter.

## Utvikling siste åra

Rammeområder /tal i 1000 kr	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Endring i % 2016 - 2019
Politisk verksemd	6 330	6 523	6 565	7 065	11,6
Sentraladm/servicektr/fellesutg	28 345	27 995	25 317	30 101	6,2
Grunnskule	75 809	82 210	85 057	88 141	16,3
Barnehage	39 625	41 524	42 205	44 562	12,5
Kulturskolen, almen kultur og fritid	13 143	14 219	14 751	16 057	22,2
BUF og barnevern	31 403	29 976	32 403	38 159	21,5
Kvalifisering og integrering	10 117	10 117	8 654	10 193	0,8
Helse, omsorg og velferd	133 250	136 184	139 541	146 914	10,3
Bu- og habiliteringstenestene	113 176	121 445	132 851	135 659	19,9
Eigedomsdrift	829	2 602	3 975	3 191	284,9
Kjøp tenester Tremek AS	2 612	2 490	2 270	2 540	-2,8
Teknisk sektor	15 706	14 445	15 708	15 609	-0,6
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>470 345</b>	<b>489 730</b>	<b>509 297</b>	<b>538 191</b>	<b>14,4</b>



Figur nr 7: Utvikling i kostnadar siste 4 år

- Kultursektoren har størst auke i utgiftene siste 4 år. Mykje av dette har si årsak i at Tomrefjord idrettsbygg er ferdig rehabilitert og utgiftene her, m.a. auka husleige, auka med 0,5 mill. kr.
- Mange einingar har hatt lite eller ingen auke i utgiftene når vi korrigerer for løns- og prisauke.

## 14.9 Kva bruker vi pengane til

- **Lønsutgifter og sosiale kostnader er den klart største utgiftsposten til kommunen og utgjør over 71 % av samla driftsutgifter.**
- **For mange sektorar utgjør løn og sosiale utgifter langt høgre del av utgiftene, nemner skule med 89 %, barnehage 91 % og Bu- og habiliteringstenestene nesten 95 %.**

### Ein del av utgiftsartane våre:

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring i % 2014 - 2018
Løn faste stillingar	216,5	227,3	229,2	237,1	242,8	253,9	17,3
Arbeidsgjevaravgift	43,2	38,6	39,5	43,2	43,9	44,9	3,9
Pensjonspremie	43,7	45,1	48	48,4	48,9	50,7	16,0
Avtalefesta tillegg	33,0	32,3	32,7	34,5	37,0	40,4	22,4
Sjukevikarar	18,0	17,7	18,6	16,6	16,3	17,4	-3,3
Ferievikarar	8,3	8,1	8,4	8,7	10,9	10,4	25,3
Overtid	5,3	5,0	5,8	6,6	7,7	9,2	73,6
Løn/godtgjersle fosterheimar	5,2	6,8	5,8	6	5,8		-100,0
Brensel/ elektrisk energi	9,6	10,6	9,6	9,1	11,4	11,3	17,7
Inventar og utstyr	3,9	2,6	3,5	3,4	3,8	5,1	30,8
Private barnehagar	8,3	8,6	9,1	9,5	10,0	11,1	33,7
Kjøp reinhaldstenester	3,3	3,5	3,5	3,3	3,3	3,8	15,2
Skuleskyss	2,6	2,6	2,4	2,7	2,9	2,7	3,8

- Arbeidsgjevaravgifta vart redusert frå 01.07.14, med heilårs verknad i 2015, og det er årsak til reduksjonen. At vi har redusert arbeidsavgift betyr ein mindrekostnad på ca. 15,0 mill. kr. pr år. Likevel betalte vi i 2019 tilbake 44,9 mill. kr til staten.
- Overtidsbruken auka svært mykje, spesielt i dei to siste åra.
- Sjukevikarutgiftene har med små variasjonar vore stabile i perioden. Tatt omsyn til lønsauken i perioden er sjukevikarutgiftene redusert.
- Det vert brukt lite på kjøp av inventar og utstyr.
- Avtalefesta tillegg auka mykje i 2018 og 2019. Det har samanheng med endring i avtaleverket som gjer at desse utgiftene aukar, meir enn vi hadde teke omsyn til i budsjetta.

## 14.10 Investeringsrekneskap

---

Det er godkjent følgjande summar til investeringar i 2019:

• KST 93/18 - Investeringsbudsjett 2019	kr 35.190.000,-
• KST 91/18 - Helsehuset Stella Maris, budsjett 2019	kr 233.000.000,-
• KST 16/19 - Overførte unytta løyvingar frå 2018	kr 22.130.000,-
• KST 43/19 – Udekkta finansiering av investeringar -18	kr 24.558.000,-
• Div. interne disponeringar	kr 2.732.000,-
<b>Sum investeringsbudsjett 2019</b>	<b><u>kr 317.610.000,-</u></b>

Rekneskapen viser følgjande utgifter:

• Investeringar i anleggsmidlar	kr 289.761.770,-
• Utlån	kr 2.593.000,-
• Kjøp av aksjar og andelar *	kr 2.468.161,-
• Avsett til bunde fond m.m.	kr 2.041.264,-
• Avdrag på utlån	kr 1.165.335,-
• Dekking av tidl. års udekkta investering	kr 27.104.256,-
<b>Sum investeringsutgifter 2019</b>	<b><u>kr 325.133.785,-</u></b>

\*Aksjekjøp gjeld eigenkapitalinnskott KLP

Rehabilitering av Tomrefjord har stort meirforbruk, 6,6 mill. kr.

Elles er det utbetalt 15,0 mill. kr meir på Helsehuset Stella Maris i 2019 enn det som var antyda i budsjettet. Dette er berre er berre ei forskyvingssak og vi håper på tilsvarande mindre enn budsjettet i 2020.

Unytta løyving på 17,4 mill. kr på diverse prosjekt i 2019 er overført til 2020.

Investeringane er finansiert ved:

• Bruk av lån	kr 178.777.219,-
• Momsrefusjon	kr 52.061.885,-
• Sal av driftsmidlar og fast eigedom	kr 3.600.194,-
• Tilskott til investeringar	kr 73.413.000,-
• Mottatt avdrag på utlån	kr 12.759.193,-
• Bruk av fond	kr 4.426.095,-
• Div	kr 96.200,-
<b>Sum</b>	<b><u>kr 325.133.785,-</u></b>

Viser til årsrekneskap 2019 som har med meir informasjon om investeringsrekneskapen, m.a. note 2B som gjev oversikt over alle investeringsprosjekta.

# **Vestnes Kommune**



## **Årsrekneskap 2019**

## Innholdsliste

Økonomisk oversikt - driftsrekneskap	1	
Rekneskapsskjema 1A - driftsrekneskap	2	
Rekneskapsskjema 1B - driftsrekneskap	2	
Økonomisk oversikt - investeringsrekneskap	3	
Rekneskapsskjema 2A - investeringsrekneskap	4	
Rekneskapsskjema 2B - Investeringsrekneskap	5	
Økonomisk oversikt - Balanserekneskap	7	
<b>Notar</b>		
Note 1	Anvendte rekneskapsprinsipp	8
Note 2	Vesentlege transaksjonar/Usikre forpliktingar	8
Note 3	Spesifikasjon av endring i arbeidskapital	9
Note 4	Pensjonsføresetnader	10
Note 5	Pensjonstal	11
Note 6	Kommunale garantiar	12
Note 7	Fordringar og gjeld til interkommunale samarbeid	12
Note 8	Mellomværende med kommunale foretak	12
Note 9	Overføringar til/frå § 27 - samarbeid	12
Note 10	Aksjar og andelar	13
Note 11	Sal av aksjar klassifisert som anleggsmidlar	14
Note 12	Finansielle eigendelar og forpliktingar	14
Note 13	Strykningar	14
Note 14	Rekneskapsmessig meirforbruk	14
Note 15	Endring i rekneskapsprinsipp	14
Note 16	Avsetningar og bruk av fond	15
Note 17	Anleggsmidlar	18
Note 18	Investeringsoversikt	18
Note 19	Vesentlege overføringar mottatt til finansiering av investeringar	18
Note 20	Langsiktig gjeld og avdragstid	19
Note 21	Forklaring sjølvkosttenester og gebyrgrunnlag	20
Note 22	Sjølvkosttal	21
Note 23	Ytingar til leiande personar og kontrollorgan	23
Note 24	Kapitalkonto	24

**ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFTREKNESKAP**

	Notar	Rekneskap 2019	Revidert budsjett	Opprinneleg budsjett	Rekneskap 2018
<b>Driftsinntekter</b>					
Brukarbetalingar		26 425 946	27 775 000	27 436 000	26 800 889
Andre sals- og leigeinntekter		39 765 612	39 118 000	39 031 000	40 111 888
Overføringar med krav om motyting		97 491 528	64 835 000	64 539 000	98 034 857
Rammetilskot		185 914 103	179 700 000	180 000 000	182 029 422
Andre statlege overføringar		121 212 864	119 150 000	119 700 000	125 362 946
Andre overføringar		173 365	-	-	232 667
Skatt på Inntekt og formue		194 195 319	199 000 000	192 000 000	176 645 711
Eigedomsskatt		19 711 133	20 000 000	20 000 000	19 574 654
Andre direkte og indirekte skattar		-	-	-	-
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>684 889 871</b>	<b>649 578 000</b>	<b>642 706 000</b>	<b>668 793 033</b>
<b>Driftsutgifter</b>					
Lønsutgifter		395 627 408	377 531 138	384 683 138	389 257 901
Sosiale utgifter	5	95 790 045	97 610 750	104 348 702	93 316 279
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.prod.		94 569 873	82 195 228	85 172 228	92 347 443
Kjøp av tjenester som erstatter tj.prod.		70 222 266	69 679 952	58 011 000	57 703 538
Overføringar		27 548 463	13 045 000	12 129 000	26 265 870
Avskrivningar	17	29 227 472	29 226 000	-	26 888 067
Fordelte utgifter		(17 249 896)	(13 476 000)	(26 041 000)	(18 805 072)
<b>Sum driftsutgifter</b>		<b>695 735 631</b>	<b>655 812 068</b>	<b>618 303 068</b>	<b>666 974 025</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>		<b>(10 845 761)</b>	<b>(6 234 068)</b>	<b>24 402 932</b>	<b>1 819 007</b>
<b>Finansinntekter</b>					
Renteinntekter og utbytte		7 127 937	6 700 000	5 600 000	4 891 671
Gevinst på finansielle instrument		-	20 000	20 000	2 045
Motteke avdrag på utlån		-	30 000	30 000	3 000
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>		<b>7 127 937</b>	<b>6 750 000</b>	<b>5 650 000</b>	<b>4 896 716</b>
<b>Finansutgifter</b>					
Renteutgifter og låneomkostningar		10 904 789	11 794 000	11 200 000	6 988 135
Tap på finansielle instrument		-	-	-	-
Avdrag på lån	20	20 279 572	20 106 000	21 000 000	19 644 954
Utlån		-	-	-	-
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>		<b>31 184 361</b>	<b>31 900 000</b>	<b>32 200 000</b>	<b>26 633 089</b>
<b>Resultat eksterne finansieringstrans.</b>		<b>(24 056 423)</b>	<b>(25 150 000)</b>	<b>(26 550 000)</b>	<b>(21 736 372)</b>
Motpost avskrivningar	17	29 227 472	29 226 000	-	26 888 067
<b>Netto driftsresultat</b>		<b>(5 674 712)</b>	<b>(2 158 068)</b>	<b>(2 147 068)</b>	<b>6 970 702</b>
<b>Interne finanstransaksjonar</b>					
Bruk av tidlegare års mindreforbruk	16	1 615 589	1 616 000	-	4 162 716
Bruk av disposisjonsfond	16	-	-	-	-
Bruk av bundne fond	16	3 581 225	3 027 000	3 027 000	2 469 690
<b>Sum bruk av avsetningar</b>	<b>16</b>	<b>5 196 815</b>	<b>4 643 000</b>	<b>3 027 000</b>	<b>6 632 406</b>
Overført til investeringsrekneskapen		-	-	-	-
Dekning av tidlegare års meirforbruk		-	-	-	-
Avsatt til disposisjonsfond	13	-	1 616 000	-	8 763 716
Avsatt til bundne fond	16	1 182 185	868 932	868 932	3 223 803
<b>Sum avsetningar</b>	<b>16</b>	<b>1 182 185</b>	<b>2 484 932</b>	<b>868 932</b>	<b>11 987 519</b>
<b>Rekneskapsm. Meir-/mindreforbruk</b>		<b>(1 660 082)</b>	<b>-</b>	<b>11 000</b>	<b>1 615 589</b>

## REKNESKAPSSKJEMA 1A - DRIFTREKNESKAP

	Rekneskap 2019	Revidert budsjett	Opprinneleg budsjett	Rekneskap 2018
Skatt på inntekt og formue	194 195 319	199 000 000	192 000 000	176 645 711
Ordinært rammetilskot	185 914 103	179 700 000	180 000 000	182 029 422
Skatt på eigedom	19 711 133	20 000 000	20 000 000	19 574 654
Andre generelle statstilskot	121 212 864	119 150 000	119 700 000	125 362 946
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>521 033 420</b>	<b>517 850 000</b>	<b>511 700 000</b>	<b>503 612 732</b>
Renteinntekter og utbytte	7 127 937	6 700 000	5 600 000	4 891 671
Gevinst finansielle instrument	-	20 000	20 000	2 045
Renteutg., prov., andre finansutg.	(10 904 789)	11 794 000	11 200 000	(6 988 135)
Tap på finansielle instrument	-	-	-	-
Avdrag på lån	(20 279 572)	20 106 000	21 000 000	(19 644 954)
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>(24 056 423)</b>	<b>(25 180 000)</b>	<b>(26 580 000)</b>	<b>(21 739 372)</b>
Til dekn. tidl. regnsk.m. meirforbruk	-	-	-	-
Til ubundne avsetningar	-	1 616 000	-	(8 763 716)
Til bundne avsetningar	(1 182 185)	868 932	868 932	(3 223 803)
Bruk tidl. regnsk.m. mindreforbruk	1 615 589	1 616 000	-	4 162 716
Bruk av ubundne avsetningar	-	-	-	-
Bruk av bundne avsetningar	3 581 225	3 027 000	3 027 000	2 469 690
<b>Netto avsetningar</b>	<b>4 014 629</b>	<b>2 158 068</b>	<b>2 158 068</b>	<b>(5 355 113)</b>
Overført til investeringsrekneskapan	-	-	-	-
Til fordeling drift	500 991 626	494 828 068	487 278 068	476 518 247
Sum fordelt til drift (skjema 1b)	502 651 708	-	-	474 902 658
<b>Rekneskapsm. Meir-/±mindreforbr.</b>	<b>(1 660 082)</b>	<b>494 828 068</b>	<b>487 278 068</b>	<b>1 615 589</b>

## REKNESKAPSSKJEMA 1B - DRIFTSREKNESKAP

	Rekneskap 2019	Revidert budsjett	Opprinneleg budsjett	Rekneskap 2018
Politisk verksemd	7 065 127	7 057 525	6 699 525	7 189 115
Sentraladm/servicektr/fellesutg	30 191 887	30 154 614	37 597 614	25 454 695
Grunnskule	89 095 850	87 281 182	81 904 182	85 939 557
Barnehage	44 554 959	43 684 941	43 099 941	42 199 253
Kulturskulen, almen kultur og fritid	16 016 743	15 525 632	14 950 632	14 330 660
Kvalifisering og integrering	10 252 953	9 487 000	10 300 000	8 820 954
Barn, ungdom og familie	38 038 856	38 211 757	35 009 757	29 575 862
Helse, omsorg og velferd	111 999 048	110 257 583	110 627 583	109 890 519
Bu- og habiliteringstenestene	135 659 447	134 052 608	129 599 608	132 854 527
Eigedomsdrift	3 206 636	2 960 438	2 200 438	4 012 463
Teknisk sektor	14 072 952	13 654 788	12 777 788	13 048 803
Kjøp tenester Tremek	2 540 000	2 500 000	2 500 000	2 270 000
<b>Netto utgift sektorvis</b>	<b>502 694 458</b>	<b>494 828 068</b>	<b>487 267 068</b>	<b>475 586 408</b>
Tilskot flyktningstenesta*	(42 750)	-	-	(683 750)
<b>Sum til fordeling</b>	<b>502 651 708</b>	<b>494 828 068</b>	<b>487 267 068</b>	<b>474 902 658</b>

\*Tilskot til flyktningstenesta som ikkje er ført mot resultaområdet.

**ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERINGSREKNESKAP**

	Notar	Rekneskap 2019	Revidert budsjett	Opprinneleg budsjett	Rekneskap 2018
<b>Inntekter</b>					
Sal av driftsmidlar og fast eigedom	17	3 600 194	2 600 000	-	4 888 970
Andre salsinntekter		96 200	96 000	-	110 640
Overføringer med krav om motyting		9 810 098	-	-	207 061
Kompensasjon for meirverdiavgift		52 061 885	54 513 000	5 000 000	23 406 968
Statlege overføringer		56 768 000	-	-	-
Andre overføringer		16 645 000	-	-	-
Renteinntekter og utbytte		-	-	-	-
<b>Sum inntekter</b>		<b>138 981 377</b>	<b>57 209 000</b>	<b>5 000 000</b>	<b>28 613 639</b>
<b>Utgifter</b>					
Lønsutgifter		465 387	-	-	537 984
Sosiale utgifter		-	-	-	-
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.p.		233 586 927	285 826 000	30 600 000	109 675 523
Kjøp av tenester som erstattar tj.p.		1 315 000	1 700 000	1 700 000	1 402 007
Overføringer		52 351 885	380 000	290 000	26 406 968
Renteutgifter og omkostningar		2 042 571	-	-	1 239 336
Fordelte utgifter		-	-	-	-
<b>Sum utgifter</b>		<b>289 761 770</b>	<b>287 906 000</b>	<b>32 590 000</b>	<b>139 261 818</b>
<b>Finansstransaksjonar</b>					
Avdrag på lån	20	1 165 335	-	-	1 059 622
Utlån		2 593 000	-	-	3 490 329
Kjøp av aksjar og andelar	10	2 468 161	2 600 000	2 600 000	2 667 082
Dekning av tidligare års udekk		27 104 256	27 104 000	-	305 813
Avsett til ubundne investeringsfond	16	-	-	-	-
Avsett til bundne invest. fond	16	2 041 264	-	-	1 662 783
<b>Sum finansieringstransaksjonar</b>		<b>35 372 015</b>	<b>29 704 000</b>	<b>2 600 000</b>	<b>9 185 629</b>
<b>Finansieringsbehov</b>		<b>186 152 408</b>	<b>260 401 000</b>	<b>30 190 000</b>	<b>119 833 808</b>
<i>Dekt slik:</i>					
Bruk av lån		178 777 219	257 355 000	27 590 000	89 701 335
Sal av aksjar og andelar		-	-	-	-
Mottekne avdrag på utlån	20	2 949 095	-	-	1 662 783
Overført frå driftsrekneskapet		-	-	-	-
Bruk av tidligare års udisponert		-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	16	2 545 850	2 546 000	-	305 813
Bruk av bundne driftsfond	16	544 910	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	16	-	-	2 600 000	-
Bruk av bundne investeringsfond		1 335 335	500 000	-	1 059 622
<b>Sum finansiering</b>		<b>186 152 408</b>	<b>260 401 000</b>	<b>30 190 000</b>	<b>92 729 553</b>
<b>Udekk/udisponert</b>		<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>(27 104 255)</b>

**REKNESKAPSSKJEMA 2A - INVESTERINGSREKNESKAP**

	Rekneskap 2019	Revidert budsjett	Opprinneleg budsjett	Rekneskap 2018
Investeringar i anleggsmidlar	289 761 770	287 906 000	32 590 000	139 261 818
Utlån og forskoteringar	2 593 000	-	-	3 490 329
Kjøp av aksjar og andelar	2 468 161	2 600 000	2 600 000	2 667 082
Avdrag på utlån	1 165 335	-	-	1 059 622
Dekning av tidligare års udekka	27 104 256	27 104 000	-	305 813
Avsetningar	2 041 264	-	-	1 662 783
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>325 133 785</b>	<b>317 610 000</b>	<b>35 190 000</b>	<b>148 447 447</b>
<b>Finansiert slik:</b>		-		
Bruk av lånemidlar	178 777 219	257 355 000	27 590 000	89 701 335
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	3 600 194	2 600 000	-	4 888 970
Tilskot til investeringar	73 413 000	-	-	-
Kompensasjon for meirverdiavgift	52 061 885	54 513 000	5 000 000	23 406 968
Mottekne avdrag på utlån og ref.	12 759 193	-	-	1 869 844
Andre inntekter	96 200	96 000	-	110 640
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>320 707 690</b>	<b>314 564 000</b>	<b>32 590 000</b>	<b>119 977 757</b>
Overført frå driftsrekneskapan	-	-	-	-
Bruk av ubund inv.fond	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	2 545 850	2 546 000	-	305 813
Bruk av bundne fond	1 880 245	500 000	2 600 000	1 059 622
<b>Sum finansiering</b>	<b>325 133 785</b>	<b>317 610 000</b>	<b>35 190 000</b>	<b>121 037 379</b>
<b>Udekka/udisponert</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>(27 104 256)</b>

## REKNESKAPSSKJEMA 2B - INVESTERINGSREKNESKAP

(Beløp i 1 000 kroner)

	Prosjekt	Rekneskap 2019	Revidert budsjett	Opprinneleg budsjett	Avvik	Rekneskap 2018
<b>Sektorer: 2 Sentraladm/servicekr/fellesutg</b>						
IKT, hovudanlegget	1	340	1 500	1 500	-1 160	620
IKT samarbeid Romsdal	89	1 315	1 700	1 700	-385	1 402
Digitalisering av arkiv	233	649	637	-	12	793
Rydding og avlevering av gamle arkiv	234	-	278	-	-278	149
<b>Sum sektor: 2 Sentraladm/servicekr/fellesutg</b>		<b>2 304</b>	<b>4 113</b>	<b>3 200</b>	<b>-1 809</b>	<b>2 964</b>
<b>Sektorer: 3 Grunnskule</b>						
PC, lærarar og elevar	92	0	950	950	-950	1 491
Tomrefjord skule, klassesett stolar og pultar	293	140	150	150	-10	-
<b>Sum sektor: 3 Grunnskule</b>		<b>140</b>	<b>1 100</b>	<b>1 100</b>	<b>-960</b>	<b>1 491</b>
<b>Sektorer: 4 Barnehage</b>						
Barnehagene, bygg og uteområde	288	-	796	500	-796	-
Helland barnehage, utstyr inne	295	194	200	200	-6	-
Barnehagene, sett med datautstyr	296	-	150	150	-150	-
<b>Sum sektor: 4 Barnehage</b>		<b>194</b>	<b>1 146</b>	<b>850</b>	<b>-952</b>	<b>-</b>
<b>Sektorer: 5 Kulturskolen, almen kultur og fritid</b>						
Vestnes stadion-kunstgras	73	922	-	-	922	-
Vestnes kyrkjegard, utviding	232	-	-	-	-	3 000
Kulturskolen, interaktiv nettstad	294	-	200	200	-200	-
Frivillighetssentral, nye møbler	289	-	-	-	-	99
Turveg Rypdal-Øvstedal	302	-	-	-	-	890
Turveg Skorgenbruene-Kjellbotn	303	-	-	-	-	516
Turveg Kråkvika-Kråkneset	304	795	787	-	8	513
Vestnes fellesråd, flislegging Vike kyrkje	305	290	290	290	-	-
<b>Sum sektor: 5 Kulturskolen, almen kultur og fritid</b>		<b>2 007</b>	<b>1 277</b>	<b>490</b>	<b>730</b>	<b>5 018</b>
<b>Sektorer: 8 Helse, omsorg og velferd</b>						
Planleggingsmidlar Helse- og omsorg	143	-	-	-	-	1 531
Legesenter IKT utstyr	203	-	-	150	-	-
Fagsystem for norske institusjonssjøkjen	215	-	150	-	-150	-
Sjukesheimen, nye møblar	217	-	-	-	-	198
Oppgradering av sosialsystemet	248	-	-	-	-	175
Sjukesheim/Trygdeheim, div. utstyr	277	-	103	-	-103	-
Oppigarden, nye møblar	290	-	-	-	-	134
Velferdsteknologi	291	131	807	-	-676	193
Legesenter, div utstyr	292	-	300	150	-300	-
Sentralkjøkkenet - Melkekjøle	534	-	250	-	-250	-
<b>Sum sektor: 8 Helse, omsorg og velferd</b>		<b>131</b>	<b>1 610</b>	<b>300</b>	<b>-1 479</b>	<b>2 231</b>
<b>Sektorer: 10 Eigeomsdrift</b>						
Vestnes ungdomsskule, prosjektering	128	165	2 077	-	-1 912	1 097
Tomrefj. idr.bygg, forprosj./tilstandsanalyse	130	7 433	876	-	6 557	59 674
Trohaugen industriområde-utviding 2014	149	941	599	-	342	243
Opprusting kommunale bygg	160	-	1 016	1 500	-1 016	148
Kommunale byggjefelt, Åslia	186	258	1 057	-	-799	1 676
Bakneset, kommunalt byggjefelt	222	343	-	-	343	4 028
Tresfjord sylteråket, klargjering av tomter	223	-	-	-	-	-
Misfjordskogen, utbygging av industriområde	224	3 367	3 089	-	278	2 305
Oppgradering møterom på kommunehuset	239	952	895	-	57	-
Solstua, veranda og utemoråde	241	-	-	-	-	127
Tomrefjord skule, opprusting toalett m.m.	242	-	-	-	-	15
Ny vaktmesterbase	279	-	-	-	-	268
Barnehagane, bygg og uteområde	288	223	-	-	223	204
Kjøp/Sal diverse areal	470	111	-	-	111	197
Sal areal Bakneset	480	-	-	-	-	-
Overvannsrør Liaråket-Gjerde	499	572	-	-	572	-
Myrateigen 17 - Tilspasing til beboer	508	421	600	-	-179	496
Diverse utstyr teknisk/eigeomsdrift	509	-	-	-	-	352
